

Trålfisket i norsk fiskerinæring 1945-1960



Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Vår 2014

Øystein Bolset Strand

Trålfisket i norsk fiskerinæring 1945-1960

Masteroppgåve i historie

Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Universitetet i Bergen

Vår 2014

Øystein Bolset Strand

Forord

Det er mange som fortener ein takk for god hjelp i samband med denne oppgåva. Først vil eg takka rettleiaren min, Nils Kolle, for å ha gjeve meg ideen til å skriva om dette temaet, og for god rettleiing gjennom to år. Utan han ville ikkje denne oppgåva blitt den same. Takk òg til alle deltakarar på seminaret *På tvers av grenser*, både studentar og tilsette. Ein spesiell takk til Christian for gode innspel og samtalar om fiskerinæringa og til Espen for god hjelp i innspurten.

Eg har også fått god hjelp i arbeidet med å finna kjeldemateriale, både på Riksarkivet, Statsarkivet i Bergen, Manuskript- og librarsamlinga ved Universitetsbiblioteket og Senter for fiskeri- og havbrukshistorie på Bontelabo.

Eg vil òg takka mamma og pappa, resten av familien og alle gode vener for hjelp og støtte. Spesielt takk til Hilde Kristin, som har lese korrektur på oppgåva, og til Petra, som gav meg husrom den veka eg var på Riksarkivet. Til slutt ein takk til alle på pauserommet. Masterstudiet hadde ikkje vore det same utan den sosiale biten.

Øystein Bolset Strand

Bergen, mai 2014

Innholdsliste

Kapittel 1: Introduksjon.....	1
1.1 Innleiing.....	1
1.2 Problemstilling og avgrensing av tema.....	2
1.3 Oppbygging av oppgåva.....	3
1.4 Forskingsstatus.....	4
1.5 Kjelder.....	7
1.6 Begrepsavklaring.....	10
1.7 Metode.....	10
1.8 Bakgrunn	11
1.8.1 Trållovgeving i Noreg og debatten om tråling.....	12
1.8.2 Trålfisket fram mot 1940.....	14
Kapittel 2: I påvente av ny trålarlov.....	16
2.1 Introduksjon.....	16
2.2 Konesjonane.....	16
2.3 Kvifor vart det tildelt så mange konesjonar?.....	17
2.4 Faste konesjonar for fartøy over 50 brt.....	20
2.4.1 Tildeling av fleire konesjonar	22
2.4.2 Fisket for trålarar over 50 brt.....	26
2.5 Konesjonane under 50 brt.....	31
2.5.1 Fisket med trålarar under 50 brt.....	33
2.6 Konesjonar for silde- og brislingtrål.....	34
2.6.1 Trålsildfisket i Nordsjøen	37
2.6.2 Trålinga etter brisling.....	39
2.8 Konklusjon.....	40
Kapittel 3: Småtrålarane 1951-1960.....	41
3.1 Introduksjon.....	41
3.2 Konesjonsordninga for småtrålarane.....	41
3.3 Konesjonstildelingane mellom 1951 og 1960.....	43
3.4 Den geografiske fordelinga av småtrålararkonesjonane.....	48
3.5 Inndraginga av konesjonar – kvifor var det så få som deltok?	52
3.6 Småtrålarfisket 1951-1960.....	54
3.7 Trålinga etter torskefisk	55
3.7.1 Småtrålarane og vårtorskefisket i Finnmark	58
3.7.2 Småtrålarane som leverandørar av råstoff	64
3.8 Brislingtrålinga.....	67
3.9 Silde-trålinga.....	69
3.9.1 Silde-trålinga tek seg opp.....	72
3.9.2 Tråling etter tobis og augepål og ein svak tendens til heilårsdrift.....	76
3.9.3 Betydninga av trålfisket i Nordsjøen.....	78
3.10 Konklusjon.....	79

Kapittel 4: Stortrålarane 1951-1960.....	81
4.1 Innleiing.....	81
4.2 Stortrålarane og debatten om trålarlova.....	81
4.3 Konesjonsordninga for stortrålarane.....	83
4.3.1 Konesjonstildelingane mellom 1951 og 1960.....	84
4.4 Handsaminga av konesjonssøknadene i trålutvalet.....	89
4.5 Stortrålarfisket mellom 1951 og 1960.....	94
4.6 Stortrålar som leverandørar av råstoff – kva betydning hadde dei?.....	101
4.7 Konklusjon.....	107
 Kapittel 5: Avslutning.....	 108
 Litteraturliste:.....	 112
 Kjeldeliste:.....	 115
 Vedlegg:.....	 131
Vedlegg 1: "Skjematisk fremstilling av trålfiske".....	131
Vedlegg 2: Trålarlova av 1939.....	132
Vedlegg 3: Trålarlova av 1951.....	134
Vedlegg 4: Eigeomslova av 1950.....	136
Vedlegg 5: Oversikt over fangstfelte i Barentshavet og Norskehavet.....	137
 Abstract.....	 138

Forkorting i fotnotar:

RA= Riksarkivet

Oversikt over tabellar

Tabell 1.1 Deltaking, saltfisk tilverka av trålfangstar og totale trålfangstar (tonn).....	15
Tabell 2.1 Fartøy over 50 brt med konsesjon pr 1947.....	21
Tabell 2.2: Trålarar over 50 brt med mellombels konsesjon i perioden 1949-1951.....	24
Tabell 2.3: Deltaking og fangstmengde (tonn) for trålarar over 50 brt 1946-1951.....	27
Tabell 2.4: Trålfangstar og linefangstar i fjerne farvatn mellom 1946 og 1951 (tonn).....	28
Tabell 2.5: Klippfiskproduksjon og saltfisk frå trålarar 1946-1951 (tonn).....	29
Tabell 2.6: Trålarar under 50 tonn fordelte etter fylke/område og år.....	32
Tabell 2.7: Konsesjonar for sildetråling 1946-1951.....	36
Tabell 2.8: Deltaking og fangstar i sildetrålinga samanlikna med samla norske sildefangstar 1946-1951 (tonn).....	37
Tabell 3.1: Konsesjonar for småtråling fordelte etter storleik 1951-1960.....	44
Tabell 3.2: Konsesjonar for småtråling fordelte etter fylke 1951-1960.....	48
Tabell 3.3: Deltaking og fangstar i småtrålarfisket etter torskefisk 1952-1960 (tonn).....	56
Tabell 3.4: Deltakinga i småtrålarfisket etter torskefisk fordelt fylkesvis 1953-1960.....	58
Tabell 3.5: Torsk teke av småtrålarar og dei samla torskefangstane frå vårtorskefisket i Finnmark 1952-1960 (prosentvis andel av samla torskefangstar i parantes).....	59
Tabell 3.6: Fangstar (tonn) ved dei viktigaste felta samanlikna med dei samla småtrålarfangstane 1953 til 1960 (prosentdel av samla småtrålarfangstar i parantes).....	60
Tabell 3.7: Småtrålarfangstar fordelt på saltfisk og ferskfisk (tonn) mellom 1953 og 1960.....	65
Tabell 3.8 Deltaking og fangstar frå brislingtrålinga samanlikna med dei samla brislingfangstane 1951-1960 (tonn).....	68
Tabell 3.9: Deltaking og fangstar (tonn) i sildetrålinga mellom 1951 og 1960 fordelt på Nordsjøen og Skagerrak.....	70
Tabell 3.10: Deltaking (fartøy) og fangstar (tonn) i sildetrålinga, vintersildfisket og islandssildfisket mellom 1956 og 1960.....	73
Tabell 3.11: Fangstar av tobis og augepål (tonn) mellom 1956 og 1960.....	76

Tabell 4.1 Storrålarar fordelte etter fylke 1951-1960.....	84
Tabell 4.2 Deltaking og fangstar (tonn) i storrålarfisket mellom 1951 og 1960.....	96
Tabell 4.3 Storrålarfangstar (tonn) for kvart fangstområde samanlikna med samla norske storrålarfangstar (prosentdel av samla fangstar for kvart fangstfelt i parantes).....	98
Tabell 4.4 Samla norske fangstar av torsk, hyse og sei samanlikna med storrålarfangstar – tonn (prosentdel storrålarfangstane utgjorde av dei samla norske fangstane i parantes).....	101
Tabell 4.5 Fangstar tilverka til saltfisk og fangstar leverte ferske samanlikna med totale storrålarfangstar (tonn).....	103

Kapittel 1: Introduksjon

1.1 Innleiing

I Noreg er trålfisket ei forholdsvis ny næring. Først rundt midten av 1930-talet vart det bygd opp ein liten trålflåte i Noreg, med elleve fartøy i drift på det meste. Inspirasjonen kom truleg frå Storbritannia, som var leiande i trålfisket og hadde drive dette lenge. Dei første trålarane vekte stor debatt og trållovgjevinga vart strama inn. Ei vidare utbygging av trålarflåten vart nærast stoppa. Det hadde samanheng med dei økonomiske tilhøva på denne tida. Redsla var at ein større trålarflåte kunne utkonkurrera fiskarane og gjera dei arbeidslause.¹ Samstundes var ein også redd for at ei utvida tråldrif ville føra til liknande strukturendringar som i Storbritannia.² Der hadde fiskerinæringa blitt ei utprega reiarbasert bynæring, og trålarane var samla i få, men store senter. På slutten av 1930-talet stod til dømes trålarar frå Hull for omlag 45 prosent av dei samla torskefangstane i Storbritannia.³ Etter krigen kom trålspørsmålet oppatt på ny, denne gongen i samband med at myndigheitene satsa sterkt på å bygga ut ein filet- og fryseindustri i Nord-Noreg. I 1951 vedtok Stortinget ei ny trålarlov etter ein langvarig debatt. I Odelstinget stemte 33 representantar frå Arbeiderpartiet mot framlegget. Lova opna for å bygga ut ein trålflåte i Noreg. Det innebar likevel ikkje eit frislepp for trålinga. Trålarlova var ei konsesjonslov og sette vilkår for kven som kunne driva trålfiske. Sjølv om trålarlova var omdiskutert og motstanden mot ei liberalisering av trålfisket var stor, skjedde det ein ekspansjon i dette fisket etter at lova vart vedteken. Det vart tildelt mange konsesjonar, og ved utgangen av 1960 hadde over 550 fartøy trålkonsesjon.⁴ Dei fleste var mindre fartøy, men også 31 fartøy som vart karakterisert som stortrålarar hadde konsesjon.⁵ Samstundes hadde trålfisket vorte utvida allereie kort tid etter krigen. Trålarlova av 1939 opna for at myndigheitene kunne tildela mellombelse konsesjonar.⁶ Mellom 1946 og 1951 vart det tildelt mange slike.

Trålinga kan sjåast på som ein del av ei større utvikling innanfor fiskerinæringa i etterkrigs-tida. Tradisjonelt sett var det norske fisket eit sesongbasert kystfiske som bygde på vintersilda og dei årlege innsiga av torsk. I etterkrigstida endra biletet seg noko. Det norske fisket gjekk meir i retning av eit havfiske, og sesongfiskeria vart mindre viktige. Først og fremst fann

¹ Christensen 1991: 632-633

² Sagdahl 1973: 73

³ Robinson 1996: 151

⁴ St. meld. nr. 50 (1961-62): 3

⁵ Lova skilde mellom fartøy under 300 bruttoregister tonn og fartøy over 300 bruttoregister tonn. Sistnemnde fartøy vart kalla stortrålarar, medan førstnemnde fartøy vart kalla småtrålarar.

⁶ Lov av 17. mars 1939 om fiske med bunnsløpet (trål) § 1.4

denne overgangen stad på 1960-talet, men han byrja allereie tiåret før. Posisjonen som trålfisket har i norsk fiskerinæring i dag, kan sporast tilbake til ekspansjonen i etterkrigstida. Likevel har det vorte skrivi lite om utviklinga av trålfisket etter krigen, og det som finst av litteratur handlar stort sett om dei største trålarane. Mindre kjende er dei såkalla småtrålarane, som stod for dei fleste konsesjonane. Dette var ei svært samansett gruppe fartøy, både når det gjeld storleik og kva fiske dei dreiv. Denne oppgåva tek sikte på å gje eit bilete av trålarflåten og trålfisket slik det utvikla seg i den tidlege etterkrigstida. Forhåpentlegvis vil dette bidra til ei betre forståing av korleis dei norske fiskeria utvikla seg etter krigen.

1.2 Problemstilling og avgrensing av tema

Målet med denne oppgåva er å kartlegga og drøfta utviklinga av trålfisket i den tidlege etterkrigstida, for på den måten få oversikt over eit felt som det elles har vore skrivi lite om i forskingslitteraturen. Det sentrale spørsmålet oppgåva prøver å svara på, er dette: *Kva betydde trålfisket for utviklinga i den norske fiskerinæringa dei første femten åra etter krigen?* For å svara på dette spørsmålet er det nødvendig å kartlegga og drøfta korleis trålfisket utvikla seg. Kartlegginga inneber i hovudsak to ting. For det første må ein studera trålkonsesjonane. For det andre må ein sjå på sjølve fisket. Fiske med botntrål var konsesjonspliktig i heile perioden, både før og etter 1951.⁷ Konsesjonsordningane var rammeverket for utbygginga av trålarflåten og for trålfisket. Difor er det nødvendig å kartlegga alle trålkonsesjonane som vart gjevne. På den måten kan ein sjå korleis talet på konsesjonar endra seg, og korleis konsesjonane var spreidde geografisk. Det gjev grunnlag for ei grundig drøfting. Fartøya som hadde trålkonsesjon var trålarflåten slik han såg ut på papiret. I praksis var flåten noko mindre. Særleg blant dei mindre fartøya var det mange som ikkje nytta trålkonsesjonane sine. Sjølv om konsesjonane kan seiast å vera grunnlaget for trålfisket, er det altså ikkje nok å studera desse åleine. Eg vil difor også sjå på sjølve trålfisket. Her er fleire viktige spørsmål som må svarast på, mellom anna kor mange fartøy som dreiv med tråling, kva fisk dei tråla etter, kor trålfisket vart drive og kor store fangstar trålarane fekk. Eg undersøker også om trålinga vart drive som heilårsfiske eller sesongfiske. Der trålinga var eit sesongfiske, prøver eg også å komma med forklaringar på kva slags fiske fartøya dreiv resten av året.

Når det gjeld betydninga trålfisket hadde for utviklinga av fiskerinæringa, drøftar eg fleire moment. Eitt av dei er kor viktige trålarane var som råstoffleverandørar til fiskeindustrien.

⁷ Botntrål: Trål som vert dregen langs havbotnen

Difor ser eg på mengda råstoff trålarane stod for, samstundes som eg undersøker kva trålfangstane var brukte til og korleis dei vart tilverka. Å slå fast nøyaktig kor viktige trålarane var for fiskeindustrien er likevel ikkje lett. I tillegg drøftar eg om trålfisket var med på å endra eigedomsstrukturen i den norske fiskerinæringa, slik tilfellet hadde vore i Storbritannia. Eg undersøker også om trålarane bidrog i overgangen frå kystfiske til havfiske, som byrja på slutten av denne perioden. Samstundes drøftar eg om trålfisket førte til ei omlegging av måten fisket vart drive på i Noreg. Ved å svara på spørsmåla ovanfor håpar eg å kunna gje eit breitt og grundig bilete av korleis trålfisket utvikla seg dei første femten åra etter krigen og kva innverknad dette hadde på fiskerinæringa.

Oppgåva tar for seg utviklinga mellom 1945 og 1960. Å byrja i 1945 er naturleg fordi krigen hadde medført ein stopp i trålfisket. Det tok ikkje lang tid etter frigjeringskrigen før trålinga kom i gang att. Dei første trålarane reiste på feltet allereie vinteren 1946.⁸ Same året opna myndighetene opp for mellombelse trålkonsesjonar for tråling etter sild og brisling. Difor kan ekspansjonen av trålarflåten seiast å ha byrja allereie på dette tidspunktet. For å få fram korleis trålfisket utvikla seg er det difor nødvendig å byrja etter krigen. Undersøkinga vert stoppa i 1960. I løpet av det neste tiåret gjekk trålfisket gjennom store endringar og framstod som ganske annleis enn trålfisket som hadde vore drive tidlegare. Det vart teke i bruk ny teknologi og utviklinga i næringa gjekk i retning av færre, men større og meir spesialiserte fartøy. I trålinga etter torskefisk resulterte dette i lågare deltaking enn på 1950-talet, samstundes som fangstane vart større frå midten av 1960-talet.⁹ Silde- og brislingstrålinga endra seg også. På midten av 1960-talet var deltakinga større enn nokon sinne. Dette var truleg stort sett fartøy med flytetral, som ikkje var konsesjonspliktig. Endringane i trålfisket gjer at det er problematisk å inkludera dette tiåret i oppgåva. Trålarlovene regulerte fiske med botntrål etter fisk, og det var denne forma for tråling som var konsesjonspliktig. Reketral og flytetral var derimot ikkje omfatta av lovene. Oppgåva vil difor berre ta for seg botntrålinga, med eitt unntak. I løpet av 1950-talet kom flytetral meir i bruk i silde- og brislingstrålinga, men kjelde- materialet gjer det ikkje råd å skilja ut flytetralinga for seg sjølv.

1.3 Oppbygging av oppgåva

Oppgåva består av fem kapittel. Kapittel 2 tar for seg perioden frå 1945 til 1951, då trålarlova

⁸ Norges Fiskerier 1946: 46

⁹ "Trålernes fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 87, "Trålfiske 1968". I: *Fisket Gang* 10/1970: 188 og "Trålfiske 1969". I: *Fiskets Gang* 47/1971: 865. I 1960 fiska trålarane nesten 43 000 tonn torsk, hyse og sei. I 1969 fiska dei 132 000 tonn.

av 1939 var gjeldande. Eg presenterer først vilkåra i trålarlova av 1939 og moglegheitene lova gav til å tildela mellombelse konsesjonar. Eg stiller så spørsmål ved kvifor det vart delt ut så mange mellombelse konsesjonar og koplar dette opp mot den politiske situasjonen i Noreg, med vekt på fiskeripolitikken og marknadsforholda for fisk. I hovuddelen vert tildelingane av konsesjonar og trålfisket kartlagt og drøfta. Eg presenterer nye funn om konsesjons-tildelingane og drøftar forskjellen mellom talet på konsesjonar og kor mange som deltok i trålfisket. I kapittel 3 vert småtrålarane og småtrålinga frå 1951 til 1960 kartlagt. Den første delen av kapitlet tek for seg konsesjonstildelingane og drøftar desse. Eg stiller også spørsmål ved kvifor så mange av konsesjonshavarane ikkje deltok i trålfiske. I den andre delen ser eg på sjølvne småtrålinga. Fokuset ligg på endringar i fangstmengde, kor trålarane dreiv trålfiske og kor store delar av året dei dreiv trålfiske. Undersøkinga vil visa at småtrålinga i stor grad var eit sesongbasert fiske og at småtrålarane dreiv anna fiske i tillegg til tråling. I tillegg vert betydninga av småtrålarfisket drøfta. Eg ser i hovudsak på småtrålarane som leverandørar av råstoff til fiskeindustrien, men det vert også diskutert kva rolle småtrålarane hadde i den vidare utviklinga av fiskerinæringa. Det fjerde kapitlet tek for seg stortrålarane i perioden 1951-1960 og er oppbygd på liknande vis som kapittel tre. Tildelinga av konsesjonar vert drøfta i første del. I tillegg drøftar eg handsaminga av søknadene om stortrålar-konsesjon i trålarutvalet for å sjå om det var usemje knytt til tildelinga av konsesjonar i løpet av perioden. Sjølvne stortrålarfisket og betydninga det fekk vert kartlagt og drøfta i den andre delen. Dette vert gjort på same måte som i kapittel tre. I det siste kapitlet vil eg samla funna eg har gjort i ein konklusjon, og trålfisket vil bli sett i samanheng med den generelle utviklinga i fiskerinæringa i perioden 1945-1960.

1.4 Forskingsstatus

Den politiske debatten rundt trålarlovene er grundig undersøkt i forskingssamanheng, særleg på 1970-talet. Først ute var Johan Johansen, med hovudoppgåva si i historie *Trålfiske og trålerdebatt i 1930-årene* i 1972. For debatten etter krigen er Bjørn Sagdahl si hovudoppgåve i statsvitskap frå 1973 *Trålpolitikk og interessekamp. En studie over utformingen av norsk trålpolitikk 1930-51* svært sentral. Sagdahl føretek ein grundig gjennomgang av dei politiske prosessane rundt dei to trålarlovene på 1930-talet og lova frå 1951. Oppgåva gjev såleis eit godt innblikk i arbeidet med lovene, både på Stortinget og i komiteane som fekk i oppdrag å koma med innstilling til trålarlov. Forholdet mellom Norges Fiskarlag og regjeringa vert også drøfta. Fiskarlaget hadde tette band til regjeringspartiet og ønskte ein streng trålpolitikk. Likevel fekk ikkje Fiskarlaget fullt gjennomslag for synspunkta sine. I samband med trålar-

lova av 1951 meiner Sagdahl at dette skuldast dei næringspolitiske ambisjonane regjeringa hadde etter krigen, der oppbygginga av ein filetindustri i Nord-Noreg og ein tilhøyrande havfiskeflåte stod sentralt.¹⁰ Sagdahl brukar mykje plass på å drøfta samansetninga av komiteane og dei ulike lovframlegga. Frå eit statsvitskapleg perspektiv er dette truleg fruktbart. Frå eit historisk perspektiv kan oppgåva derimot oppfattast som noko nærsynt, der konteksten rundt trålarlovene ikkje kjem godt nok fram. Det er likevel ikkje tvil om at Sagdahl har gjeve eit viktig bidrag til forståinga av debatten rundt trålfisket.

Johan Nordgård si hovudoppgåve i historie frå 1977 *Jens Steffensen i norsk fiskeripolitikk etter 1945 med fokus på hans rolle i trålfiske- og notfiskestriden* er den tredje av hovudoppgåvene frå 1970-talet som omhandlar tråldebatten. Nordgård har eit noko anna perspektiv enn Sagdahl, då han fokuserer på rolla til Jens Steffensen i fiskeripolitikken etter krigen.¹¹ Han var ein av dei mest sentrale fiskeripolitikarane i tidleg etterkrigstid og var i tillegg mot å liberalisera trålarlova. I tillegg til å drøfta den politiske prosessen rundt trålarlova og Steffensen si rolle her, går Nordgård særleg inn på forholdet mellom Steffensen og fiskeriminister Reidar Carlsen. Dei vart ståande på kvar si side i trålspeørsmålet og forholdet mellom dei vart dårleg. Etter ei oppgjer mellom dei på landsmøtet til Fiskarlaget i 1951, gjekk Steffensen av som formann. Same året gjekk Carlsen av som fiskeriminister. Steffensen er ikkje så tilstades i oppgåva som tittelen tilseier, men ho vert likevel ikkje for lik Sagdahl. I staden drøftar Nordgård sine eigne funn opp mot Sagdahl. Til saman gjev oppgåvene til Sagdahl og Nordgård ei god framstilling av debatten rundt trålarlova av 1951, sjølv om begge kanskje vert litt for nærsynte i analysen.

Historikaren Pål Christensen drøfta bakgrunnen for trållovgevinga på 1930-talet i artikkelen *""En havenes forpester – et kjempestinkdyr". Om trålspeørsmålet i Norge før 2. verdenskrig"* i Historisk Tidsskrift i 1991. Christensen konkluderer med at det i hovudsak var sosiale spørsmål som gjorde at trålarlovene av 1936 og 1939 vart så strenge. Myndigheitene kunne ikkje risikera at ein stor flåte av trålarar utkonkurrerte vanlege fiskarar og gjorde dei arbeidslause i dei vanskelege økonomiske tilhøva.¹² Artikkelen er kort, noko som gjer at Christensen ikkje kan gå djupt inn i drøftinga. Det gjev eit meir overordna blick på tråldebatten enn hos Sagdahl. Debatten om trålarlovene er også omtalt andre stader, mellom

¹⁰ Sagdahl 1973: 164

¹¹ Steffensen var leiar i Fiskarlaget fram til 1951 og var også leiar i sjøfarts- og fiskerikomiteen frå 1945 til 1957. <https://www.stortinget.no/no/Representanter-og-komiteer/Representantene/Representantfordeling/Representant/?perid=JEST>. Nedlasta 03.04.14.

¹² Christensen 1991: 632-633

anna i hovudoppgåva til Børre Lien i historie frå 1975, *Findus og norsk fiskeripolitikk 1943-1956*. Lien ser på konsekvensane trålarlova av 1951 fekk for utbygginga av Findus i Hammerfest og drøftar også debatten om trålarlova. Årstein Svihus har skrive om trålspørsmålet på 1930-talet i tredje band av *Norges Fiskeri- og kysthistorie*. Heile verket på fem band vert gjeve ut våren 2014. Svihus viser mellom anna kor stor motstanden mot utvidinga av trålfisket var, og peikar på at mykje av motstanden dreidde seg om frykta for at kapital utanfrå skulle få innpass i næringa.¹³

Om trålarflåten og sjølve trålfisket er det skrive mindre. I 2010 gav historikaren Anders J. Jensen ut boka *Kampen om ressursene. Norsk trålfiske gjennom 80 år*. Boka er eit forsøk på ei samlande framstilling av det norske stortrålarfisket frå 1930 og fram til 2010. Jensen brukar mykje plass på debatten om trålarlovene, både i mellomkrigstida og etter krigen. Samstundes gjev han også brei omtale av mange stortrålarar. Det gjeld særleg trålarane frå Kristiansund. Sjølve trålfisket skriv Jensen derimot ikkje så mykje om. Til dømes har han ingen framstillingar av fangstmengdene stortrålarane stod for og korleis desse endra seg. Jensen har altså mykje interessant informasjon om fleire stortrålarar, men elles har boka ein del svakheiter. Framstillinga av tråldebatten er noko skeiv. Det er tydeleg at Jensen støttar forkjemparane for eit utvida trålfiske. Motstandarane vert derimot framstilt på ein lite positiv måte. Fleire stader brukar Jensen ord som "hat" for å beskriva meiningane til motstandarane av trålfisket. Tre lesarinnlegg frå debatten på 1930-talet vert til dømes omtalt slik: "Innleggene oser av hat og mistillit til kapitalistisk trålfiske. Slik tenkte det store flertall av kystbefolkningen. I de kretser var det lite rom for saklig vurdering av trålfiske."¹⁴ Framstillinga kan elles seiast å mangla ein raud tråd til tider, slik at det er vanskeleg å følgja forfattaren. Dermed er det først og fremst omtalen av dei ulike trålarane det viktigaste bidraget til forskingsfeltet.

Historikar Nils Kolle har skrive om debatten om trålarlova og trålfisket i etterkrigstida i tredje band av *Norges Fiskeri- og kysthistorie*. Debatten om trålfisket vert drøfta i det første kapitlet i bandet, som omhandlar fiskeripolitikken dei første åra etter krigen. Kolle set trålarlova i samanheng med utbygginga av ein filetindustri i Nord-Noreg etter krigen, og koplpar i tillegg trålspørsmålet opp mot eigedomslova, slik Sagdahl gjorde. Slik vert debatten om trålarlova sett inn i ein større kontekst. Avslutningsvis drøftar Kolle korleis debatten har vore framstilt tidlegare. Han meiner at sjølv om trålarlova og eigedomslova førte til at utanforståande kapital fekk tilgang til fiskerinæringa, var dette ikkje noko frislepp. Utviklinga var under

¹³ Svihus 2014: 342-344

¹⁴ Jensen 2010: 93

politisk kontroll og kystfisket heldt fram med å vera bærebjelken i næringa.¹⁵ Såleis nyanserer Kolle synet på trålarlova i forhold til tidlegare litteratur, der Fiskarlaget gjerne har blitt framstilt som ein tapande part i tråldebatten. Utviklinga innanfor trålfisket vert behandla kapitla om torskefiskeria og sildefiskeria. Kolle viser både korleis talet på konsesjonar og fangstmengdene endra seg, samstundes som han skildrar korleis stortrålarane vart viktige leverandørar av råstoff til filetindustrien i Nord-Noreg. Han drøftar også kvifor sildetrålinga ikkje vart større i Noreg. Omtalen av trålfisket inngår som ein del av ei større framstilling av fiskerinæringa i perioden. Det set trålinga inn i ein større kontekst. Samstundes fører det til at det vert lite plass til å gå grundig inn på utviklinga av trålfisket og difor er det i hovudsak dei store linjene som vert trekte opp.

Gjennomgangen viser at litteraturen har gjeve grundige analysar av debatten om trålarlovene. Det er ein viktige del av konteksten for denne oppgåva, fordi lovene er så sentrale for utviklinga av trålfisket. Samstundes kan debatten bidra til å forklara kvifor trålfisket utvikla seg slik det gjorde. Litteraturen bidreg mindre når det gjeld trålarflåten og trålfisket. Kolle gjev eit overordna bilete av trålfisket og hjelper såleis til med å sjå trålfisket i samheng med utviklinga i resten av fiskerinæringa. Jensen bidreg først og fremst med informasjon om ein del stortrålarar og om trålarbyen Kristiansund. Det er nyttig for å forstå rolla denne byen spelte i trålfisket både før og etter krigen. Samstundes er det heilt klart grunnlag og behov for ei nærare studie av korleis trålfisket utvikla seg etter krigen.

1.5 Kjelder

Fordi det finst lite litteratur om temaet for oppgåva har det vore nødvendig å nytta eit stort kjeldemateriale. Materialet kan delast i tre grupper: Ulike offentlege dokument og statistikk-samlingar, avisartiklar og materiale frå Fiskeridepartementets og Fiskeridirektoratets arkiv. For åra 1952 til 1960 er kjeldematerialet stort sett rikhaldig. Då gav Fiskeridirektoratet ut eigne årsmeldingar for trålfisket, samstundes som det vart utarbeidd årlege stortingsmeldingar om tildelinga av trålkonsesjonar. For åra 1945 til 1951 er det mindre kjeldemateriale, og ein del av det som finst er noko ufullstendig. Til dømes har det vore vanskeleg å få ei oversikt over alle konsesjonstildelingane desse åra. Det finst heller ikkje fangstoversikter for alle dei ulike formene for trålfiske som vart drive mellom 1945 og 1951. Kjeldetilfanget betrar seg altså etter at trålarlova av 1951 vart vedteken. Samla sett er det likevel ikkje eit stort problem å finna kjelder til å beskriva korleis trålfisket utvikla seg. Noko vanskelegare er det å finna

¹⁵ Kolle 2014a: 414-415

kjelder som kan forklara kvifor trålfisket utvikla seg slik det gjorde.

Dei årlege stortingsmeldingane om trålkonsesjonar gjev eit detaljert bilete av konsesjons-tildelingane og gjer at ein kan sjå korleis talet på konsesjonar endra seg frå år til år. Forarbeida til trålarlova av 1951 er òg viktige kjelder. Det gjeld særleg innstillinga frå Rasjonaliseringskomiteen (1949) og odelstingsproposisjonen frå 1950 om lova. Desse gjev informasjon om intensjonane og bakgrunnen for lovframlegget, men også om tilstanden i fiskerinæringa og i trålfisket på tidspunktet dei vart skrivne. Dermed er dei viktige kjelder for å kartlegga trålarane og trålfisket mellom 1945 og 1950. Det statistiske grunnlaget i oppgåva er henta frå årsmeldingane om trålfisket i *Fiskets Gang* og *Norges Fiskerier*. Begge to vart utgjevne av Fiskeridirektøren. Årsmeldingane om trålfisket inneheld mykje informasjon. Samtlege fangstar er oppgjevne og fordelte etter fiskeart, det er opplyst kor fangstane er tekne, i kva fylke dei er tekne i land, og kor mykje fisk som vart ført i land kvar månad, for å nemna noko. I tillegg kjem opplysningar mellom anna om deltakinga i trålfisket, gjennomsnittleg driftstid og gjennomsnittlege fangstar. Ei ulempe med meldingane er at dei berre omhandlar trålinga etter torskefisk. Sildetrålinga i Nordsjøen er ikkje teken med. Det er også ei viss usikkerheit knytt til talmaterialet i meldingane, noko Fiskeridirektoratet opplyste om. Det gjeld både deltakinga i fisket og fangstane. Direktoratet rekna med at fangstmengdene for småtrålarane var omlag 5-10 prosent høgare enn talmaterialet opplyser om. Eg har likevel brukt talmaterialet slik det er oppgjeve, fordi det er vanskeleg å fastslå nøyaktig kor store fangstmengdene eigentleg var.

Norges Fiskerier var ein årleg publikasjon i serien Norges Offisielle Statistikk, og vart gjeve ut for første gang i 1868. Publikasjonane gjev detaljert statistikk om heile fiskerinæringa, mellom anna når det gjeld fangstar, deltaking og tilverknad av ulike fiskeprodukt. Mykje av fokuset ligg på dei store sesongfiskeria, men også andre fiskeri, deriblant trålfisket, vert omtala. Det gjer det mogleg å setja trålfisket inn i eit større bilete og samanlikna det med andre fiskeri. *Norges Fiskerier* er den viktigaste kjelda til deltaking og fangstar i sildetrålinga og brislingtrålinga gjennom heile perioden. Frå åra 1945 til 1952 er det også den viktigaste kjelda til trålfisket etter torskefisk. Eg har også nytta fiskeriteljingane frå 1948 og 1960 for å sjå korleis talet på fiskefartøy endra seg i løpet av perioden og for å samanlikna storleiken på trålarflåten med den samla fiskeflåten. Begge teljingane vart utførte av Statistisk Sentralbyrå. Fiskeriteljingane inneheld elles store mengder informasjon om fiskarane som yrkesgruppe. Med eit så stort talmateriale som fiskeriteljingane opererer med, kan det oppstå feil. Det kan

til dømes skuldast ufullstendige opplysningar. Statistisk sentralbyrå meinte likevel at talet på fiskefartøy skulle vera nøyaktige. Det er knytt større usikkerheit til ein del andre opplysningar i teljingane, men desse har ikkje særleg relevans for denne oppgåva.

Eg nyttar ein del avisartiklar i oppgåva. Mange av dei kjem frå *Fiskaren*, som var den viktigaste fiskeriavisa i perioden. Eg har gått gjennom nesten samtlige årgangar av denne avisa frå 1949 til 1960.¹⁶ I tillegg har eg nytta klipparkiva til Fiskeridepartementet og Fiskeridirektoratet, som ligg på Senter for fiskeri- og havbrukshistorie i Bergen. Desse inneheld avis-klipp frå svært mange norske aviser, og gjev såleis eit breiare perspektiv enn *Fiskaren*. Nokre avisklipp er henta frå Fiskeridepartementets arkiv ved Riksarkivet. Det kan vera problematisk å bruka avisartiklane som kjelder til korleis trålfisket vart drive. Til dømes er det mange artiklar som gjev inntrykk av at deltakinga i trålfisket var mykje høgare enn tala frå Fiskeridirektoratet tilseier. Eg har difor prøvd å unngå å bruka artiklane på denne måten. Derimot er avisene gode kjelder til korleis trålfisket vart oppfatta i samtida. Til dømes oppstod det fleire gongar diskusjonar i avisene om korleis trålfisket burde drivast. Det gjeld særleg sildetrålinga i Nordsjøen som også fekk auka merksemd i avisene etter at vintersildfisket svikta.

Fiskeridepartementets arkiv ved Riksarkivet er svært rikhaldig. Her ligg mellom anna alle trålkonsesjonar som vart utdelte. Desse inneheldt sjølve konsesjonspapira, søknadene og korrespondanse mellom fiskeridepartementet og fiskeridirektøren, som kom med innstilling til kvar søknad. I nokre tilfelle ligg også ved korrespondanse mellom søkjar og fiskeridirektøren eller fiskeridepartementet. Eg har gått gjennom samtlige konsesjonar mellom 1951 og 1960. Stortingsmeldingane om trålkonsesjonane gjev ei god oversikt over konsesjonstildelingane. Difor har gjennomgangen av konsesjonane først og fremst vore viktig for å eit innblikk i kvifor folk søkte konsesjon og i sjølve søknadsprosessen. Nokre av søkjarane opplyste kvifor dei ønskte trålkonsesjon. Det er viktig at desse opplysningane ikkje vert brukt på ein generaliserande måte, altså at det éin søkjar skriv vert brukt til å forklara kvifor mange personar søkte konsesjon. Samstundes er det fleire søkjarar som har oppgitt liknande grunnar til at dei ønskjer å driva trålfiske. Desse kan vera med på å forklara auken i konsesjonar mellom 1951 og 1960. Søknadene om stortrålkonsesjon vart handsama i eit eige trålutval. Referata frå handsamingane ligg stort sett ved konsesjonane. Desse har vore viktige for å sjå om det var knytt usemje til tildelinga av stortrålkonsesjonar. Arkivet til Fiskeridirektoratet, som ligg på Statsarkivet i Bergen, er også rikhaldig. Arkivet har først og fremst vorte brukt til

¹⁶ Unntaket er årgangane 1952 og 1953, som ikkje er tilgjengelege ved Universitetsbiblioteket i Bergen.

å finna kjeldemateriale om perioden frå 1946 til 1951, i tillegg til å komplettera referata frå trålutvalet. Arkivet inneheld mykje korrespondanse mellom Fiskeridirektoratet og Fiskeridepartementet, mellom anna om utøvinga av trålarlovene. Desse fortel kva haldningar fiskerimyndigheitene hadde til lovverket. Det var til tider usemje om tildelinga av mellombelse konsesjonar etter trålarlova av 1939 frå 1946 og framover. Arkivet har vore svært viktig for å finna informasjon om dei mellombelse konsesjonane som vart tildelte mellom 1946 og 1951. Ved hjelp av desse har eg funne ut at det vart tildelt fleire konsesjonar enn det som har vore opplyst i litteraturen tidlegare.

1.6 Begrepsavklaring

Eg nyttar ein del begrep som er så sentrale for oppgåva at det er nødvendig å avklara dei innleiingsvis. Det første av desse er *konsesjon*. Nynorskordboka definerer dette som eit "løyve frå offentleg styresmakt til å drive ei viss verksemd eller gjere visse store kjøp".¹⁷ Dette er dekkande for trålkonsesjonane, som var eit løyve frå myndigheitene til å driva trålfiske på visse vilkår. Eit anna begrep er *bruttoregistertonn*, som er ei måleining for storleiken på eit fartøy. Eg nyttar forkortinga *brt* i oppgåva. Trålarlova av 1939 sette grensa mellom småtrålarar og stortrålarar til 50 bruttoregistertonn (brt), medan trålarlova av 1951 sette grensa til 300 brt.¹⁸ Der ikkje anna er nemnt, brukar eg *stortrålar* om fartøy over 300 brt og *småtrålar* om fartøy under 300 brt, i tråd med trålarlova av 1951. Reiskapen *trål* skil seg ein del frå andre fiskereiskapar. Trålen er forma som ein notpose og vert dregen gjennom vatnet eller langs havbotnen av eit fartøy. I oppgåva brukar eg *trål* som eit synonym for botntrål, altså for ei trålnot som vert dregen langs havbotnen. Stort sett var det denne forma for trål som vart brukt mellom 1945 og 1960. Fartøya sette og drog trålen inn på styrbord side. Dette vart kalla *sidetråling*. Både små- og stortrålarane dreiv sidetråling.¹⁹ Ikkje før på 1960-talet kom dei første *hekktrålarane*, som set ut og dreg trålen over hekken.

1.7 Metode

Mykje av oppgåva byggjer på talmateriale frå *Norges Fiskerier* og *Fiskets Gang*. Ein viktig del av arbeidet med oppgåva har såleis gått ut på å bearbeida dette talmaterialet, ved å stilla det opp i tabellar og i nokre tilfelle gjera omrekningar frå lite brukte måleiningar som tønner, skjepper eller hektoliter, til tonn. Samstundes har det vore nødvendig å bruka kjeldekritikk for

¹⁷ <http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=konsesjon&nynorsk=+&ordbok=nynorsk> Nedlasta 28.04.14

¹⁸ 50 brt tilsvarar eit fartøy på omlag 65 fot, medan eit fartøy på 300 brt er omlag 130 fot.

¹⁹ Sjå vedlegg 1.

å undersøka statistikken, særleg for å finna ut kor pålitelege tala er. Det knyter seg nokre problem til noko av talmaterialet, i hovudsak det som er henta frå *Norges Fiskerier*. Ein del av dette er innrapport til Fiskeridirektoratet frå dei ulike salslaga i landet. Her er det til dømes ein viss fare for dobbelrapportering av både deltaking og fangstar frå eit fiske. Materialet frå *Fiskets Gang* er basert på innsendte fangstoppgåver frå trålarane. Gitt at trålarane sendte inn riktige opplysningar, skal dette talmaterialet vera påliteleg. Kjeldekritikk blir òg brukt på kjeldematerialet som ikkje er statistisk. Eit døme er avisartiklar og lesarinnlegg, der ein må sjå på intensjonen til forfattaren og samstundes under kva tilhøve teksten vart skriven. Det same gjeld stortingsdokument og korrespondanse mellom Fiskeridirektoratet og Fiskeridepartementet i høve tildeling av ulike konsesjonar. Komparasjon er også viktig i oppgåva, særleg for å undersøka betydninga av trålfisket. I den samanhengen er det nødvendig å samanlikna til dømes fangstane frå trålfisket med fangstar frå andre former for fiske eller dei samla norske fiskefangstane. Dette blir gjort gjennom heile oppgåva. I tillegg er det i nokon grad nødvendig å samanlikna den norske stortrålarflåten med utanlandske trålarflåter. Det er med på å gje eit bilete av det samla fiskepresset i Barentshavet på 1950-talet.

1.8 Bakgrunn

Tråling er ei gamal form for fiske, men det var først frå 1880 og framover trålinga verkeleg fekk eit gjennombrot. Det skuldast i hovudsak to ting: overgang frå segl til damp og omlegging frå bomtrål til ottertrål.²⁰ Storbritannia var førande i denne utviklinga. Dampmotoren gav trålarane mykje større rekkevidde og gjorde også fisket mindre vêravhengig. Det gjorde det mogleg for trålarane å utvida driftsområda sine kraftig. Ottertrålen kunne lagast i mykje større dimensjonar og enn bomtrålen, samstundes som han også kunne brukast på djupare vatn.²¹ Overgangen til dampskip og ottertrål førte til ein kraftig auke i fangstkapasitet. Damptrålarane danna grunnlaget for ekspansjonen i trålfisket utover på 1900-talet, og teknologien var i bruk heilt til hekktrålarane kom rundt 1960. Rett nok vart trålarane større og fekk kraftigare maskiner, men i prinsippet var teknologien den same frå 1890 til 1950.²²

I Noreg kom trålen i bruk dei siste åra av 1800-talet, først til reketråling i Oslofjorden, seinare også til tråling etter botnfisk. Det skjedde langs Skagerrakkysten og på kysten av Sunnmøre. Noko stort fiske var det ikkje snakk om. Thor Iversen rekna med at omlag 15 fartøy tråla etter

²⁰ Iversen 1937: 12-14

²¹ I ein bomtrål vart trålnota halden opa av ein trestokk (bom). I ein ottertrål vert nota halden opa av to otterbord, eller tråldører, som verte dregne ut til sida når fartøyet går framover. Sjå vedlegg 1.

²² Robinson 1996: 96. Etterkvart fekk ein del trålarar dieselmotorar i staden for dampmaskiner.

fisk på Skagerrakkysten, og at det var omlag 10-11 små trålarar på Møre. Fartøya var små, berre 20 til 30 brt og var motordrivne.²³ Dette fisket skilde seg såleis frå tråling slik det vart drive i England, både ved at fartøya var mindre og motordrivne, og ved at det i hovudsak var drive i kystnære farvatn. Tidleg på 1900-talet vart dei første damptrålararane innkjøpte til Noreg, men det var vanskeleg å få til ei lønnsam drift.²⁴ Først på 1930-talet klarte norske trålarar å driva med overskot. Det skuldast at ein av trålararane la om frå å levera ferskfisk til å tilverka fangsten til saltfisk ombord.²⁵ Etter dette vart det kjøpt inn fleire større trålarar til Noreg, og på det meste var elleve fartøy i drift. Samstundes oppstod ein debatt om kor vidt trålfiske skulle vera lov å driva for norske fartøy.

1.8.1 Trållovgeving i Noreg og debatten om tråling

I Noreg hadde det vore forbod mot å driva trålfiske innanfor territorialgrensa heilt sidan 1908. Lova var først og fremst mynta på utanlandske trålarar, som på dette tidspunktet hadde byrja å fiska langs norskekysten og i Barentshavet. Trålinga førte til problem for norske fiskarar. Mange fekk line- og garnbruka sine øydelagde etter at trålarar hadde køyrd over reiskapane med trålnøtene sine. I 1925 vart det difor vedteke ei ny trålarlov med strengare straffar for ulovleg tråling.²⁶ Norske fartøy stod framleis fritt til å driva tråling utanfor territorialgrensa.²⁷ Då den norske trålarflåten ekspanderte dei første åra på 1930-talet, oppstod det raskt protestar. I følgje Bjørn Sagdahl var fiskarane først og fremst redde for å bli utkonkurrerte av trålararane.²⁸ På denne tida var det sett ned ein komite som skulle sjå på korleis ein kunne betra lønnsmda i næringa. Komiteen fekk i oppgåve å sjå på kor vidt trålfiske burde bli forbode for norske fartøy.²⁹ Det må sjåast i samanheng med tilhøva i fiskerinæringa på denne tida. Pål Christensen har hevda at fisket vart hardare ramma av den økonomiske krisa enn andre næringar i Noreg. Eksporten til utlandet var liten, og fiskeprisane var låge. Samstundes vart fisket brukt som naudarbeid av svært mange.³⁰ Det hjelpte heller ikkje for lønnsmda at skreifisket enkelte år på 1930-talet gav dårlege fangstar. Særleg ille var det i 1935 og 1936.³¹ Spørsmålet om korleis det norske trålfisket skulle regulerast var såleis eit sosialt spørsmål. For fiskarar som sleit med dårlege prisar, låge fangstar og vanskelege eksportvilkår kunne det

²³ Iversen 1937: 52, 55-56

²⁴ Jensen 2010: 12-13

²⁵ Christensen 1991: 627

²⁶ ibid: 623-625

²⁷ Lov av 22. mai 1925 om forbud mot fiske med bunnsløpenot (trål). Reketråling kom ikkje inn under lova.

²⁸ Sagdahl 1973: 37-38

²⁹ ibid: 38-39

³⁰ Christensen 1991: 631

³¹ Norges Fiskerier 1929: 74-75, Norges Fiskerier 1930: 8-9, Norges Fiskerier 1937: 26-27. I 1935 vart det fiska 75 700 tonn skrei, i 1929 191 500 tonn. Frå 1931 til 1934 var utbyttet mellom 106 000 og 136 000 tonn.

bli ein økonomisk katastrofe dersom ein stor trålarflåte byrja å levera store mengder torsk og pressa prisane. Faren var at fiskarane vart utkonkurrerte av trålarane, og kasta ut i arbeidsløyse. Samstundes hadde utbygginga av trålarflåten gått svært fort. På få år hadde elleve større fartøy byrja med trålfiske. Såleis kunne ein sjå for seg at trålarflåten på lenger sikt kunne bli endå større.

Fleirtalet i komiteen ønskte ei konsesjonsordning for trålarar, og ville forby trålarane å levera ferskfisk. Mindretalet ville ha eit forbod mot norske trålarar. Både fiskeridirektøren og handelsministeren gjekk inn for at trålfisket burde konsesjonsregulerast med bakgrunn i at ein ytterlegare ekspansjon i trålfisket ville føra til overproduksjon, prisvanskar og vanskelege forhold for kystfiskarane.³² Etter framlegg frå Sjøfarts- og fiskerikomiteen på Stortinget vart lovframlegget strama inn. Trålfiske skulle vera forbode. Dei trålarane som allereie var i drift, kunne få dispensasjon til å halda fram, men skulle berre levera saltfisk eller klippfisk. Samstundes ville komiteen at lova skulle vera mellombels, fordi ein meinte at konsekvensane av trålfisket var for lite utgreidd.³³ Framlegget vart vedteke utan særleg diskusjon. Det sette ein stoppar for ei utviding av trålarflåten. Lova skulle gjelda til 1. juli 1937.³⁴ I praksis vart ho gjeldande til 1939, mellom anna fordi arbeidet med å få på plass ei ny lov tok lang tid.

Arbeidet med å få på plass ei permanent lov byrja hausten 1936, då det vart sett ned ein ny komité. I innstillinga var komiteen delt i tre. Dei to første ønskte ei konsesjonsordning for trålarane. Den tredje grupperinga ville framleis ha eit forbod mot trålarar over 50 brt, med unntak av dei som allereie hadde rett til å tråla. Derimot gjekk dei med på ei konsesjonsordning for trålarar under 50 brt. Grupperinga var urolege for konsekvensane ei utvida tråldrifft ville føra til, og meinte at kystdistrikta i Nord-Noreg ville bli skadelidande og kanskje avfolka etter kvart.³⁵ Fiskerimyndigheitene såg også at utviding av trålfisket kunne føra til vanskar for kystfiskarane, og peika på dei negative konsekvensane trålfisket hadde hatt for kystfisket i England. Dei ville avgrensa talet på trålkonsesjonar til elleve, som var talet på fartøy som hadde fått konsesjon etter 1936-lova.³⁶ Fleirtalsframlegget i Sjøfarts- og fiskerikomiteen på Stortinget følgde fiskerimyndigheitene i at berre elleve fartøy skulle få konsesjon. På dette tidspunktet var det ni trålarar i drift. Nye fartøy som fekk konsesjon skulle vera eigde av aktive fiskarar. Fleirtalet ville òg at regjeringa skulle ha moglegheit til å tildela

³² Sagdahl 1973: 41, 43-45

³³ *ibid*: 46-47

³⁴ Midlertidig lov av 16. juli 1936 om fiske med bunnsløpenot (trål)

³⁵ Sagdahl 1973: 66-67

³⁶ *ibid*: 72-73

mellombelse konsesjonar dersom marknadsforholda var gunstige.³⁷

I Odelstinget vann fleirtalsframlegget fram og utvidinga av trålarflåten vart lagt på is. Trålarar under 50 brt vart også konsesjonspliktige, men det var ikkje avgrensa kor mange som kunne få konsesjon. Den strenge lova må sjåast på bakgrunn av dei sosiale konsekvensane ei utviding av trålfisket kunne få. Ein var redd for at ei utviding på sikt kunne føra til strukturendingar i næringa, ved at utanforståande kapital kom inn og trengde ut fiskarane. Dermed ville mange fiskarar bli tvungne ut av næringa. Dei som vart att ville måtta gå inn som arbeidstakarar på trålarar og såleis mista posisjonen som frie yrkesutøvarar som sjølve eigde båt og bruk. Dette var ei tilsvarande utvikling som i England. Redsla for at dette skulle skje var nok størst blant dei som ville forby trålfiske heilt. Jens Steffensen kalla trålsaka eit spørsmål om "kystens befolknings eksistens" i 1938.³⁸ Myndigheitene må også ha sett at ei storstilt satsing på trålfiske kunne føra med seg slike problem. Desse problema vart dessutan forsterka av den økonomiske krisa. Så lenge arbeidsløysa var stor, kunne ein ikkje gjennomføra store strukturendringar i fiskerinæringa. Dersom trålfisket førte til at mange fiskarar vart overflødige, ville dei i realiteten verta kasta ut i arbeidsløyse, for det var stor mangel på arbeid. Dei sosiale konsekvensane av eit utvida trålfiske kunne altså bli store.

1.8.2 Trålfisket fram mot 1940

Trålfiske i større skala kom altså i gang i Noreg på byrjinga av 1930-talet. Frå 1936 vart trålfisket er teke med i fiskeristatistikken som Fiskeridirektoratet gav ut.³⁹ I forhold til kor mange dei var, stod trålararane over 50 brt etter kort tid for ganske store fangstar. Dei første åra trålararane var med i fangststatistikken, vart det berre opplyst kor mange tonn saltfisk dei hadde tilverka, men ikkje kor mykje råstoff dette tilsvarte. I 1939 kom ein meir detaljert statistikk om trålararane i *Norges Fiskerier*. Denne gav også opplysningar om trålfisket i 1937 og 1938.

³⁷ *ibid*: 77

³⁸ *ibid*: 70. Steffensen var formann i Fiskarlaget.

³⁹ Dette gjeld berre trålararane over 50 brt. Eg har ikkje funne opplysningar om fangstane for trålararane under 50 brt. Ut i frå talet på slike trålarar, kan ein likevel ikkje rekna med at fangstane utgjorde særleg store kvantum.

Tabell 1.1 Deltaking, saltfisk tilverka av trålfangstar og totale trålfangstar (tonn)

År	Deltaking	Tilverka til saltfisk	Totale trålfangstar
1936	11	4 865	-
1937	8	8 441	15 350
1938	9	9 045	16 415
1939	9	6 515	11 763
1940	3	537	999

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1936, 1939 og 1940

Fram til 1938 var fangstane aukande. Nedgangen i 1939 kan truleg tilskrivast krigsutbrotet i september. Det same gjeld fangstane i 1940, som vart tekne før den tyske invasjonen. Både i 1937 og 1938 førte trålarane i land betydelege mengder saltfisk. I 1938 stod trålarane for meir saltfisk enn linefartøya som fiska i fjerne farvatn.⁴⁰ Det viser at trålarane truleg var viktige for fiskerinæringa. I 1939 kom omlag ti prosent av all saltfisk frå trålarane. I åra før var truleg prosentdelen endå større, fordi torskefangstane elles var låge. Det var klippfiskbedrifter som eigde dei fleste trålarane. Difor gjekk truleg det meste av trålfangstane til klippfisktilverknad. For desse bedriftene må trålarane ha bidrege til å sikra gode tilførselar av råstoff. Samstundes kunne trålarane levera fisk store delar av året. Det førte til meir stabile driftsvilkår for klippfiskbedriftene. Okkupasjonen i 1940 førte til at trålfisket vart innstilt, og ikkje kom i gang att før etter krigen. Trålflåten fekk også merka påkjenningane ved krigen. Då freden kom var nokre av trålarane av seinka og fleire var nedslitne etter å ha vore brukt i militærtjeneste.

⁴⁰ Årsberetning vedkommende Norges fiskerier 1938 VI: 132-133. Trålarane føretok 75 fangstturar dette året, linefartøya føretok 358 turar.

Kapittel 2: I påvente av ny trålarlov

2.1 Introduksjon

Trålarlova frå 1939 fekk i første omgang berre verka eitt år. Det norske trålfisket opphøyrdet etter at Noreg vart invadert og okkupert våren 1940.⁴¹ Fleire av trålarane vart øydelagde i krigshandlingar i løpet av krigen og då freden kom hadde Noreg ikkje lenger ein fungerande trålarflåte. Likevel kom fleire av trålreiarane frå før krigen i gang att med fisket ganske fort. I løpet av dei neste åra delte departementet ut mange trålkonsesjonar, både mellombelse og faste. Det gjorde at talet på fartøy med trålkonsesjon vaks kraftig dei neste åra, og i 1951 hadde totalt 189 fartøy konsesjon⁴². Samstundes som det vart opna for mellombelse konsesjonar, arbeidde myndigheitene med å få på plass ei ny trålarlov. Denne vart vedteken i 1951. Innanfor trålfisket gjekk det altså føre seg to parallelle prosessar dei første åra etter krigen. Den første prosessen er den gradvise auken i konsesjonar, og den andre er arbeidet med trålarlova. I dette kapitlet ser eg på konsesjonstildelingane og trålfisket mellom 1945 og 1951. Å kartlegga av konsesjonstildelingane inneber å finna ut kor mange fartøy som fekk konsesjon, korleis desse fordelte seg geografisk og korleis talet på konsesjonar endra seg i løpet av perioden. Eg freistar òg å finna ut kor store fartøya var og kven som eigde dei. Dessutan vil eg drøfta bakgrunnen for konsesjonstildelingane. Kvifor vart det delt ut så mange konsesjonar og kva ønskte styresmaktene å oppnå med tildelingane? Det andre målet med kapitlet er å kartlegga sjølve trålfisket i denne perioden. Her vil eg sjå på kor mange av konsesjonsinnehavarane som faktisk deltok i trålfisket, og kor store fangstar trålarane fekk. Dessutan drøftar eg kva betydning trålfisket hadde for fiskerinæringa.

2.2 Konsesjonane

Etter trålarlova av 1939 kunne det tildelast konsesjon til elleve fartøy over 50 brt. Det var identisk med talet på trålarar då den mellombelse trålarlova av 1936 vart vedteken. Fartøya som hadde fått konsesjon etter 1936-lova og hadde drive fiske i 1938, fekk behalda desse etter 1939-lova.⁴³ Fartøy under 50 brt som ønskte å tråla, måtte søka departementet om løyve. Desse fartøya var under langt mindre kontroll enn trålarane over 50 brt. Trålarar under 50 brt kunne tilverka fisken slik dei ville, og talet på konsesjonar var heller ikkje avgrensa.⁴⁴

⁴¹ Det gjeld fartøya over 50 brt. Eg har ikkje funne fangsttal for fartøy under 50 brt, men det er mogleg at nokre av dei fiska langs kysten under krigen.

⁴² St. meld. nr. 75 (1953): 4

⁴³ Lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål): § 1

⁴⁴ ibid

Sjølv om trålarlova av 1939 i utgangspunktet var ei streng lov, var det mogleg å dela ut mellombelse konsesjonar. Det tredje og fjerde leddet i lova gav det ansvarlege departementet og regjeringa vide fullmakter. Lova gav ingen restriksjonar på kva slags fiskeartar ein kunne tråla etter, men all fisk som vart fanga med trålarar over 50 brt måtte tilverkast som saltfisk eller klippfisk. Fiskeridepartementet kunne likevel gje løyve til at fisken kunne tilverkast på andre måtar dersom marknadsforholda tilsa det.⁴⁵ I løpet av 1947 fekk trålarane løyve til å levera fisk til frysing og etter kvart til ising. Året etter vart det slutt på alle restriksjonar. Dermed stod trålarane fritt til å levera fangsten til den tilverknaden ein ønskte. Liberaliseringa vart grunngeven nettopp med dei gode marknadsforholda.⁴⁶ Særleg var det behov for frosen torskefilet som skulle eksporterast til Sveits og USA.⁴⁷ Regjeringa kunne tildela mellombelse konsesjonar på same grunnlag:

Såfremt dekning av tilståtte salgskvoter eller forsyning av fisk til frie markeder tilsier det, kan Kongen for et eller flere havområder og for et kortere eller lengere tidsrum gi tillatelse til fiske med bunnslepenot og anvendelse av fangsten utover det som er fastsatt i denne paragrafs annet og tredje ledd.⁴⁸

Det sentrale i desse tilfella var altså marknadsforholda. Dersom forholda på marknaden gjorde at ein kunne forsvara å utvida trålfisket, stod regjeringa fritt til å gjera det på mellombels basis. Den første utvidinga kom allereie i mars 1946, då det vart opna for eigne konsesjonar til trålfiske etter sild. Same året vart det opna for eigne konsesjonar for tråling etter brisling.⁴⁹ Begge desse formene for konsesjon var mellombelse og vart gjevne med heimel i paragrafen ovanfor. Frå mai 1949 vart det i tillegg opna for mellombelse konsesjonar til tråling etter alle typar fisk, også denne gongen med heimel denne paragrafen. I løpet av få år vart det tildelt mange mellombelse konsesjonar. På det meste hadde truleg omlag 250 fartøy trålkonsesjon. Dei fleste av desse var anten fartøy under 50 brt, eller dei galdt berre for sildetråling. Men også meir enn 20 fartøy over 50 brt fekk konsesjon for tråling etter alle typar fisk.

2.3 Kvifor vart det tildelt så mange konsesjonar?

Tildelinga av konsesjonar må sjåast i samanheng med situasjonen etter krigen. Hausten 1945 fekk Arbeiderpartiet fleirtal aleine i det første valet etter krigen, og danna regjering. Etter

⁴⁵ ibid

⁴⁶ Ot. prp. nr. 25 (1950): 4

⁴⁷ Telegram frå Fiskeridepartementet til Fiskeridirektøren 07.06.1948 Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b

⁴⁸ Lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnslepenot (trål): § 1

⁴⁹ Ot. prp. nr. 25 (1950): 4

valet fekk landet sin første fiskeriminister, Reidar Carlsen frå Nordland. I første omgang vart Carlsen minister med ansvar for fiskerisaker under Handelsdepartementet. Frå første juli 1946 vart han minister for det nyoppretta Fiskeridepartementet. Dermed fekk ein to fiskerifaglege miljø i Noreg, eitt ved Fiskeridepartementet, og eitt ved Fiskeridirektoratet i Bergen. Carlsen vart sitjande til Gerhardsen-regjeringa gjekk av i 1951.⁵⁰ Opprettinga av fiskeridepartementet er eit døme på at den nye regjeringa ønskte å føra ein offensiv fiskeripolitikk. Det arbeidet starta allereie i London under krigen. Då vart det utarbeidd ein større plan for gjenreisinga av Finnmark og Nord-Troms etter frigjeringa, den såkalla Londonplanen.⁵¹ Planen inneheldt også ein fiskeridel, som i hovudsak bygde på eit dokument utarbeidd i det okkuperte Noreg. Fiskerikontoret i Forsynings- og Gjenreisingsdepartementet gjekk så gjennom planen og gjorde enkelte endringar.⁵² Sjefen for fiskerikontoret i dette departementet var Klaus Sunnanå. Han kom til å bli ein svært sentral person i fiskeripolitikken dei neste 25 åra. I 1948 vart han tilsett som ny fiskeridirektør, ei stilling han hadde fram til 1973.⁵³ Sentralt i planen stod oppbygginga av ein fryse- og filetindustri og frosen filet var sett på som eit framtidsretta produkt. Håpet var at dette produktet skulle opna nye marknader for norsk fisk.⁵⁴ Spørsmålet om utvida trålfiske vart ein sentralt problem i denne samanhengen. Planen la vekt på at fryse- og filetindustrien hadde behov for jamnare tilførsler av råstoff enn kystfisket kunne gje. Det har fått historikaren Børre Lien til å hevda at Londonplanen var ein "sterk premissgiver i argumentasjonen for et utvidet norsk trålfiske".⁵⁵ Han hevdar at jamnare tilførsler av råstoff ville medføra ei utviding av trålfisket. Samstundes var matbehovet i Europa stort etter krigen. Det førte til gode vilkår for å utvida fiskerinæringa i Noreg.

Hausten 1946 tok Fiskeridirektoratet initiativ til å setja ned eit utval som skulle drøfta problema med trålfiske i Noreg. Direktoratet hadde allereie i februar sendt brev til fleire organisasjonar innanfor fiskerinæringa med spørsmål om korleis dei stilte seg til ein revisjon av trålarlova. Av svara som kom inn, var samtlege einige om at trålfisket måtte utvidast. Unntaket var Fiskarlaget, som motsette seg at lova vart teken opp att til ny vurdering. Det er tydeleg at direktoratet ønskte ein gjennomgang av lova, for det vart ikkje teke hensyn til Fiskarlaget sitt syn. I staden meinte direktoratet at ein måtte "gå ut fra at Norges Fiskarlag ikke vil protestere mot at spørsmålet om en revisjon av trålerloven blir utredet på et saklig og

⁵⁰ Christensen 2003: 22-23, 27-28

⁵¹ Finstad 2005: 70

⁵² ibid: 70-71

⁵³ Nordstrand 2000: 277

⁵⁴ Kølbe 2014a: 405-406

⁵⁵ Lien 104-105

faglig grunnlag".⁵⁶ 7. november 1947 vart det så oppnemnd ein komité med mandat til å sjå på om det norske fisket vart drive rasjonelt og om det burde gjerast lovendingar eller andre tiltak for å endra på dette.⁵⁷ Komiteen vart kalla Rasjonaliseringskomiteen og fekk i praksis i oppgåve å sjå på trålarlova. Dette vert også stadfesta av komiteen sjølv.⁵⁸ I 1949 leverte komiteen si einaste innstilling, som gjorde framlegg om ei ny trålarlov. Med Londonplanen og nedsetjinga av denne komiteen vart dermed trålspørsmålet på ny introdusert i norsk fiskeripolitikk.

Fiskerimyndigheitene ønskte heilt klart å utvida trålfisket. Særleg fiskeridirektør Sunnanå var ein eksponent for ei utvida tråldrif. Han hadde vore med på å utarbeida Londonplanen, og gjekk inn for fleire trålarar allereie før han vart fiskeridirektør. I 1947 erklærte han at det burde gjevast 40 trålkonsesjonar for fartøy over 50 brt, både for å skaffa nok råstoff til fiskeindustrien og for å rasjonalisera fisket og frigjera arbeidskraft til anna industri.⁵⁹ Rune Slagstad kallar Sunnanå ein moderniseringsstrateg og hevdar det var han som utarbeidde framlegget til ny trålarlov i 1950.⁶⁰ Fiskeriminister Carlsen var også for ei modernisering av fiskerinæringa.⁶¹ Det viser også Odelstingsproposisjonen om trålarlova. Samstundes ser han ut til å ha tvilt seg fram til eit standpunkt for å utvida trålinga. Fleire gonger stilte han spørsmål ved lønnsemda i trålfiske. I august 1950 uttalte han at "Noe må gjøres for å øke fangsten, men det nytter ikke å gå til utvidet tråldrif. I dag er trålfiske etter torsk ulønnsomt."⁶² Til slutt gjekk Carlsen likevel inn for at tilgangen til trålfiske skulle utvidast.

Samstundes som myndigheitene arbeidde med ei ny trålarlov, opna dei altså for tildeling av mellombelse konsesjonar. Desse tildelingane framover mot 1951 må sjåast i samanheng både med dei gode marknadsforholda, Londonplanen, utbygginga av frysefiletindustrien og behovet for råstoff som dette medførte. Truleg var myndigheitene klare over at arbeidet med den nye lova ville ta lang tid. Samstundes må dei ha sett det som viktig å utvida trålfisket allereie før den nye lova vart vedteken, for å utnytta dei gode vilkåra som oppstod etter krigen. Skulle ein få auka tilførslane av råstoff var ein avhengig av ei utviding av fisket. Det galdt særleg for frysefiletindustrien, som var avhengig av jamne tilførselar av råstoff. Dei

⁵⁶ "Norsk trålfiske" Skriv frå fiskeridirektoratet til fiskeridepartementet 21.10.1946. Fiskeridirektoratets arkiv boks 137.1/2.

⁵⁷ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål) (1949): 3

⁵⁸ ibid: 3

⁵⁹ "Trålfisket bør aukast frå 8 til 40 konsesjonar". *Bergen Arbeiderblad* 28.juni 1947.

⁶⁰ Slagstad 1998: 285

⁶¹ Christensen 2003: 26

⁶² "Trålfisket er ikke lønnsomt i dag". *Fiskaren* 10.08.1950

mellombelse trålkonsesjonane opna for ei slik løysing, der råstoffbehovet kunne bli dekkja, samstundes som som trålfisket vart gradvis utvida utan at lova vart revidert. Ein kan òg spørja om tildelingane av konsesjonar fram til 1951 delvis var ein del av eit politisk spel om den nye trålarlov. Konsesjonstildelingane viste at lova ikkje var tilpassa realitetane i fiskerinæringa og at det var behov for ei lov som kunne fanga opp interessa frå fiskarane og la dei få moglegheit til å driva med trålfiske dersom dei ønskte det. Moglegheita til sjølv å prøva ut ulike fiskemetodar argumenterte fiskeridirektøren sterkt for i odelstingsproposisjonen om ei ny trålarlov. Han meinte at dette prinsippet var så viktig at det måtte gjelda sjølv om det kunne medføra endringar i strukturen i fiskerinæringa.⁶³ Den store interessa for mellombelse konsesjonar viste òg at trålarlova av 1939 var moden for utskifting og at ein trengde ei lov som var meir førutseieleg for fiskarane. Desse forholda var plukka opp og brukt i den politiske debatten. Då framlegget til ny trålarlov vart handsama i sjøfarts- og fiskerikomiteen argumenterte mindretalet med at den aukande interessa for trålfiske hadde vist at lova var forelda og ikkje gav moglegheit til ekspansjon i næringa.⁶⁴ Tildelinga av dei mellombelse konsesjonane hadde likevel ikkje avgjerande tyngde i den politiske debatten.

2.4 Faste konsesjonar for fartøy over 50 brt

I 1939 var det ni fartøy over 50 brt som hadde trålkonsesjon. Under krigen vart fem av dei rekvirerte av den tyske marinen. Berre tre av dei overlevde krigen.⁶⁵ Tre trålarar vart frakta til England og rekvirerte av Royal Navy. To av dei vart seinka, medan den tredje kom tilbake til Noreg hausten 1945. Den siste av trålarane vart brukt som bergingsbåt under krigen.⁶⁶ Fire av dei norske trålarane over 50 brt gjekk altså tapt i løpet av krigen. Myndighetene meinte at eigarane som hadde tapt fartøya sine skulle få behalda konsesjonen dersom dei ville gå til innkjøp av eit nytt fartøy. Lova sette derimot som krav at nye fartøy måtte vera norskbygde for å få konsesjon. Like etter krigen var det ikkje mogleg å få tak i store norskbygde fartøy. Difor vart det gjort ei endring av lova, slik at eigarane kunne erstatta tapte trålarar ved å kjøpa inn fartøy frå utlandet. Vilåret var at trålaren som skulle erstattast var gått tapt etter 1. september 1939.⁶⁷ Dei tre selskapa som hadde mista trålarane sine, nytta seg av dette og erstatta fartøya sine med utanlandske trålarar. A/S Nordhavet hadde to trålarar i 1939, men hadde selt den eine til England etter 1. september. Departementet meinte at dette salet hadde

⁶³ Ot. prp. nr. 25 (1950): 11

⁶⁴ Innst. O. I -1951: 11

⁶⁵ Dei fem var "Angle", "Borgenes", "Kelt", "Ertnan" og "Svalbard 2". "Borgenes" grunnstøytte og sank i 1940, medan "Kelt" vart seinka i 1941. "Ertnan" og "Angle" vart leverte tilbake raskt etter krigen. "Svalbard 2" vart ikkje levert tilbake før i 1949.

⁶⁶ Jensen 2010: 106-113 og 137.

⁶⁷ Ot.prp.nr. 25 (1950): 9-10

vore frivillig, og trekte konsesjonen inndregen.⁶⁸ Det tok tid å få kjøpt inn erstatningsfartøya. "Nordhav 1" vart kjøpt i 1946, men selt vidare allereie i 1948.⁶⁹ "Kelt" og "Borgenes" vart innkjøpte i 1947. A/S Heinsa leigde inn trålararen "Syrian medan dei venta på å få i stand "Borgenes".⁷⁰ I 1947 hadde dermed åtte fartøy trålkonsesjon.

Tabell 2.1 Fartøy over 50 brt med konsesjon pr 1947

Trålar	Eigar	Heimstad	Tonnasje
Angle	Astrup & Co	Kristiansund	428
Børtind	Nordland Fiskeeksport A/S	Bodin	368
Svalbard II	A/S Nordland Havfiske	Bodin	301
Kelt	A/S Bergens Fiskeriselskap	Bergen	562
Nordhav I 1)	A/S Nordhavet	Kristiansund	360
Ertnan	A/S Harstad Trålselskap	Harstad	244
Trawl I	A/S d/s Vestfart	Bodin	163
Borgenes	A/S Heinsa	Kristiansund	481

Kjelder: Ot. prp. nr. 25 (1950): 21, St.meld. nr. 75 (1953): 5 og Jensen 2010: 139

1) Nordhav I vart selt i 1948

Konsesjonane var konsentrerte på nokre få stader. Tre av dei høyrde heime i Kristiansund. Kommunen Bodin i Nordland hadde også tre konsesjonar. Ein kan også merka seg er eigarstrukturen. Heile sju av åtte selskap er oppførte som aksjeselskap. Dei tre selskapa frå Kristiansund var alle involvert i tilverknad av fisk. Den største aksjonæren i A/S Nordhavet var firmaet Halfdan Backer A/S, som dreiv med klippfiskeeksport. Også Astrup & Co A/S og Heinsa A/S var i klippfiskbransjen. Det same var Nordland Fiskeeksport A/S i Bodin.⁷¹ For desse selskapa må involveringa i tråldrif ha vore eit forsøk på vertikal integrering der målet var å skaffa seg kontroll også på tilførselen av råstoff. På den måten kontrollerte selskapa heile produksjonskjeden av klippfisk, frå råstoff, via produksjon til eksport.

⁶⁸ ibid: 10

⁶⁹ Jensen 2010: 138

⁷⁰ ibid: 139, 142-143, "Konsesjon for fartøy over 50 tonn brutto. A/S Heinsa, Kristiansund N" Brev frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 06.08.1947 og "Midlertidig konsesjon for fiske med bunnsløpenot med leiet fartøy. D/T "Syrian" av Ålesund." Brev frå Fiskeridepartementet til Fiskeridirektøren 21.12.1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁷¹ Jensen 2010: 15, 19, 40, 43, 70 og 73.

2.4.1 Tildeling av fleire konsesjonar

Sidan lova sette ei grense på 11 trålarar, var det tre ledige konsesjonar. Desse vart lyste ut i 1946 og tildelte same året. Interesse for desse konsesjonane var stor. Anders Jensen hevdar at det var 61 søkjarar til dei tre konsesjonane. I følgje Odelstingsproposisjon nr. 25 frå 1950 var det 58 søkjarar.⁷² Jensen har også ei oversikt over korleis søknadene fordelte seg geografisk. Dersom denne stemmer, kom åtte av søknadene frå Nord-Noreg og to frå Sør-Trøndelag. Frå Møre og Romsdal skal det ha kome heile 29 søknader. Frå Sogn og Fjordane kom det tre søknader, og frå Hordaland/Bergen sju. Frå Rogaland kom elleve og frå Oslo kom det éin søknad.⁷³ Det ser ut til at det i første rekkje var vestlendingar som ønskte å gå inn i trålfiske. Dei tre konsesjonane vart til slutt tildelt Trålfiskernes Andelslag, brødrene Ole og Petter Myrseth m.fl. og Hadseløya Fiskersamvirkelag.⁷⁴ Dei to første høyrde til i Kristiansund, medan Hadseløya Fiskersamvirkelag var heimehøyrande på Melbu. Departementet bestemte sjølv at Trålfiskernes Andelslag skulle få konsesjon, medan dei to andre konsesjonane vart tildelt etter innstilling frå direktoratet. Alle tre var anten andelslag eller fiskarsamvirke. For direktoratet hadde dette vore ein føresetnad i innstillinga.⁷⁵ Dermed fekk ein ny type eigarstruktur innpass i trålfisket. Også fiskarlaget kunne etter kvart godta denne typen eigarskap.⁷⁶ Konsesjonane vart likevel ikkje gjort varige. I staden fekk dei tre mellombelse konsesjonar. I følgje fiskeridirektøren var årsaka at fartøya var for gamle.⁷⁷ I tillegg vart Ytre Rolløya Fiskarsamvirkelag tildelt ein konsesjon i 1948. Denne vart tildelt som mellombels erstatning for "Trawl 1", som endå ikkje var komen i drift att etter krigen.⁷⁸ Med denne tildelinga var alle dei tilgjengelege konsesjonane i bruk. Ytre Rolløya Fiskarsamlag hadde også vore blant søkjarane i 1946.⁷⁹

Allereie året etter, i 1949 ønskte departementet å tildela mellombelse konsesjonar, slik § 1.4 opna for. I februar dette året fekk direktoratet eit telegram frå departementet med beskjed om å undersøka om det fanst fartøy som kunne starta trålfiske snarast mogleg. Departementet grunn gav dette med at fangstane i torskefisket såg ut til å bli dårlege.⁸⁰ Håpet var at fleire

⁷² ibid: 142 og Ot.prp.nr.25 (1950): 10

⁷³ Jensen 2010: 142

⁷⁴ Ot.prp.nr 25 (1950): 10

⁷⁵ "Ledige konsesjoner" Skriv frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 11.10.1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁷⁶ "Norges Fiskarlag endrer syn i trålersaken." *Sunnmørsposten* 15.08.1947

⁷⁷ Ot.prp.nr.25 (1950): 10

⁷⁸ "Trålkonsesjon for A/S D/S Vestfart, Bodin, med D/S Trawl 1". Skriv frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 03.01.1948. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁷⁹ "Ledige konsesjoner" Skriv frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 11.10.1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁸⁰ Telegram frå Fiskeridepartementet til Fiskeridirektoratet 09.02.1949. Fiskeridirektoratets arkiv, boks137.1/3b

trålarar ville kunna auka torskefangstane. Truleg hang redsla for låge fangstar saman med det dårlege fisket året før. Etter to gode år i 1946 og 1947 vart det fiska berre 199 000 tonn torsk i 1948. Det var ein nedgang på over 100 000 tonn frå året før. Særleg hadde lofotfisket vore dårleg.⁸¹ Med ambisjonar om ei storstilt utbygging av filet- og fryseindustrien, var denne råstoffsituasjonen svært uheldig. Men særleg for den eksisterande fiskeindustrien må mangelen på torsk ha betydd vanskelege forhold. Til dømes gjekk produksjonen av klippfisk ned nesten 18 000 tonn frå 1947 til 1948, medan tørrfiskproduksjon gjekk ned frå vel 16 000 tonn til 10 000 tonn.⁸² 6.mai 1949 fekk Fiskeridepartementet ved kongeleg resolusjon fullmakt til å avgjera tildelingar av mellombelse konsesjonar.⁸³

I løpet av året vart det tildelt 12 konsesjonar. 1. januar 1950 var det dermed registrert 24 trålkonsesjonar for fartøy over 50 tonn.⁸⁴ Dette talet vert brukt i forskingslitteraturen for å illustrera bruken av mellombelse konsesjonar. Hos Bjørn Sagdahl framstår det som om alle dei 16 mellombelse konsesjonane vart tildelt etter kgl. res 6.mai 1949.⁸⁵ Det stemmer ikkje heilt. Dei fire konsesjonane ovanfor var tildelt før dette, men vart fornya med heimel i resolusjonen. Dermed var det berre 12 mellombelse konsesjonar som vart tildelt mellom 6.mai 1949 og 1.januar 1950. Ein av desse var det ikkje skaffa fartøy til. I løpet av 1950 og byrjinga av 1951 vart det i tillegg delt ut konsesjon til minst sju andre fartøy. Av desse er berre "Møretrål"-båtane omtalte i litteraturen. Totalt kan ein såleis rekna med at det vart tildelt i alle fall 23 mellombelse konsesjonar. Tabellen gjev ei oversikt over fartøya som hadde konsesjon mellom 1949 og 1951. Merk at sannsynlegvis hadde ikkje alle konsesjon samstundes. Dei 15 første var registrerte pr 1.januar 1950, medan dei sju siste fekk konsesjon i løpet av 1950 eller 1951.

⁸¹ Norges Fiskerier 1948: 27, 43 og 45

⁸² Norges Fiskerier 1950: 73

⁸³ Ot.prp.nr.25 (1950): 21

⁸⁴ Ot.prp.nr.25 (1950): 21. A/S Nordhavet hadde framleis konsesjon, men mangla fartøy etter at dei selde "Nordhav 1".

⁸⁵ Sagdahl 1973: 104-105

Tabell 2.2: Trålarar over 50 brt med mellombels konsesjon i perioden 1949-1951 1)

Trålar	Eigar	Heimstad	Tonnasje
Honningsvåg	Trålfiskernes Andelslag	Kristiansund, Møre og Romsdal	487
Syrian	Hans S. Haram 2)	Gåseide, Møre og Romsdal	287
Motind	Hadseløya Fiskersamvirkelag	Melbu, Nordland	330
Nord-Rollnes	Ytre Rolløya Fiskarsamvirkelag	Nordrollnes, Troms	338
Chr. Bjelland	Chr. Bjelland & Co	Stavanger, Rogaland	341
Halstein	Th. Øverland A/S	Kristiansund, Møre og Romsdal	475
Solnes 3)	Hans Storås	Bergen	225
Ramoen	Knut Vartdal	Vartdal, Møre og Romsdal	268
Ullasund	G. Longva	Longva, Møre og Romsdal	370
Solbryn	Mons Spjelde	Bergen	72
Toftholm	Olaf Torsvik	Torsteinsvik, Hordaland	78
Skarvøy II	Knut Skarvøy	Vevang, Møre og Romsdal	97
Reidun	Harald Falnes	Skudeneshavn, Rogaland	173
Sloman	Karsten og Martin Markussen	Bergen	178
Jøkul	Partrederiet Jøkul	Syvdsbotten, Møre og Romsdal	146
Møretrål I	A/L Møretrål	Kristiansund, Møre og Romsdal	630
Møretrål II	A/L Møretrål	Kristiansund, Møre og Romsdal	630
Onyx	J.L. Eltvik	Måløy, Sogn og Fjordane	137
Eystein	L.A Sjong	Måløy, Sogn og Fjordane	117
Håløygen	Anton Arvesen	Engenes, Troms	65
Bergalf	Ole J. Jørgensen	Honningsvåg, Finnmark	76
Svithun	Chr Bjelland & Co	Stavanger, Rogaland	123

Kjelde: Ot.prp.nr 25 (1950): 21, St.meld. nr 75 (1953): 5-10, St. meld. nr. 105 (1954): 5, konsesjon for: "Møretrål I" og "Møretrål II" 23.april 1951, "Onyx" 12.april 1950, "Eystein" 4.januar 1951, "Bergalf" 19.februar 1951. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b. "Håløygen" 11.januar 1951, "Svithun" 1.april 1950 og Vikingnes 10.desember 1949. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2

1) I tillegg til desse hadde Norsk Sjømannsforbund i Kristiansund ein konsesjon som dei ikkje hadde fartøy til.

2) Haram hadde tidlegare leigd ut Syrian til brødrene Myrseth, men overtok etter kvart konsesjonen deira og dreiv fartøyet sjølv.

3) Vikingnes overtok konsesjonen til Solnes, som havarete i ein brann.

Storleiken på fartøya varierte mykje. Dei fire trålarane som hadde fått konsesjonane før 1949, var alle store fartøy. Det same var fleire av fartøya som fekk konsesjon seinare. Desse skulle dermed vera i stand til å auka fangstkapasiteten og torskefangstane. Men fleire av fartøya var mindre enn 100 brt, noko som var lite for ein trålar. "Solbryn" var berre 72 brt, og "Håløygen" var endå mindre. Det synast merkeleg at det vart gjeve konsesjonar til så små fartøy dersom målet var å få auka torskefangstane. Både lastekapasiteten og fangstkapasiteten gjorde at så små fartøy ikkje ville auka fangsmengdene mykje i forhold til større trålarar. Truleg fekk dei konsesjon fordi dei hadde moglegheit til å starta trålfisket ganske raskt, slik meininga med tildelingane var. Det var sannsynlegvis ikkje så mange fartøy som hadde utstyr og moglegheit til det. Likebehandling spela også ein rolle. "Skarvøy II" fekk konsesjon fordi "Solbryn" allereie hadde fått det, sjølv om både departementet og direktoratet meinte at slike fartøy var minste laget for tråling.⁸⁶

Tabellen viser at trålfiske først og fremst var interessant for vestlandsfiskarar. 18 av desse konsesjonane var heimehøyrende på vestlandet. Ni av dei var frå Møre og Romsdal. To fartøy kom frå Sogn og Fjordane, fire frå Hordaland/Bergen og tre var frå Rogaland. Berre fire konsesjonar høyrde til i Nord-Noreg. Medrekna dei åtte opprinnelege konsesjonane, var Møre og Romsdal det klart største trålfylket i landet. Fire av fartøya i tabellen høyrde til i Kristiansund. Såleis hadde også fartøy frå andre delar av fylket fått innpass i trålfisket. Ut i frå storleiken tilhøyrde nokre av dei havfiskeflåten i fylket, som mellom anna dreiv sildefiske ved Island og linefiske ved Bjørnøya og Vest-Grønland. Eit av desse var "Ramoen", eigd av Knut Vartdal. Han hadde allereie i november 1947 gått inn for at havfiskeflåten måtte få driva trålfiske. I eit intervju med Bergens Tidende hevda han at linene deira vart øydelagde av utanlandske trålarar og at behovet for omlegging var stort: "Skal flåten komma i arbeid og gjera nytte for seg, må det verta høve til å bruka dei same reidskapar som utlendingane."⁸⁷ Vartdal var ikkje redd for overproduksjon av torsk dersom havfiskeflåten fekk driva trålfiske. I staden meinte han at "Spursmålet er om norsk lov skal hindra oss i å driva den næring me hev drive gjennom lange tider, og som berre hev vore til gagn for landet."⁸⁸ To år seinare fekk Vartdal det slik han ønskte.

Eigarforholda for desse trålarane var òg ganske annleis enn dei opprinnelege konsesjonane.

⁸⁶ "Søknad om tråltillatelse for "M/K Skarvøy II" Brev frå fiskeridepartementet til fiskeridirektøren 21.09.1949. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

⁸⁷ "Havfiskeflåten dømd til å gjeva upp". *Bergens Tidende* 26.11.1947. Vartdal var også formann i Fiskebåtredernes Forbund. Sjå Kolle 2014a: 410

⁸⁸ "Havfiskeflåten dømd til å gjeva upp". *Bergens Tidende* 26.11.1947.

Tretten av dei var eigde av privatpersonar. Tre av fartøya var eigde av firma som dreiv med tilverknad av fisk. Chr. Bjelland & Co var mest kjend for hermetikkk, medan Th. Øverland A/S dreiv med klippfiskproduksjon.⁸⁹ Sannsynlegvis var dette forsøk på vertikal integrering, slik tilfellet hadde vore med dei opphavelige trålarane. Dei mest interessante eigarskapa er likevel andels- og fiskersamvirkelaga. I 1950 var "Honningsvåg", "Motind" og "Nord-Rollnes" eigde av slike lag.⁹⁰ Både andelslaget og fiskarsamvirkelaga sikra at det var aktive fiskarar som eigde trålarane.⁹¹ I tillegg til desse tre var dei to "Møretrål"-båtane eigde av eit andelslag; A/L Møretrål. Her hadde både fiskarar, klippfiskeksportørar, Kristiansund kommune og Norsk Sjømannsforbund andelar.⁹² Såleis var A/L Møretrål eit stort samarbeidsprosjekt der fleire aktørar deltok for å skaffa nok kapital. På papiret vart trålarflåten over 50 brt meir enn dobla frå 1949 til 1951. Spørsmålet er då om dette fekk utslag for fangstmengdene trålarane stod for.

2.4.2 Fisket for trålarar over 50 brt

Etterverknadene av krigen gjorde at trålfisket ikkje kom i gang att før i 1946. Fleire av trålarane hadde vorte seinka i løpet av krigen, og det tok tid før dei fartøya som overlevde krigen var i stand til å byrja trålfisket att. I 1946 deltok det såleis berre tre trålarar og totalfangsten var liten, berre 3500 tonn.⁹³ Gjennomsnittsfangsten var likevel høg for dei tre trålarane.⁹⁴ Året etter kom fleire av trålarane i drift, både av dei som hadde hatt konsesjon før krigen og dei tre fartøya som hadde fått konsesjon i 1946. Dei neste åra steig både deltakinga og fangstane, etterkvart som fleire fartøy kom i drift att. Frå 1949 skulle ein forventa at deltakinga gjekk kraftig opp fordi såpass mange fartøy fekk tildelt konsesjon. Det skjedde ikkje. Tabellen nedanfor viser endringane i deltakinga og fangstane mellom 1946 og 1951.

⁸⁹ Jensen 2010: 165

⁹⁰ "Syrian", som hadde vore utleigd til eit andelslag, vart overteken av eigaren sjølv. "Ad konsesjon for tråling med d/t "Syrian". Avskrift av skriv frå Hans Haram til Fiskeridirektoratet 28.05.1949. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁹¹ Trålfiskernes Andelslag var eigd av 31 mann som til saman hadde 37 andelar. I Ytre Rolløya Fiskarsamvirkelag hadde 24 fiskarar gått inn med kapital. Hadseløya Fiskersamvirkelag var truleg oppbygd på ein liknande måte, men dette laget gjekk konkurs etter kort tid. "Motind" vart då kjøpt av A/S Heinsa. Sjå Vedlegg til søknad om trålkonsesjon for nr. 53 "Honningsvåg" 11.07.1951. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691, "Medlems fortegnelse (sic) for Ytre Rolløya Fiskarsamvirke" 01.07.1951. I mappe nr. 54 "Nord Rollnes". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691 og Konsesjon for trålfiske med d/t Motind, 11.01.1951. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

⁹² Fiskarane hadde 440 andelar. Det same hadde klippfiskeksportørane og Kristiansund kommune. Norsk Sjømannsforbund hadde 50 andelar. Totalt var det andelar for kr 1 370 000,-. "Fortegnelse over andelshavere." 15.05.51. I mappe nr. 49 "Møretrål 1". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691.

⁹³ Norges Fiskerier 1946: 47

⁹⁴ Dei tre trålarane var Angle, Syrian og Børtind. Oversikt over trålfisket 1946. I Fiskeridirektoratets arkiv, boks 126.2/9.

Tabell 2.3: Deltaking og fangstmengde (tonn) for trålarar over 50 brt 1946-1951

År	Deltaking	Fangstmengde	År	Deltaking	Fangstmengde
1946	3	3 513	1949	12	12 406
1947	9	8 799	1950	11	13 343
1948	11	12 888	1951	14	15 938

Kjelder: *Norges Fiskerier 1946-1951*

Det aller meste av fangstane var torsk og vart tilverka som saltfisk. Tabellen viser at verken deltakinga eller fangstmengda var særleg stor. Frå 1948 til 1950 var fangstmengdene forholdsvis jamne, før det kom ein liten oppgang i 1951. Denne kom truleg av at dei to "Møretrål"-fartøya kom inn i fisket. Då departementet hadde byrja å tildela fleire mellombelse konsesjonar i 1949, var målet å auka torskefangstane. Konsesjonstildelingane fram til 1951 meir enn dobla talet på fartøy med trålkonsesjon. Det viser ikkje att i tabellen. Ein oppgang på to fartøy som deltok i trålinga og ein auke i fangsten på omlag 3 500 tonn var nok ikkje heilt det departementet hadde sett føre seg. Nesten ingen av fartøya som fekk konsesjon mellom 1949 og 1951 kan ha delteke i trålfisket desse åra. Det er vanskeleg å seia kvifor, men truleg har dei funne det meir lønnsamt å driva med andre former for fiske enn tråling. Truleg vart fleire av konsesjonane trekte tilbake fordi dei ikkje vart brukte. Fleire av fartøya søkte heller ikkje om ny konsesjon då trålarlova vart fornya i 1951. Knut Vartdal, som tidlegare hadde ivra for utvida trålfiske, var ein av dei som ikkje nytta konsesjonen sin. Vartdal søkte om fornya konsesjon i 1951 og kunne då opplysa at "Vi har midlertidig konsesjon for tråling. Denne er hittil ikke benyttet da baaten til denne tid har vært benyttet til Stor og Vaarsildfiske og torskefiske ved Grønland med liner".⁹⁵ Den låge veksten i fangsmengda vert endå tydelegare dersom ein samanliknar med andre former for fiske. Mest nærliggjande er det å samanlikna trålfisket med "linefisket i fjerne farvann" som til liks med trålfisket vart drive til dels langt frå norskekysten. Stort sett føregjekk det ved Bjørnøya, Vest-Grønland og Island.⁹⁶ Dette fisket hadde også vore drive før krigen, og starta opp att så smått i 1945 med ein totalfangst på 136 tonn.⁹⁷ Linefangstane var små fram til og med 1948, men dei neste åra steig dei kraftig.

⁹⁵ Søknad om trålkonsesjon for nr. 70 "Ramoen" 09.07.1951. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691.

⁹⁶ *Norges Fiskerier 1948*: 75, *Norges Fiskerier 1950*: 65

⁹⁷ *Norges Fiskerier 1946*: 47

Tabell 2.4: Trålfangstar og linefangstar i fjerne farvatn mellom 1946 og 1951 (tonn)

År	Trålfangstar	Linefangstar	År	Trålfangstar	Linefangstar
1946	3 513	2 076	1949	12 406	11 978
1947	8 799	5 855	1950	13 343	20 292
1948	12 888	3 232	1951	15 938	33 767

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1946-1951

Linefangstane var mykje mindre enn trålfangstane til og med 1948, før dei vaks kraftig. I 1951 var linefangstane ti gonger større enn i 1948 og dei var meir enn dobbelt så store som trålfangstane. Det understrekar tydeleg kor liten fangstauken var for trålarane sin del. Dei samla torskefangstane steig med omlag 90 000 tonn frå botnnoteringa i 1949 til 1951⁹⁸. Linefangstane i fjerne farvatn stod for omlag 22 000 tonn av auken, trålarane over 50 brt stod for omlag 3 500 tonn. Det deltok mange fleire fartøy i linefisket enn i trålfisket, så gjennomsnittsfangsten var mykje større for trålarane enn for linefartøya. Årsaka til at den samla fangstmengda frå trålarane ikkje var større, var først og fremst den låge deltakinga. Hadde fleire av fartøya med trålkonsesjon delteke i trålfisket, ville fangstane sannsynlegvis blitt større. Samstundes var skreifisket, særleg lofotfisket, det klart største torskefisket gjennom heile perioden. Det mislukka lofotfisket var hovudårsaka til nedgangen i torskefangstane i 1948, og det forholdsvis gode lofotfisket i 1951 gav den største oppgangen i fangstane dette året.⁹⁹ I 1951 utgjorde lofotfisket omlag 40% av dei samla torskefangstane.¹⁰⁰ No er det ikkje sikkert at myndigheitene var så opptekne av korleis torskefangstane vart auka. Likevel synest det klart at verknadene av konsesjonstildelingane frå 1949 til 1951 ikkje var slik ein hadde håpt. Verken fangstane eller deltakinga steig særleg. I så måte var tildelingane av konsesjonane mislukka.

Kva vart så trålfangstane brukte til? Det ser ut til at trålarane først og fremst leverte råstoff til klippfiskindustrien, som særleg stod sterkt i Møre og Romsdal. Mykje av trålfangstane vart levert som saltfisk til dette fylket. Som eg har vist stod Kristiansund sterkt i trålarnæringa, og hadde gjort det sidan 1930-talet. Såleis kan ein gå ut i frå at trålfisket var viktig for fiskeindustrien i denne byen og for klippfiskbransjen som heilskap. Men kor stor betydning hadde trålfisket for klippfiskbransjen i denne perioden?

⁹⁸ *Norges Fiskerier* 1951: 19

⁹⁹ *Norges Fiskerier* 1948: 27 og 43 og *Norges Fiskerier* 1951: 18-19

¹⁰⁰ *Norges Fiskerier* 1951: 18-19

Tabell 2.5: Klippfiskproduksjon og saltfisk frå trålarar 1946-1951 (tonn)

År	Klippfisk- produksjon 1)	Saltfisk	År	Klippfisk- produksjon	Saltfisk
1946	30 300	1 889	1949	32 478	5 331
1947	51 370	4 605	1950	41 785	5 993
1948	33 195	5 235	1951	53 600	6 377

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1946-1951

1) Vekta av saltfisken må aukast med 72% for å få råstoffvekta

I forhold til klippfiskproduksjonen var leveransane av saltfisk frå trålararane små gjennom heile perioden. I tillegg må ein ta nokre hensyn når ein skal analysere denne tabellen. For det første seier kjeldene ikkje noko om kor vidt all saltfisk landa av trålarar vart nytta til produksjon av klippfisk. Dette er likevel sannsynleg, all den tid klippfiskprodusentar stod som eigarar av fleire av trålararane. Mykje av fangstane vart dessutan landa i klippfiskfylket Møre og Romsdal, særleg dei to første åra av 1950-talet.¹⁰¹ Det andre ein må ta omsyn til er omrekningsfaktoren frå saltfisk til klippfisk. *Norges Fiskerier* oppgjev ikkje nokon slik faktor. Difor er det vanskeleg å fastslå betydninga av saltfiskfangstane frå trålararane. Sidan saltfisken må tørkast for å bli klippfisk, måtte ein ha meir enn 1 000 tonn saltfisk for å produsere 1 000 tonn klippfisk. Dersom ein tek omsyn til dette, er det ganske klart at mengda av saltfisk frå trålararane ikkje kan ha hatt særleg stor betydning for klippfiskproduksjon. Til det var fangstane for små. Dessverre seier ikkje kjeldene noko om kva for råstoff som vart brukt til klippfisk og kor dette råstoffet vart fiska. Truleg vart linefangstane frå fjerne farvatn også brukt til klippfisk. Storleiken på desse fangstane tilseier at dette fisket dermed skulle ha vera viktigare for klippfiskproduksjonen enn trålfangstane. Auken i klippfiskproduksjonen frå 1950 kom i følge *Norges Fiskerier* som ein konsekvens av ei generell omlegging av tilverknaden innanfor fiskerinæringa. Ein mykje større del av fangstane vart frå dette året av brukt til salting eller hending, noko som førte til at både klippfiskproduksjonen og tørrfiskproduksjonen gjekk opp.¹⁰²

Trålararane var truleg likevel viktige for klippfisknæringa fordi dei fordelte fangstane utover året. Det norske torskefisket var elles svært sesongbasert og mykje av fangstane var tekne i

¹⁰¹ *Norges Fiskerier* 1947:77, *Norges Fiskerier* 1948: 77, *Norges Fiskerier* 1949: 72, *Norges Fiskerier* 1950: 68, *Norges Fiskerier* 1951: 68. For 1946 eksisterer det ikkje kjeldemateriale. Dei andre åra av 1940-talet vart omlag halvparten av fangstane landa i Møre og Romsdal, i 1950 og 1951 omlag 2/3.

¹⁰² *Norges Fiskerier* 1950: 69. Dette gjeld dei samla norske fangstane utanom sild og brisling.

lofotfisket og i vårtorskefisket utanfor Finnmark. Begge desse fiska gjekk føre seg i første halvdel av året. Tradisjonelt sett var ikkje dei sesongbaserte tilførslane av råstoff noko problem. Klippfisken vart tørka sommarstid på store berg.¹⁰³ I mellomkrigstida tok ein så smått til med kunstig tørking av klippfisk innandørs. I følgje Arnljot Løseth vart kunstig tørking for alvor teken i bruk etter krigen, noko som førte til at klippfisktilverknad vart eit heilårsarbeid.¹⁰⁴ Omlegginga til heilårsdrift gjorde det viktigare å få jamn tilgang på råstoff. Odd Vollan hevda at dette var bakgrunnen for at klippfisktilverkarane byrja å satsa på tråling på 1930-talet.¹⁰⁵ Frå 1949 inneheldt *Norges Fiskerier* oversikter over kortid på året trålarfangstane vart tekne. Desse viser at fangstane var fordelt utover heile året, men med ei overvekt på dei seks første månadene.¹⁰⁶ Likevel viser dei at trålfisket var mindre sesongavhengig enn dei tradisjonelle torskefiskeria. I eit intervju stadfesta trålreiaren Jan Backer betydinga av at trålarane leverte råstoff året rundt: "Tråldriften gir fangst året rundt, og der en skal betjene markeder som ønsker lettørket fisk, er det en kjempemessig fordel å ha leveranser til alle årets tider".¹⁰⁷ Det kan sjå ut til at det ikkje var storleiken på trålarfangstane som gjorde dei viktige, men tidspunktet dei var leverte på. Fangstane bidrog til at ein kunne driva tilverknad av klippfisk gjennom store delar av året, og gjorde produksjonen mindre sesongavhengig enn han elles ville vore. Likevel var fangstane så små at dei ikkje kan ha vore nok til å oppretthalda full produksjon året rundt. Enkelte månader vart det berre levert nokre hundre tonn råstoff.¹⁰⁸ Omrekna til saltfisk utgjorde det små mengder. Truleg var difor klippfiskbransjen avhengig av tilførsler av råstoff også frå andre fartøy enn trålarane. Dette vert støtta av Jensen, som hevdar at tilførslane av trålfisk ikkje klarte å tilfredsstilla behovet for råstoff i Kristiansund på denne tida.¹⁰⁹

Trålarane førte også i land noko ferskfisk. Dei første ferskfiskfangstane vart landa i 1947. Året etter forsvann alle restriksjonar på korleis trålfanga fisk skulle tilverkast.¹¹⁰ Etter det vart ein større del av trålfangstane levert som ferskfisk. Noko stort omfang fekk likevel ikkje leveransane av ferskfisk. Frå 1948 til 1951 vart det landa mellom 1 800 og 3 000 tonn

¹⁰³ Vollan 1956: 62-63

¹⁰⁴ Døssland og Løseth 2006: 426-427

¹⁰⁵ Vollan 1956: 435

¹⁰⁶ Norges Fiskerier 1949: 73, Norges Fiskerier 1950: 69, Norges Fiskerier 1951: 69

¹⁰⁷ "Med moderne dieseltrålere har Norge alle muligheter". Artikkelen er funnen i Fiskeridepartementets arkiv, og inneheldt ikkje opplysningar om kva avis han er henta frå eller kortid han er skriven. Ut i frå innhaldet ser det ut til at han er skriven i 1950, for Møretrål-båtane er under bygging, men endå ikkje leverte. Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0399.

¹⁰⁸ Norges Fiskerier 1949: 73, Norges Fiskerier 1950: 69, Norges Fiskerier 1951: 69

¹⁰⁹ Jensen 2010: 159

¹¹⁰ Ot.prp.nr.25 (1950): 4. Sjå elles 2.2.

ferskfisk kvart år.¹¹¹ Det er vanskeleg å slå fast kva ferskfisken vart brukt til, men det er mogleg at han gjekk til frysefiletindustrien. Ein av trålarane, "Motind" var heimehøyrande på Melbu. Der låg det eit statleg eigd fryseri.¹¹² Ein gå ut i frå at denne trålaren i alle fall leverte noko av fangstane sine her. Det same gjorde i alle fall ein annan trålar.¹¹³ Ferskfiskleveransane frå trålarane var likevel såpass små at dei sannsynlegvis ikkje hadde særleg stor betydning. Som me skal sjå i kapittel fire, fekk ikkje ferskfiskfangstane særleg stort omfang før eit stykke ut på 1950-talet.

2.5 Konesjonane under 50 brt

Også fartøy under 50 brt måtte ha konesjon for å driva trålfiske. Men lova sette ikkje på langt nær like strenge vilkår for denne fartøygruppa som for trålarane over 50 brt. Konesjonsplikta for dei minste trålarane var heimla i § 1.6 i trålarlova:

"Bestemmelsene i denne paragrafs annet, tredje, fjerde og femte ledd, gjelder ikke trålere under 50 tonn bruttodrektighet. Disse må dog ha departementets tillatelse og er for øvrig pliktige til å underkaste sig de driftsfor skrifter og gi de opplysninger om fangst m. v. som departementet bestemmer".¹¹⁴

Dei strenge vilkåra for trålarane over 50 brt inkluderte mellom anna ei avgrensing til 11 faste konesjonar og påbod om at fangsten skulle tilverkast som saltfisk. Trålarane under 50 brt stod derimot fritt til å tilverka fisken slik dei ønskte, og det var heller ikkje begrensingar på kor mange konesjonar departementet kunne gje. § 1.6 gav heller ingen vilkår for å få konesjon, bortsett frå at ein måtte følgja eventuelle påbod frå departementet. Det vart etter kvart utarbeidd egne søknadsskjema for desse fartøya. Her måtte søkjaren gje detaljerte opplysningar om fartøyet og trålutstyret, eigarforholda, kor mange av eigarane som skulle delta i trålfisket, kor stor besetninga på fartøyet var, og om søkjaren hadde drive trålfiske med fartøyet tidlegare.¹¹⁵ Dermed fekk departementet inngåande kjennskap til fartøya og eigarane som ønskte å driva med trålfiske.

Dei første fartøya fekk trålkonesjon allereie i 1939. Då ser det ut til at interessa for slike

¹¹¹ Norges Fiskerier 1949: 71 og Norges Fiskerier 1951: 67.

¹¹² Finstad 2005: 90

¹¹³ Jensen 2010: 140. Trålaren "Borgenes" leverte den første lasta si med ferskfisk til anlegget på Melbu i januar 1948.

¹¹⁴ Lov av 17. mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål).

¹¹⁵ Sjø t.d. søknad om konesjon for "Bogen", 30.10.1948. Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0398.

konsesjonar var stor. Sannsynlegvis hadde mange av fartøya som fekk konsesjon dette året drive trålfiske også tidlegare. Trålfiske med små fartøy hadde kome i gang allereie på 1920-talet.¹¹⁶ Den midlertidige trålarlova av 1936 hadde ikkje nemnt fartøy under 50 brt.¹¹⁷ Ut i frå lova skulle dermed slikt trålfiske ikkje vera lov, men det var ein del av premissane for lova at slike fartøy skulle få bringa enkelte fiskesortar i land.¹¹⁸ I løpet av heile krigen vart det berre tildelt to konsesjonar. Etter krigen tok interessa seg noko opp att, og frå 1946 til 1950 vart det tildelt eit varierende tal konsesjonar kvart år. Det er mogleg at det også vart tildelt konsesjonar det første halvåret av 1951, men eg har ikkje funne kjeldemateriale om dette. I forskingslitteraturen vert det hevda at 77 fartøy under 50 tonn fekk konsesjon mellom 1939 og 1950.¹¹⁹ Ei oversikt frå arkivet til fiskeridepartementet viser at frå 1939 til slutten av september 1950 vart det delt ut totalt 111 konsesjonar. Av desse var 10 inndregne i løpet av perioden slik at talet på gyldige konsesjonar var 70 pr. 1.januar 1950 og 101 i september same året.

Tabell 2.6: Trålarar under 50 tonn fordelte etter fylke/område og år

Fylke/år	1939	1941	1946	1947	1948	1949	1950	Totalt
Finnmark		1		1	1	1		4
Troms	2							2
Nordland	2				1		1	4
Møre og Romsdal	11		3	2		1	1	18
Hordaland					1		2	3
Rogaland		1	4	5			8	18
Skagerrakkysten	12		10	1	12	7	19	61
Totalt	27	2	17	9	15	10 1)	31	111

Kjelde: "Fortegnelse over gitte tillatelser til fiske med bunnsløpenot for fartøyer under 50 tonn bruttodrektighet" Fiskeridepartementets arkiv, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0398

1) Det manglar opplysningar om heimstaden til eitt fartøy.

Av dei 111 konsesjonane som vart delt ut, var heile 61 frå Skagerrakkysten, som dekkjer kysten frå Vest-Agder til svenskegrensa.¹²⁰ Det ser òg ut til at interessa for tråling heldt seg ganske jamn i dette området gjennom heile perioden. For dei andre fylka ser interessa ut til å

¹¹⁶ Iversen 1937: 55-56

¹¹⁷ Midlertidig lov av 16.juli 1936 om fiske med bunnsløpenot (trål).

¹¹⁸ Sagdahl 1973: 55. Handelsdepartementet fekk kritikk i stortinget for å ha gått ut i frå at fartøy under 50 tonn ikkje vart omfatta av lova.

¹¹⁹ Sjø Ot.prp nr. 25 (1950): 9. Denne er skriven 6.desember 1949. Talet stammar herifrå og er brukt m.a. i "Innstilling om trålfiske innenfor fiskerigrensen" 1970: 52, Sagdahl 1973: 104, Kolle 2014a: 436.

¹²⁰ Det er vanleg å bruka "Skagerrakkysten" som namn på dette området i fiskeristatistikken.

ha vore dalande etter krigen. Tydelegast er dette i Møre og Romsdal, der det vart tildelt 11 konsesjonar i 1939 og berre 7 konsesjonar mellom 1946 og 1950. I dei nord-norske fylka vart det berre tildelt 10 konsesjonar i løpet av heile perioden. Det er berre i Rogaland og langs Skagerrakkysten ein kan spora ei viss interesse for tråling etter krigen. Av dei 82 konsesjonane som vart tildelt frå 1946 til 1950, kom 66 frå dette området. Konsesjonane frå Skagerrakkysten var konsentrerte på nokre få stader. I 1939 kom 11 av dei 12 konsesjonane frå regionen frå Telemark, fem av dei var frå Brevik. Etter krigen var konsesjonane frå Skagerrakkysten anten frå Hvaler i Østfold eller frå Flekkerøy ved Kristiansand.¹²¹

Den samla interessa for slik tråling må likevel seiast å ha vore låber. 111 fartøy utgjorde omlag 1 % av alle norske fartøy under 50 brt.¹²² For områda langs Skagerrakkysten der trålinga stod sterkast, er biletet litt annleis. Både i Telemark, Østfold og Vest-Agder utgjorde fartøya med trålkonsesjon sannsynlegvis opp mot 10 prosent av alle fartøy under 50 brt i desse fylka.¹²³ For kommunane der konsesjonane høyrde heime var prosentdelen sjølv sagt høgare, men dette finst det ikkje tal for. Særleg for kommunane Hvaler og Oddernes, der Flekkerøy låg, må tråling ha hatt ei viss betydning for fiskarane. Kanskje dreiv også nokre fartøy trålfiske utan å ha konsesjon. Ein av søkjarane i 1950 kunne opplysa at han hadde drive trålfiske innimellom heilt sidan 1932 utan å vera klar over at det var påbode med konsesjon.¹²⁴ Det er mogleg at fleire ikkje hadde fått med seg konsesjonsplikta. Kor mange fartøy dette eventuelt dreidde seg om er det ikkje mogleg å finna ut. Kor mange som faktisk nytta konsesjonane og kor stor del trålinga utgjorde av fisket deira, er det vanskeleg å seia noko om.

2.5.1 Fisket med trålarar under 50 brt

Det finst ikkje eigne fangststatistikkar for trålarane under 50 brt. Det kan tyda på at dette fisket var lite og såleis hadde liten økonomisk betydning for landet. Heller ikkje fiskeriteljinga frå 1948 gjev gode tal på deltakinga. Her er småtrålfisket gruppert saman med snurrevad-fisket. I følgje fiskeriteljinga deltok 1996 personar i slikt fiske.¹²⁵ Det er usikkert kor mange av desse som dreiv trålfiske, men deltakinga var størst i Nordland, Møre og Romsdal og Rogaland, noko som tyder på at størsteparten av fisket innanfor denne kategorien var

¹²¹ 18 av konsesjonane kom frå Hvaler. Frå 1948 kom Flekkerøy med i trålinga. 22 konsesjonar høyrde til her.

¹²² Fiskeritelling 1.oktober 1948, annet hefte: 6 Det var registrert 10 368 dekte fartøy mellom 20 og 69 fot dette året. I 1950 var talet kanskje noko høgare. 50 brt tilsvarar omlag 65 fot.

¹²³ ibid: 6 I Telemark var det registrert 61 fartøy mellom 20 og 69 fot i 1948, i Østfold 221 fartøy og i Vest-Agder 206 fartøy. I 1950 var talet kanskje noko høgare. Fire av fartøya i Telemark mista trålkonsesjonen etter krigen.

¹²⁴ Søknad om trålkonsesjon for "Prøven III" 22.04.1950 Fiskeridepartementets arkiv, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0398.

¹²⁵ Fiskeritelling 1.oktober 1948, første hefte: 34-35.

snurrevadfiske. Frå Østfold, Telemark og Vest-Agder deltok berre 124 personar. Det er også uklart om alt småtrålfiske kjem inn under denne kategorien og om deltakertala er heilt reelle. I innleiinga til fiskeriteljinga vert det opplyst at det var visse problem med å få plassert deltakinga i dei riktige kategoriane. Likevel meinte Statistisk Sentralbyrå at teljinga ikkje var så unøyaktig at det spelte nokon stor rolle for resultatane.¹²⁶ Fiskeriteljinga gjev også opplysningar om deltakinga i dei enkelte kommunane. Her er ikkje småtrålfiske teke med.¹²⁷ I eit notat Fiskeridepartementet vert det hevda at trålfisket langs Skagerrakkysten vart drive i kombinasjon med makrellfisket og at trålfisket berre var eit suppleringsfiske. I følgje notatet var trålfangsten omlag 15-20 tonn i året pr fartøy og fangstane var mellom anna flyndre og kviting.¹²⁸ Notatet er udatert og utan namn på avsendaren. Å stadfesta opplysningane er såleis vanskeleg. Noko av innhaldet ser ut til å ha vore basert på opplysningar frå fiskeriinspektør Buvik. Truleg dreiv også nokre av desse fartøya brislingtråling og sildetråling. Omlag 30-40 fartøy tråla brisling i 1948.¹²⁹ Ein del av desse hadde mellombels konsesjon for brislingtrål, men det er mogleg at også fartøy under 50 brt deltok her. Nokre av dei som søkte om konsesjon for fartøy under 50 brt opplyste at dei hadde anten brislingtrål eller sildetrål.¹³⁰ Ein gjennomgang av alle søknadane ville gjeve ei oversikt over kva trålstyr søkjarane hadde. Dette gjev likevel berre ein peikepinn på kva trålfiske dei ønskte å driva då dei søkte, og ikkje kva dei faktisk dreiv.

2.6 Konsesjonar for silde- og brislingtrål

Fiskeridirektoratet tok initiativ til å opna for silde- og brislingtråling vinteren 1946. Direktoratet hadde merka seg at fleire norske fiskarar hadde fatta interesse for tråling etter sild i Nordsjøen. Difor kontakta det ei rekke organisasjonar innanfor fiskerinæringa for å be om synspunkt på kor vidt ein burde opna for slik tråling.¹³¹ Samtlege av svarea var positive. Også Norges Fiskarlag ønskte å opna for sildetråling og uttalte at "Spørsmålet om å tillate trålfiske etter sild bør ikke kobles sammen med trålerproblemet i sin almindelighet."¹³² Dei sette

¹²⁶ ibid: XV

¹²⁷ ibid: 46 og 54. I Hvaler var det makrellfisket, rekefisket og hummarfisket som samla størst deltaking. og i Oddernes hadde vintersildfisket, makrellfisket og rekefisket størst deltaking.

¹²⁸ "Problemet trålfiske" Udatert notat. Frå Fiskeridepartementets arkiv, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403.

¹²⁹ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål): 8 og Norges Fiskerier 1948: 70.

¹³⁰ Søknad om trålkonsesjon frå "Prøven III" 22.04.1950, "Rosa" 16.09.1950, "Sheik" 09.07.1949, "Størja" 23.06.1950 og "Tellesund" 20.06.1950 Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0398.

¹³¹ "Trålfiske etter sild i Nordsjøen" Utgreiing frå Fiskeridirektoratet vinteren 1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

¹³² "Trålfiske etter sild i Nordsjøen" Brev frå Norges Fiskarlag til Fiskeridirektoratet 23.01.1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

likevel som vilkår at ordninga måtte vera konsesjonsbasert og at berre aktive fiskarar og samvirkelag kunne få konsesjon.¹³³ Frå hermetikkindustrien kom det samstundes ønskje om at det måtte opnast for tråling etter brisling. Fiskeridirektoratet var klar på at ein måtte utnytta sjansen til å driva trålfiske etter sild og brisling og utarbeidde på bakgrunn av høyringsrunden eit framlegg til kongeleg resolusjon.¹³⁴ 29.mars 1946 vedtok regjeringa ein resolusjon som opna for konsesjonar for sildetråling. Konsesjonane skulle vera gjeldande for eit avgrensa tidsrom. Ordninga var også meint å vera mellombels til utgangen av 1946.¹³⁵ I praksis vart ordninga gjort permanent fram til 1951. Regjeringa fornya ho kvart år fram til den nye trålarlova vart vedteken. Opninga gjorde det mogleg for fartøy over 50 brt å delta i sildetrålinga. I november same året vart det vedteke å opna for trålfiske etter brisling utanfor fiskerigrensa. Her fekk Fiskeridepartementet myndigheit til å dela ut konsesjonar og å setja vilkår for kven konsesjonane skulle tildelast.¹³⁶ Også denne resolusjonen skulle i utgangspunktet gjelda for eit år, men vart i staden fornya fram til 1951.

Interessa for sild- og brislingtråling må sjåast på bakgrunn av fleire ting. Fartøy frå andre land, mellom anna Tyskland, Storbritannia og Sverige, hadde drive sildetråling i lang tid. I mellomkrigstida var dette eit forholdsvis stort fiske. Tyske fartøy fiska til dømes 170 000 tonn sild i 1937.¹³⁷ Etter krigen kom danske og svenske fartøy tidleg i gang att med dette fisket.¹³⁸ Truleg vart fleire norske fiskarar påverka og inspirert av dei svenske og danske fiskarane. Frå byrjinga av 1900-talet og fram til krigen hadde dessutan ein del norske fiskarar drive sildefiske i Nordsjøen med drivgarn.¹³⁹ Det var altså ikkje snakk om eit heilt nytt fiske. Trålteknologien hadde derimot ikkje vorte brukt i Nordsjøen av norske fiskarar tidlegare. Nordsjøsilda består av fleire ulike sildebestandar. Nokre gyt om våren og sommaren , men dei fleste stammene er haustgytarar.¹⁴⁰ Sildetrålinga var eit sesongfiske som varte frå juli til oktober.¹⁴¹ Dette var elles ei roleg årstid for norske fiskarar. Svenske fiskarar tråla også etter brisling i Skagerrak og i Kattegat.¹⁴² Denne var større enn brislingen som vart fiska i Noreg og vart brukt som ansjos.¹⁴³ Sidan hermetikk-industrien etterspurde stor brisling var

¹³³ ibid

¹³⁴ "Trålfiske etter sild i Nordsjøen" Utgreiing frå Fiskeridirektoratet vinteren 1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

¹³⁵ Kongeleg resolusjon av 29. mars 1946 om sildetråling. I: *Fiskets Gang* 13/1946: 140

¹³⁶ Kongeleg resolusjon av 08. november 1946 om brislingtrål. I: *Fiskets Gang* 45/1946: 528

¹³⁷ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnslepenot (trål) (1949): 7

¹³⁸ Ot.prp. nr.25 (1950): 10

¹³⁹ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnslepenot (trål) (1949): 7- 8

¹⁴⁰ ibid: 7 og <http://www.imr.no/temasider/fisk/sild/nordsjosild/nb-no> Nedlasta 22.10.13.

¹⁴¹ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnslepenot (trål) (1949): 7

¹⁴² ibid: 8

¹⁴³ "Trålfiske etter sild i Nordsjøen". Utgreiing frå Fiskeridirektoratet vinteren 1946. Fiskeridirektoratets arkiv,

avsetnadsmoglegheitene gode. Optimismen var også stor. Hausten 1946 uttalte vrakarinspektør Ruus at dersom nordsjøsilde vart behandla skikkeleg, kunne ho få "nasjonaløkonomisk betydning på like fot med våre andre sildefiskerier, uten derfor å skade disse".¹⁴⁴ Påverknaden frå dei svenske og danske fiskarane og moglegheitene til å tena gode pengar i ei elles roleg årstid kan ha gjort at interessa for tråling, særleg etter nordsjøsilde, vart forholdsvis stor.

Det vart tildelt ein heil del konsesjonar framover mot 1951. Dei aller fleste var konsesjonar for silde-tråling. Interesse for denne trålinga nådde ein førebels topp rundt 1949. Dette året hadde i overkant av 130 fartøy konsesjon. Sidan gjekk talet på konsesjonar ned. Det har vore vanskeleg å finna informasjon om konsesjonane for brislingtråling, men i 1949 hadde 17 fartøy slik konsesjon.¹⁴⁵ Det finst inga samla oversikt over konsesjonstildelingane for silde-tråling mellom 1949 og 1951. Difor er konsesjonstala for desse åra noko uklare. For åra 1946-1948 eksisterer det derimot ei slik oversikt.

Tabell 2.7: Konsesjonar for silde-tråling 1946-1951

År	Konsesjonar	År	Konsesjonar
1946	35	1949	132
1947	79	1950	?
1948	124	1951	75

Kjelder: Ot.prp.nr.25 (1950), "Trålfisket etter silde i Nordsjøen" i *Fiskets Gang* 28/2950, St.meld.nr.75 (1953) og "Tillatelse trålfiske etter silde". Oversikt frå direktoratet pr 1.desember 1948. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 126.2/11.

Tabellen viser korleis talet på konsesjonar steig fram til 1949. Eg har ikkje funne tal for 1950, men deltakinga i fisket ser ut til å ha vore forholdsvis lik i 1949 og 1950.¹⁴⁶ I 1951 var det så eit markant fall i talet på konsesjonar. Det vart også gjenspegla i deltakinga. Likevel må interessa for silde-tråling ha vore stor på slutten av 1940-talet. Omlag 9 prosent av fartøya over 60 fot hadde konsesjon for silde-tråling.¹⁴⁷ Også fleire trålarane over 50 brt melde interesse for

boks 137.1/2.

¹⁴⁴ "Silde-trålingen kan få nasjonaløkonomisk betydning på like fot med våre andre sildefiskerier". *Bergens Tidende* 13.09.1946.

¹⁴⁵ Ot.prp.nr. 25 (1950): 10

¹⁴⁶ "Trålfisket etter silde i Nordsjøen". I: *Fiskets Gang* 17/1953: 209

¹⁴⁷ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 5-6 I 1948 var det registrert 1193 dekte fartøy mellom 60 og 199 fot. 108 av fartøya med silde-trålkonsesjon var 60 fot eller meir. Eit fartøy på 65 fot var ca 50 brt. Fartøy som var lenger enn dette måtte dermed ha konsesjon for silde-tråling for å delta i slikt fiske. Gruppa på 60-69 fot inneheld

sildetrålinga. Både eigarane av "Angle" og "Honningsvåg" sende spørsmål til direktoratet om dei trong eigen konsesjon for sildetråling.¹⁴⁸ Oversikta over konsesjonstildelingane mellom 1946 og 1948 kan også gje eit bilete av den geografiske spreininga av konsesjonane. 103 av dei kom frå Vestlandet. Av desse var 78 frå Rogaland og Hordaland/Bergen. Berre 3 fartøy kom frå Nord-Noreg.¹⁴⁹ Dersom denne tendensen var gjeldande også dei andre åra, var sildetrålinga først og fremst eit fiske for fartøy frå sørvestlandet. Fiskarar herifrå hadde god erfaring med sildefiske, særleg vintersild- og islandssildfiske. Dessutan hadde dei forholdsvis kort veg til fangstfelt, som i hovudsak var på Fladengrunn aust for Skottland. Oversikta viser også at 35 av fartøya var mindre enn 50 brt. Det er merkeleg, sidan slike fartøy hadde ei eiga konsesjonsordning. Den kongelege resolusjonen sa ingenting om tonnasje, så mange trudde nok at det var nødvendig med slik konsesjon, sjølv om fartøya var mindre enn 50 brt.

2.6.1 Trålsildfisket i Nordsjøen

Sildetrålinga i Nordsjøen kom i gang i løpet av 1946, det same året som det vart opna opp for å tildela konsesjonar til dette fisket. Dei neste åra gjekk både deltakinga og fangstane opp, og nådde ein topp i 1948, for så å gå ned att. Gjennom heile perioden var fangstane små.

Tabell 2.8: Deltaking og fangstar i sildetrålinga samanlikna med samla norske sildefangstar 1946-1951 (tonn)

År	Deltaking i sildetrålinga	Trålsildfangst 1)	Samla norske sildefangstar
1946	7	681	466 748
1947	ca 70	4 169	590 443
1948	ca 90-100	5598	956 619
1949	ca 60-65	3 203	721 527
1950	61	3 589	890 107
1951	ca 30	1 325	1 195 583

Kjelder: *Norges Fiskerier 1946-1951* og *Fiskets Gang 17/1953*

såleis fartøy både over og under 50 tonn.

¹⁴⁸ "Ad: Konsesjon for sildetråling i Nordsjøen kommende sæsong" Brev frå Astrup & Co til direktoratet 01.07.1948 og "Konsesjon for trålfiske etter sild" Brev frå Fiskeridirektoratet til Trålfiskernes Andelslag 09.05.1947. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/3b.

¹⁴⁹ "Tillatelser trålfiske etter sild". Oversikt frå direktoratet pr 1.desember 1948. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 126.2/11. 37 fartøy var frå Hordaland/Bergen, 41 frå Rogaland, 10 frå Sogn og Fjordane og 15 frå Møre og Romsdal.

Ein må vera klar over at desse tala kan vera unøyaktige, særleg deltakartala. I tabell 2.8 er difor ein del tal oppført som ca-tal. Frå 1949 fekk Sild- og Brislingsalslaget ansvaret for innrapportering av fangstoppgåvene, og då vart truleg tala noko meir nøyaktige. Sjølv om ein ikkje kan vera sikker på nøyaktigheita av tala, gjev dei likevel eit bilete av korleis trålinga etter sild endra seg mellom 1946 og 1951. Deltakinga auka kraftig dei første åra etter at det vart opna for sildetrålkonsesjonar. Samstundes steig også fangstane noko, men gjennomsnittsfangstane var likevel låge, omlag 50-60 tonn sild pr fartøy. Samanlikna med andre sildefiske gav sildetrålinga lite utbytte. Klart størst var vintersildfisket, med fangstar opp mot 900 000 tonn desse åra. Fangstutbyttet frå sildetrålinga var nok skuffande både for myndigheiter og fiskarar. Samstundes var dette ei heilt ny driftsform for norske fiskarar. Den relativt store auken i deltakinga desse åra var sannsynlegvis eit utslag av at dette var eit nytt fiske som mange ønskte å prøva seg på. Når ein samanliknar trålsildfangstane med dei samla sildefangstane i perioden, er det klart at sildetrålinga ikkje kan ha hatt særleg betydning for fiskerinæringa. I den grad ho var av betydning, var nok det fordi dette fisket gjekk føre seg på ei tid då det elles ikkje vart ført i land særleg mykje sild, anna enn frå sildefisket ved Island.

Deltakinga i sildetrålinga gjekk tilbake på slutten av 1940-talet og den låge deltakinga heldt fram eit stykke utover på 1950-talet. Det er fleire årsaker til dette. For det første var altså fangstane svært låge i forhold til innsatsen. I samtida vart det stilt spørsmål ved om dei norske fartøya var rett utrusta til sildetråling. I *Norges Fiskerier 1948* vart det hevda at svenske fartøy fiska mykje betre enn dei norske, fordi dei hadde større maskiner.¹⁵⁰ Kombinert med dei låge fangstane, ser det ut til at driftsresultata også vart dårlegare. Dei driftsøkonomiske undersøkingane frå Fiskeridirektoratet viser at dei gjennomsnittlege inntektene for reiarlaga og bruttolottane gjekk kraftig ned frå 1946/1947 til 1951. Aller dårlegast var resultata i 1949, før dei tok seg litt opp dei to neste åra.¹⁵¹ Desse undersøkingane omfatta ikkje alle som tråla, og er såleis ikkje heilt nøyaktige. Likevel gjev dei eit bilete av tendensen i lønnsmda. I tillegg til små fangstar og dårleg lønnsemd, var truleg konkurranse frå andre fiskeri medverkande til at deltakinga i sildetrålinga gjekk tilbake. Dei gode fangstane i vintersildfisket kan ha gjort at fiskarane rett og slett ikkje såg det som nødvendig å rusta seg ut til eit nytt sildefiske på seinsommaren og hausten. Sildefisket ved Island gav også stort sett gode fangstar.¹⁵² Dette fisket føregjekk på sommaren og hausten og var såleis delvis ein konkurrent til sildetrålinga. Sidan fangstane var betre ved Island, er det sannsynleg at ein del fartøy, særleg dei store,

¹⁵⁰ Norges Fiskerier 1948: 67

¹⁵¹ "Trålfisket etter sild i Nordsjøen" I: *Fiskets Gang* 17/53: 210

¹⁵² Norges Fiskerier 1948: 28-29, Norges Fiskerier 1949: 21, Norges Fiskerier 1950: 18, Norges Fiskerier 1951: 20

heller trekte mot Island i staden for å tråla på Fladengrunn. Dette var i alle fall tilfelle i 1951.¹⁵³ Nedgangen i deltaking ser dermed ut til å ha bakgrunn i ein kombinasjon av låge fangstar, dårleg lønnsemd og konkurranse frå andre fiskeri.

2.6.2 Trålinga etter brisling

Også trålfisket etter brisling kom i gang i løpet av 1946. Truleg var det berre nokre få fartøy som deltok og det finst ingen informasjon om brislingtrålinga i *Norges Fiskerier* dette året. Først i 1948 er det nemnt at nokre fartøy hadde prøvd seg på brislingtråling i 1946. Heller ikkje for 1947 finst det oversikter over kor mykje brisling som vart teke av trålarar. Det er eit teikn på at fangstane ikkje kan ha vore særleg store. Frå 1948 er fangstane frå brislingtrålinga teke med i *Norges Fiskerier*. Fisket gjekk føre seg ved Skagen utanfor Danmark. Mellom 1948 og 1951 låg deltakinga på mellom 40 og 50 fartøy. Fangstane var svært små, berre omlag 600 tonn på det meste.¹⁵⁴ Samstundes er tala, både for deltakinga og fangstane, usikre og kanskje litt høge. Dette vart også påpeika i *Norges Fiskerier*.¹⁵⁵ Likevel kan det sjå ut til at det var fleire enn konsesjonshavarane som dreiv trålfiske etter brisling. Det er nærliggjande å tru at dei som deltok i brislingtrålinga anten hadde konsesjon for fartøy under 50 brt eller for sildetråling. I *Norges Fiskerier* for 1948 kan ein lesa om brislingtrålinga at "Især kom mange småfartøyer (reketralere med tillempete redskaper) til fra Hvalerdistriktet".¹⁵⁶ Reketraling var ikkje konsesjonsbelagt. Det kan tyda på at nokon tråla etter brisling utan å ha noko form for trålkonsesjon.

Den trålfanga brislingen utgjorde heller ikkje mykje av dei totale brislingfangstane i perioden. Såleis skulle ein tru at trålinga etter brisling ikkje hadde noko særleg betydning for fiskerinæringa. Men ein del av bakgrunnen for å opna for trålfiske etter brisling hadde vore å skaffa råstoff til ansjos.¹⁵⁷ Det kan sjå ut til at det meste av den trålfanga brislingen vart nytta til dette. *Norges Fiskerier* nemner ikkje kvart år kva trålbrislingen vart brukt til, men fleire av åra er det opplyst om dette. I 1951, der opplysningane er mest nøyaktige, gjekk for eksempel 282 tonn av den trålfanga brislingen til ansjostilverknad, medan 340 tonn av den øvrige brislingfangsten gjekk til dette formålet.¹⁵⁸ Totalt vart det produsert omlag 1 200 tonn ansjos i

¹⁵³ "Lita deltaking i Fladensildfisket i år". *Fiskaren* 01.08 1951.

¹⁵⁴ *Norges Fiskerier* 1948: 70, *Norges Fiskerier* 1949: 63, *Norges Fiskerier* 1950: 58-59, *Norges Fiskerier* 1951: 60-62

¹⁵⁵ *Norges Fiskerier* 1948: 70

¹⁵⁶ *Norges Fiskerier* 1948: 70

¹⁵⁷ "Trålfiske etter sild i Nordsjøen". Utgreiing frå Fiskeridirektoratet vinteren 1946. Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

¹⁵⁸ *Norges Fiskerier* 1948: 70, *Norges Fiskerier* 1950: 59, *Norges Fiskerier* 1951: 62. Fangstane er rekna om frå skjeppe til tonn.

1951.¹⁵⁹ Det vil seia at trålarfangstane av brisling stod for ein viktig del av leveransane til ansjosindustrien dette året. Samstundes skreiv *Norges Fiskerier* fleire år om vanskar med å få avsetnad på trålfanga brisling, mellom anna fordi industrien hadde god tilgang på anna brisling eller var oppteken med produksjon av andre varer enn ansjos.¹⁶⁰ Det kan vera med på å forklara kvifor ikkje trålarfangstane av brisling var større.

2.8 Konklusjon

Perioden 1945 til 1951 var starten på utbygginga av ein trålarflåte i Noreg. Det må sjåast i samanheng med myndigheitene sitt mål om å bygga ut ein frysefiletindustri i Nord-Noreg og behovet denne industrien ville ha for råstoff. Samstundes var marknadsforholda gode, så også på kort sikt kunne trålfisket verta viktig. I tillegg kan det tenkast at tildelinga av dei mellombelse konsesjonane var brukt i det politiske spelet rundt den nye trålarlova. Det vart tildelt mange konsesjonar, særleg til sildetråling. Med unntak av dei minste trålarane, som kom frå Skagerrakkysten, var fleirtalet av konsesjonshavarane frå Vestlandet. Auken i konsesjonar medførte likevel ikkje at fangstane steig særleg mykje. Både sildetrålinga og brislingtrålinga gav dårleg utbytte, sjølv om deltakinga var stor. For trålarane over 50 brt var det først og fremst den dårlege deltakinga som gjorde at fangstane ikkje vart større. Det gode linefisket kan ha vore ei av årsakene til at ikkje deltakinga vart større. Den direkte årsaka til at det vart tildelt fleire konsesjonar til fartøy over 50 brt var dei dårlege torskefangstane. I så måte må resultatet av konsesjonstildelingane ha vore skuffande for myndigheitene, i alle fall på kort sikt. Det er uansett klart at myndigheitene utnytta lova til føreta ei gradvis utviding av trålfisket medan dei venta på at den nye lova skulle bli vedteken.

¹⁵⁹ Norges industri 1951: 65

¹⁶⁰ Norges Fiskerier 1949: 63, Norges Fiskerier 1950: 59 og Norges Fiskerier 1951: 62. I 1950 var f.eks. ansjosindustrien "travelt beskjeftiget med tilvirkning av gaffelbiter og annen delikatessesild, som skulle klargjøres til Amerika-skipning før jul."

Kapittel 3: Småtrålarane 1951-1960

3.1 Introduksjon

Våren 1951 vart den nye trålarlova vedteken av Stortinget. Lova var resultatet av ein prosess som hadde pågått heilt sidan 1947, då "Rasjonaliseringskomiteen" vart nedsett. Den nye trålarlova opna opp for ein trålarflåte av ein heilt annan storleik enn tidlegare. Restriksjonane på talet på stortrålarar vart oppheva, og tonnasjengrensa for småtrålarar vart heva til 300 brt. Etterkvart var det mange som nytta den utvida adgangen til trålkonsesjonar. Nesten samtlege av dei som fekk konsesjon var småtrålarar, fartøy under 300 brt. Det var langt frå alle som nytta konsesjonen sin og deltok i trålfisket. Likevel var det truleg nokre hundre fartøy årleg som dreiv ei eller anna form for småtråling. I hovudsak vart det drive tre ulike former for fiske med småtrålarar: sildetråling i Nordsjøen, brislingtråling i Skagerrak og tråling etter torskefisk, hovudsakleg i Nord-Noreg. Dette kapitlet tek sikte på å kartlegga småtrålarane frå 1951 til 1960. I den første delen ser eg på tildelingane av konsesjonar. Korleis endra talet på småtrålar-konsesjonar seg i løpet av perioden? Korleis var konsesjonane fordelte geografisk? Korleis endra storleiken på fartøya seg? I tillegg drøftar eg deltakinga blant småtrålarane. Kvifor var det så mange som ikkje nytta konsesjonane sine? I den andre delen ser eg på småtrålarfisket i perioden. I hovudsak vart det altså drive tre ulike fiske med småtrålarar. Desse vert kartlagte og drøfta kvar for seg. Kor store fangstar fekk småtrålarane? Kor vart fangstane tekne og kva vart dei brukte til? Kva betydning hadde småtrålarfisket for fiskerinæringa i denne perioden?

3.2 Konsesjonsordninga for småtrålarane

Trålarlova av 1951 førte til fleire endringar i konsesjonsordninga. Den viktigaste var at konsesjongrensa for småtrålarar vart flytta frå 50 brt til 300 brt. Det medførte at mange fleire fartøy fekk moglegheit til å skaffa seg konsesjon. Småtrålar-konsesjonane var heller ikkje avgrensa med hensyn til kva fisk ein kunne tråla etter, eller korleis fangstane skulle tilverkast. Dette var tilsvarande ordning som trålarar under 50 brt hadde hatt etter den gamle trålarlova. Ordninga med eigne konsesjonar for sildetråling og brislingtråling fall såleis bort.¹⁶¹ Eit anna viktig moment var at konsesjonane var permanente, og ikkje mellombelse slik dei fleste konsesjonane som vart delte ut mellom 1946 og 1951 hadde vore. Det gjorde konsesjonsordninga meir førutseieleg. Etter kvart kom departementet likevel til å trekkja tilbake mange

¹⁶¹ Lov av 20.april 1951 om fiske med trål § 1. Alt trålfiske måtte føregå utanfor fiskerigrensa.

konsesjonar fordi dei ikkje vart brukte. At konsesjonane kunne trekkast tilbake, stod ikkje i lova, men justisdepartementet godkjende likevel denne praksisen.¹⁶²

Fiskeridepartementet var etter lova delegert myndigheit til å tildela konsesjonar for småtråling.¹⁶³ Det vart utarbeidd eit eige søknadsskjema for småtrålkonsesjon. Søknadene vart sende til Fiskeridirektøren via fiskeriinspektøren for distriktet der søkjaren var heimehøyrande. Fiskeridirektøren handsama søknaden og sende han vidare til departementet for endeleg godkjenning. I realiteten var det nok innstillinga frå direktøren som avgjorde om søknaden vart godkjent eller ikkje. Fiskeridirektøren la vekt på to ting når han handsama søknader.¹⁶⁴ For det første skulle fartøyet stå i merkeregisteret. Eit fartøy utan fiskerimerke kunne ikkje driva fiske. For å kunna eiga eit fiskefartøy og dermed driva trålfiske måtte ein oppfylle krava i eigedomslova §2.¹⁶⁵ I tillegg såg direktøren på om fartøyet var brukande til trålfiske. I hovudsak betydde dette at storleiken på maskina vart vurdert. Fartøya var avhengige av ganske mykje motorkraft for å få trålen til å gå skikkeleg. Nesten samtlige søkjarar vart tildelt konsesjon. Av og til gav departementet søkjarane ein mellombels konsesjon dersom fiskeridirektøren var usikker på om fartøyet var brukande til tråling.¹⁶⁶ Tildeling av mellombelse konsesjonar til små fartøy vart likevel ikkje gjort konsekvent, for andre fartøy som var like små fekk vanleg konsesjon ved andre høve.¹⁶⁷ I løpet av perioden var det totalt 19 søknader som fall bort eller ikkje vart godkjende.¹⁶⁸ Det er ikkje mykje når ein veit at det vart tildelt over 900 konsesjonar på same tid.¹⁶⁹ Såleis kan ein seia at det vart ført ein liberal tildelingspraksis i denne perioden. Korrespondansen mellom direktoratet og departementet gjev lite informasjon om kvifor dei ulike søknadene vart anbefalte. I forarbeidet til trålarlova argumenterte fiskeridirektøren for at fiskarane burde ha friast mogleg tilgang til å testa ut ulike fiskemetodar. I følgje direktøren var dette heilt nødvendig for å konkurrera med andre fiskerinasjonar.¹⁷⁰ Han meinte også at "I den utstrekning

¹⁶² "Lov av 20.april 1951 om fiske med trål. - Inndraging av tråltillatelser." Skriv frå Fiskeridepartementet til Fiskeridirektøren 10.09.1956. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403

¹⁶³ Lov av 20.april 1951 om fiske med trål § 1

¹⁶⁴ St. meld. nr. 75. (1953): 1

¹⁶⁵ Midlertidig lov av 30.juni 1950 om eiendomsrett til fiskefartøyer m.v: § 2

¹⁶⁶ St. meld. nr. 92 (1955): 1. I 1954 fekk tre fartøy konsesjon ut året. Fartøya var mellom 8 og 13 brt. Til ein av desse søknadene uttalte fiskeriinspektøren at han tvilte på om så små fartøy gredde å driva trålfiske utanfor fiskerigrensa. Dette fartøyet var 41 fot. Søknad om trålkonsesjon for nr. 484 "Alken" 21.04.54. I: Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694.

¹⁶⁷ Sjå St. meld. nr. 35 (1960-61): 5. "Frank Roger" var 10 brt. St. meld. nr. 7 (1959): 9. "Leno" var 13 brt.

¹⁶⁸ St. meld. nr. 75 (1953): 3, St. meld. nr. 105 (1954): 3, St. meld. nr. 92 (1955): 3, St. meld. nr. 15 (1957): 3, St. meld. nr. 17 (1958): 2, St. meld. nr. 7 (1959): 2, St. meld. nr. 57 (1959-60): 2, St. meld. nr. 35 (1960-61): 2, St. meld. nr. 50 (1961-62): 2.

¹⁶⁹ Dette gjeld samtlige konsesjonar som vart tildelte. Mange av desse vart trekte tilbake.

¹⁷⁰ Ot. prp. nr. 25 (1950): 11

trålkonsesjoner gis uten noen begrensning av antallet konsesjoner, synes det naturlig at adgangen til å nytte trål må være åpen for alle som ellers har adgang til å drive fiske."¹⁷¹ Dette var altså skrive i ein kontekst der fiskeridirektøren uttalte seg om korleis lova burde bli utforma. Kva han meinte her kan såleis ikkje heilt overførast til tildelingspraksisen som vart ført av Fiskeridirektoratet dei neste åra. Likevel kan ein sjå ein samanheng mellom fiskeridirektøren sitt argument om friast mogleg tilgang til trålfiske for dei som hadde rett til å driva fiske og at nesten samtlege konsesjonssøknader vart godkjende. Samstundes sette eigedomslova grenser for kven som hadde rett til å driva fiske, og dermed kunne søka trålkonsesjon. Såleis var lova kopla nært saman med trålarlova, noko også fiskeridirektøren peika på.¹⁷² Eigedomslova vart vedteken i 1950, og vart sidan endra noko i 1956. Også desse lovene skapte debatt, fordi dei berørte sjølve strukturen i næringa. Fiskarlaget ønskte ei streng lov, der berre aktive fiskarar fekk skaffa seg fiskefartøy.¹⁷³ Lova som vart vedteken i 1950, opna for at andre enn fiskarane kunne få eiga fartøy i enkelte tilfelle. Endringane i lova i 1956 førte derimot til ei innstraming.¹⁷⁴ For fiskeridirektøren var det truleg uansett vanskeleg å nekta trålkonsesjon til fartøy som oppfylte vilkåra i lova.

3.3 Konsesjonstildelingane mellom 1951 og 1960

På det meste hadde omlag 250 fartøy hatt trålkonsesjon etter trålarlova av 1939. I 1951 var talet på konsesjonar gått ned til 189. Det meste av nedgangen skuldast færre konsesjonar for sildetråling. Etter at den nye trålarlova vart vedteken i 1951 steig talet på konsesjonar raskt. Småtrålar-kategorien var svært vid, og storleiken på fartøya varierte mykje. Det minste fartøyet som fekk konsesjon i perioden var berre 8 brt, medan det største var 299,95 brt.¹⁷⁵ Dei store skilnadene i storleik gjorde nok at driftsmåtane også var ulike. Dei minste fartøya dreiv kombinasjonsfiske, der tråling inngjekk som eit av fleire fiske. Dei største av småtrålarane vart nok derimot i større grad drivne på same måte som stortrålarane. Nokre av dei hadde hatt konsesjon etter den gamle trålarlova, og hadde då vore klassifiserte som stortrålarar. Fiskeridirektoratet utarbeidde årleg statistikk om fartøya med konsesjon for småtråling. Difor har ein gode kjelder på korleis talet på småtrålkonsesjonar endra seg og på kor store fartøya var.

¹⁷¹ *ibid*: 12

¹⁷² *ibid*: 12

¹⁷³ Sagdahl 1980: 25

¹⁷⁴ Midlertidig lov av 30.juni 1950 om eiendomsrett til fiskefartøyer m.v § 2. Retten til å eiga fartøy skulle "fortrinnsvis" gjevast til fiskarar, selskap der fiskarar utgjorde minst halvparten av eigarane, personar som tidlegare hadde drive fiske i minst tre år og personar som allereie hadde fartøy som var innført i merkeregisteret. I 1956 vart ordet "fortrinnsvis" teke ut. Derimot kunne fiskarar i samarbeid med kommunar eller tilverkarar få eiga fartøy i særskilte tilfelle. Mellombels lov av 29.juni 1956 om eigedomsretten til fiske- og fangstfarkostar § 2.

¹⁷⁵ St. meld. nr. 92 (1955): 7 og St. meld. nr. 57 (1959-60): 4. "Trofast" var 8brt og "Vardøtrål" var 299,95 brt.

Tabell 3.1: Konesjonar for småtråling fordelte etter storleik 1951-1960

År	Under 50 brt	50-100 brt	100-200 brt	200-300 brt	Totalt
1951/52	136	63	52	16	267
1953	192	91	72	22	377
1954	229	104	79	23	435
1955	275	123	97	27	522
1956	284	134	116	35	569
1957	227	112	96	25	460
1958	221	113	96	26	456
1959	217	116	109	31	473
1960	233	130	126	35	524

Kjelder: St. meld. nr. 75 (1953), St. meld. nr. 105 (1954), St. meld. nr. 92 (1955), St. meld. nr. 15 (1957), St. meld. nr. 17 (1958), St. meld. nr. 7 (1959), St. meld. nr. 57 (1959-60), St. meld. nr. 35 (1960-61), St. meld. nr. 50 (1961-62)

Frå 1952 til 1956 auka talet på konesjonar med meir enn 300. I 1957 gjekk talet ned med over 100 konesjonar. Grunnen var at departementet trekte tilbake mange unytta konesjonar. Nedgangen heldt fram også i 1958, før talet auka att dei to neste åra. Gjennom heile perioden var fartøya under 50 brt den klart største gruppa av småtrålarar. Fartøya med denne storleiken utgjorde også størstedelen av den norske fiskeflåten.¹⁷⁶ På det meste utgjorde fartøya under 50 brt over halvparten av småtrålararkonesjonane. Saman med fartøya mellom 50 og 100 brt utgjorde gruppa nærare $\frac{3}{4}$ av alle konesjonane dei fleste åra. Samstundes var det berre ein liten del av alle fartøya i Noreg under 50 brt som hadde trålkonesjon, slik tilfellet hadde vore mellom 1946 og 1951. Fartøya mellom 200 og 300 brt var heile tida den minste gruppa. Mot slutten av perioden var det ein svak tendens til at den gjennomsnittlege storleiken på fartøya auka. Det skuldast at det vart færre fartøy under 50 brt, samstundes som dei andre tre gruppene opprettheldt eller auka talet på konesjonar. Endringa skjedde først etter inndragingane i 1957. Talet på fartøy under 50 brt heldt fram med å gå ned fram til 1959, medan dei andre gruppene i 1960 var oppe att på omtrent same nivå som dei hadde vore i 1956. Det er vanskeleg å finna ein spesifikk grunn til denne utviklinga, men tendensen til større fartøy finn ein òg att i fiskeriteljinga for 1960. Talet på norske fiskefartøy over 60 fot auka med over 300 frå 1948 til 1960. Særleg stor var veksten blant fartøya som var større enn

¹⁷⁶ I 1948 var det totalt 10 991 dekte fiskefartøy over 20 brt i Noreg. Fartøy mellom 20 og 69 fot utgjorde 10 372 av desse. 50 brt tilsvarar ca 65 fot. I 1960 var det 11 937 dekte fiskefartøy over 20 brt. 10 415 av desse var mellom 20 og 59 fot. Fiskeritelling 1948 annet hefte: 5-7 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20.

80 fot.¹⁷⁷ Det er altså ikkje urimeleg at denne auken viser att i oversiktene over trålkonsesjonar. Samstundes vart det også fleire fartøy under 60 fot i fiskeflåten i løpet av denne perioden, noko som ikkje viser att i tabellen. Nedgangen for fartøya under 50 brt heldt fram utover 1960-talet. I 1968 var det berre 104 fartøy under 50 brt som hadde trålkonsesjon.¹⁷⁸ Det kan tenkjast at nedgangen i konsesjonar blant fartøya under 50 brt på slutten av 1950-talet var eit teikn på ei byrjande spesialisering innanfor fisket. Sjølv om det vart litt fleire av desse fartøya i 1960, peika tendensen klart i retning av ein nedgang frå 1957. Spesialiseringa av dei norske fiskeria skaut først og fremst fart på 1960-talet. Likevel er det tydeleg at mange fartøy under 50 brt trekte seg ut av trålfisket allereie på 1950-talet.

Stortingsmeldingane som tabellen er basert på, viser at småtrålarane i all hovudsak vart eigde av fiskarar. Det var lite innslag av utanforståande kapitalkrefter blant fartøyeigarane. Under arbeidet med eigedomslova på slutten av 1940-talet vart det utarbeidd ei oversikt som viste at ein del større fiskefartøy var eigde av andre enn aktive fiskarar. Dei aller fleste hadde hatt fartøy sidan før krigen, og var allereie ein del av næringa.¹⁷⁹ Enkelte firma stod som eigarar av fleire større småtrålarar. Chr. Bjelland & Co hadde til dømes konsesjon til seks fartøy i 1952, medan A/S Rieber fekk konsesjonar til tre fartøy i 1953. Dei fleste av desse var registrerte i merkeregisteret før eigedomslova av 1950 vart vedteken.¹⁸⁰ Både Chr. Bjelland & Co og A/S Rieber hadde såleis drive fiske tidlegare. Det var altså ikkje snakk om nye selskap som fekk innpass i fisket. At desse fekk trålkonsesjon hadde ikkje innverknad på eigedomsstrukturen i næringa. Det var heller ikkje så mange firma som fekk trålkonsesjon. Blant trålarane opp til 50 brt, stod fiskarar som eigarar av nærast samtlege fartøy. Desse utgjorde omlag halvparten av konsesjonane. I tillegg var truleg dei fleste fartøya mellom 50 brt og 100 brt også fiskareigde. Til saman utgjorde fartøya opp til 100 brt hovudtyngda av småtrålarane. Det var heller ikkje nokon klar tendens til at fleire småtrålarar vart eigde av utanforståande firma på slutten av 1950-talet, då det vart færre av dei minste småtrålarane.¹⁸¹ Eigedomsstrukturen vart altså ikkje endra av at det vart opna for småtrålararkonsesjonar, for eigedomslova sette strenge rammer for kven som kunne få innpass i næringa og dermed skaffa seg trålkonsesjon.

¹⁷⁷ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 5-6 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20

¹⁷⁸ St.meld.nr. 48 (1968-69): 2. Faktisk gjekk talet på konsesjonar ned for alle fartøy opp til 200 brt

¹⁷⁹ Innstilling fra fiskefartøykomiteen (1950):17- 20. Oversikta representerte berre halvparten av alle registrerte fartøy i landet. Av fartøya over 70 fot var halvparten eigde av andre enn aktive fiskarar. Dette utgjorde 162 fartøy. Desse var eigde av 127 eigarar. 88 av dei hadde aldri drive fiske.

¹⁸⁰ St. meld. nr. 75 (1953): 7 og St. meld. nr. 105 (1954): 5. Sjå også merkeregisteret for 1948: 30, 32, 604 og 608. Fem av fartøya til Chr. Bjelland var registrerte i 1948, to av A/S Rieber sine.

¹⁸¹ St. meld. nr. 35 (1960-61): 4-5. Av 18 fartøy mellom 100 og 300 brt som fekk konsesjon i 1959, var 15 oppført med enkeltpersonar som eigar. Det peikar i retning av at også dette var aktive fiskarar.

Sjølv om det vart færre konsesjonar blant dei minste fartøya på slutten av 1950-talet, var det samla sett ein stor auke i talet på konsesjonar frå 1951 til 1960. Det var sjølvsagt ulike individuelle årsaker bak kvar konsesjonssøknad. Likevel er det nokre moment som kan forklara auken. For det første danna trålarlova faste og førutseielege rammer for trålfisket. Så lenge konsesjonane vart brukte, var dei i utgangspunktet permanente. Det var ein heilt annan situasjon enn i åra 1946-1951 då konsesjonane stort sett var mellombelse og berre varte eit halvt år om gangen. Grensa på 300 brt førte også til at mange fleire enn tidlegare kunne få innpass i trålfisket. Mellom 1946 og 1951 hadde berre omlag 30 fartøy over 50 brt hatt konsesjon for alle typar tråling og dei fleste konsesjonane hadde vore mellombelse. Det er grunn til å tru at interessa for tråling hadde vore større enn talet på konsesjonar tilsa allereie då og at ein del av fartøya over 50 brt som fekk konsesjon etter 1951 hadde vore interesserte i tråling før dette. I tillegg forsvann ordninga med eigne konsesjonar for sildetråling, så fartøy som ville driva dette fisket måtte skaffa seg småtrålar-konsesjon. Samstundes var trålfisket framleis eit forholdsvis nytt fiske i Noreg og mange ønskte gjerne å prøva ut tråling for å sjå om dette var noko ein kunne satsa på. Ein annan faktor var utbygginga av frysefiletindustrien, som vart planlagt på slutten av 1940-talet. Utover 1950-talet kom etterkvart fleire filetfabrikkar i sving. Den største enkeltaktøren innanfor denne industrien, Findus, starta opp produksjonen i 1952. Ein del av bakgrunnen for å revidera trålarlova hadde vore å skaffa jamnare tilførselar av råstoff til frysefiletindustrien. Stortrålarane var nok viktigare bidragsytarar til denne industrien. Samstundes kan ein rekna med at i alle fall ein del større småtrålarar såg gode moglegheiter i å levera fisk til frysefiletindustrien.

Sannsynlegvis var det mange som skaffa seg konsesjon utan å ha planar om å bruka han med det første. Det heng saman med flåtestrukturen i Noreg på denne tida. Dei norske fiskeria var sesongbaserte, lite spesialiserte, og fiskarane dreiv med fleire ulike former for fiske i løpet av året. Til dømes kunne ein fiska sild på vinteren med snurpenot og driva linefiske etter torsk andre delar av året. Moglegheitene var mange, og fiskarane bytta reiskaper etter kva som passa best til dei ulike fiska. I ein slik situasjon var det greitt å ha ein trålkonsesjon for å kunna gå over til trålfiske, dersom det var nødvendig eller viste seg å vera meir effektivt og lønnsamt enn andre fiske. Ein som hadde dette synet, var Knut Vartdal. Han hadde hatt mellombels trålkonsesjon til "Ramoen", men denne vart ikkje brukt. Då han søkte om ny trålkonsesjon i 1951, skreiv Vartdal at "Hvorvidt baaten snarest vil bli omlagt til traalfiske vil avhenge av sildefiskets utvikling og linefisket ved Vest-Grønland, kontra traalfisket".¹⁸²

¹⁸² Vedlegg til søknad om trålkonsesjon for nr. 70 "Ramoen", 09.07.1951. Fiskeridepartementetets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691. Sjå elles kapittel 2.4.2.

Vidare skreiv Vartdal at han meinte det var viktig å ha trålkonsesjon slik at ein kunne legga om til trålfiske så snart det vart aktuelt. Deltakinga blant småtrålarane var lita i forhold til kor mange som hadde konsesjon. Det tyder på at fleire tenkte som Vartdal. Dessutan var ikkje fiskarane klare over at konsesjonane kunne bli trekte tilbake dersom dei ikkje vart brukte. Det stod ikkje i trålarlova, men var nemnt i sjølve konsesjonspapira, slik at søkjarane ikkje fekk vita om dette før dei hadde fått konsesjon. Tidleg i perioden vart nok mange som vart overraska då dei såg dette, men etter kvart vart det truleg kjent at konsesjonen måtte nyttast for at ein skulle få behalda han.

Det sesongbaserte fisket ser også ut til å ha ført til at ein del fiskarar ønskte å skaffa seg trålkonsesjon for å utnytta rolige periodar mellom sesongane. Det er eit trekk som går att i fleire av konsesjonssøknadene. A/S Rieber skreiv dette då dei søkte om trålkonsesjon for "Fortuna":

"Man ser det som en livsbetingelse nu, at man bør ha anledning til å delta i de forskjellige fangst- og fiskerisesonger alt etter som dette lar seg gjøre. Employering av disse dyre fangstfartøyer mellem sesongene er vanskelig og spesielt er det vår- og forsommersesongen det gjelder. Skal man klare om mulig få endene til å møtes økonomisk må man altså få være med også den tråling (sic)."¹⁸³

Også fleire andre fartøyeigarar gav uttrykk for liknande tankar i sine konsesjonssøknader. Firda Canning i Måløy skreiv følgjande i søknaden sin: "Tillatelse til tråling ønskes gitt leilighetsvis idet fartøyet også driver annet fiske. F.eks. snurpefiske om vinteren".¹⁸⁴ Astrup Holm opplyste at "Båten benyttes til fetsildfiske, loddefiske og nu bli benyttet for tråling på Bjørnøya og Finmarken den resterende del av året [sic]."¹⁸⁵ Det er usikkert om alle desse faktisk nytta trålkonsesjonen sin. Intensjonen bak søknadene ser likevel ut til å vera klar, nemleg å kunna oppretthalda drifta av fiskefartøya også utanom dei store sesongfiskeria. Det ser ut til å ha vore ei oppfatning om at trålfiske var velegna til å frigjera seg frå sesongbasert fiske og få til drift året rundt. I praksis viste det seg at dette ikkje vart gjennomført. I staden vart mykje av småtrålinga ein del av sesongfisket. Det galdt særleg trålinga etter torskefisk.

¹⁸³ Søknad om trålkonsesjon for nr. 300 "Fortuna" 12.12.1952. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

¹⁸⁴ Søknad om trålkonsesjon for nr. 297 "Lull" 13.10.1952. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

¹⁸⁵ Søknad om trålkonsesjon for nr. 681 "Polarfjell" 09.06.1956. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695. Sjå også konsesjonssøknader for nr. 254 "Lundstøskjær" 01.10.1952, Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692, nr. 200 "Krossfjord" 31.05.1952. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692, og nr. 486 "Forsøk" 22.05.1954. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694.

3.4 Den geografiske fordelinga av småtrålar-konsesjonane

Trålkonsesjonane som vart tildelte mellom 1946 og 1951 hadde stort sett vore heimehøyrande på Vestlandet og langs Skagerrakkysten. Ein stor del av småtrålar-konsesjonane høyrde framleis heime på Vestlandet, men Nord-Noreg kom òg sterkare inn i trålfisket. Samstundes var det fleire tradisjonelt viktige fiskeridistrikt som hadde få konsesjonar.

Tabell 3.2: Konsesjonar for småtråling fordelte etter fylke 1951-1960

Fylke	1951-52	1953	1954	1955	1956	1957	1958	1959	1960
Finnmark	18	27	31	42	41	32	34	32	31
Troms	42	69	72	92	98	78	87	92	97
Nordland	18	33	44	56	65	51	48	50	55
Trøndelag	2	4	7	14	15	13	12	14	15
Møre og Romsdal	66	95	108	125	139	128	128	135	153
Sogn og Fjordane	10	19	20	22	22	9	8	7	9
Hordaland/Bergen	31	42	55	58	66	51	46	46	46
Rogaland	44	46	50	56	64	49	48	55	72
Skagerrak-kysten	36	42	48	57	59	49	45	42	46
Totalt	267	377	435	522	569	460	456	473	524

Kjelder: Kjelder: St. meld. nr. 75 (1953), St. meld. nr. 105 (1954), St. meld. nr. 92 (1955), St. meld. nr. 15 (1957), St. meld. nr. 17 (1958), St. meld. nr. 7 (1959), St. meld. nr. 57 (1959-60), St. meld. nr. 35 (1960-61), St. meld. nr. 50 (1961-62)

Møre og Romsdal var det største småtrålarfylket gjennom heile perioden, med rundt $\frac{1}{4}$ av konsesjonane. Nest størst var Troms fylke. Nordland, Hordaland, Rogaland og Skagerrak-kysten var omtrent jamstore gjennom perioden, medan det var ganske få konsesjonar heimehøyrande i Finnmark. Aller færrest konsesjonar var det i trøndelagsfylka og i Sogn og Fjordane. Tabellen viser tydeleg auken i konsesjonar fram til 1956 og nedgangen året etter. Faktisk var det berre Møre og Romsdal og Rogaland som hadde fleire konsesjonar i 1960 enn dei hadde i 1956. Nedgangen i 1957 var elles nokolunde jamt fordelt mellom fylka. Fartøya som fekk inndregne konsesjonane dette året, hadde anten ikkje drive trålfiske eller dei hadde ikkje levert fangstoppgåver til direktoratet slik dei var pålagde å gjera.¹⁸⁶

Kvifor fekk ein denne utviklinga? Det første ein kan sjå på er kvifor Møre og Romsdal og

¹⁸⁶ "Småtrålerne's fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 595

Troms vart dei største småtrålarfylka. Møre og Romsdal hadde hatt eit trålmiljø heilt sidan 1930-talet. Mellom 1946 og 1951 hadde fleire fartøy frå Møre og Romsdal mellombels konsesjon og då den nye trålarlova kom, vart nokre av dei kategoriserte som småtrålarar.¹⁸⁷ Dermed kan ein seia at Møre og Romsdal hadde ein viss tradisjon for tråldrif. Det kan ha vore med på å auka interessa for småtråling då den nye trålarlova kom i 1951. Troms hadde vore nesten fråverande innanfor trålfiske før 1951.¹⁸⁸ Sjølv om Møre og Romsdal og Troms hadde noko ulikt utgangspunkt, er det likevel nokre felles trekk som kan forklara kvifor dei vart dei to viktigaste småtrålarfylka. I begge fylka hadde ein visse tradisjonar for å driva havfiske. Særleg i Møre og Romsdal hadde det over lang tid bygd seg opp ein flåte som dreiv fiske i fjerne farvatn. Samstundes låg fylket i ein unik geografisk posisjon, i skjeringspunktet mellom dei tradisjonelle silledistrikta og torskedistrikta. I tillegg fanst det rike fiskebestandar på Storegga, ikkje så langt ut frå kysten. Havfisket i Møre og Romsdal skal ha røter heilt tilbake til 16-1700-talet, då dei første fiskarane prøvde seg på fiske på Storegga. På slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet vart fisket utvida til nye område, mellom anna til Island på sildefiske og etterkvart linefiske etter torsk. I mellomkrigstida kom ein også i gang med linefiske etter torsk ved Grønland.¹⁸⁹

Også i Troms var det ein viss tradisjon for havfiske, mellom anna linefiske ved Bjørnøya, eit fiske som hadde teke seg kraftig opp i mellomkrigstida. I følge Eivind Kristiansen førte brukskollisjonar med utanlandske trålarar til at mange linefartøy som dreiv ved Bjørnøya la om til tråldrif på slutten av 1950-talet.¹⁹⁰ Troms og Møre og Romsdal var også senter for selfangstflåten i Noreg. Selfangsten hadde lang tradisjon, og var driven mellom anna ved Newfoundland og i Vestisen.¹⁹¹ Poenget er at det både i Møre og Romsdal og Troms var tradisjon for å reisa langt for å få fangst, og for å driva heile året. Truleg har dette medverka til at ein såpass stor del av fartøya frå desse to fylka fekk trålkonsesjon. For det første var dei vane med å utvida fangstfeltet for å oppretthalda fangstane. Det gjorde det nok også lettare å ta i bruk nye fiskemetodar. For det andre hadde dei fartøy som var store nok til å driva trålfiske. Som nemnt var ein avhengig av kraftige maskiner for å driva trålfiske skikkeleg. Det kan òg sjå ut til at ein del av havfiskeflåten vart tvinga til å gå over til tråling på grunn av vanskar

¹⁸⁷ "Syrian" og "Ramoen" var under 300 brt og vart difor kategoriserte som småtrålarar etter trålarlova av 1951. I tillegg var "Ertnan" kategorisert som småtrålar. Denne hadde fast trålkonsesjon etter trålarlova av 1939 og var då heimehøyrande i Harstad. I 1951-52 er han registrert i Smøla. Sjå St. meld. nr. 75 (1953): 6 og 7.

¹⁸⁸ I Troms hadde to fartøy over 50 brt hatt konsesjon, i tillegg til to fartøy under 50 brt og nokre sildetrålkonsesjonar.

¹⁸⁹ Døssland og Løseth 2006: 32-33, 102-104, 282, 292-297

¹⁹⁰ Kristiansen 2000: 43-45, 47

¹⁹¹ Døssland og Løseth 2006:110 og 391-393

med å skaffa nok mannskap. Dette var eit problem etter krigen.¹⁹² Nokre fartøyeigarar oppgav dette som årsak til at dei ønskte trålkonsesjon i søknadene sine.¹⁹³ Det var likevel langt frå alle fartøy i desse to fylka som skaffa seg trålkonsesjon. Truleg var gode fangstar med andre reiskaper ei av årsakene til dette. Så lenge linefisket og sildefisket var bra, var det ikkje alle som såg nokon grunn til å leggja om til trålfiske.

Dei små skilnadane i konsesjonstala mellom Nordland, Hordaland, Rogaland og Skagerrakkysten er også spesielle. Ser ein fiskeflåten under eitt, var det store skilnader mellom desse distrikta. Nordland var fylket med klart flest fiskefartøy i denne perioden. Her var det omlag fire gonger fleire fartøy enn på Skagerrakkysten. Også i Rogaland og Hordaland var det registrert mange færre fartøy enn i Nordland.¹⁹⁴ Over halvparten av fartøya under 50 brt med konsesjon etter trålarlova av 1939 kom frå Skagerrakkysten. Desse kom i hovudsak frå Hvaler og Flekkerøy. Denne trenden heldt til ein viss grad fram også etter 1951. I 1952 var det registrert 36 fartøy frå Skagerrakkysten med småtrålkonsesjon. Av desse var 12 frå Flekkerøy og 12 frå Hvaler. Det var ein viss nedgang frå 1950. Truleg var det nokre som ikkje fornya konsesjonen då den nye trålarlova kom i 1951.¹⁹⁵ Gjennom heile 1950-talet var nesten alle konsesjonane frå Skagerrakkysten registrerte i Vest-Agder og Østfold. Dei to fylka var nokolunde jamstore.¹⁹⁶ Så mange konsesjonar var det ikkje snakk om, og ikkje alle var frå Flekkerøy og Hvaler. Likevel er det grunn til å tru at desse småtrålmiljøa vart oppretthaldne også utover 1950-talet. Ein viktig grunn var truleg at ein kom i gang med sildetråling i Skagerrak frå 1952. Tilsvarande fiske vart allereie drive av svenske og danske fiskarar.¹⁹⁷ Truleg var norske fiskarar inspirert av dei utanlandske kollegaene sine. For fiskarar langs kysten av Sør- og Austlandet låg fangstfeltet i Skagerrak lett tilgjengelege, og då ein frå 1952 fekk levera silda til ein fabrikk i Randesund, tok dette fisket seg snart opp.

¹⁹² *ibid*: 388

¹⁹³ Søknad om konsesjon for nr. 687 "Thorstein" 18.05.1956. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695 og Søknad om konsesjon for nr. 248 "Polarulv" 24.09.1952. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692. Nr. 791 "Andfjord" 29.03.1958 oppgav at mannskapet ikkje ville kosta nye liner, truleg på grunn av brukskollisjonar med utanlandske trålarar. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0696.

¹⁹⁴ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 6-7 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20. Det var registrert meir enn 3 000 fartøy over 20 fot i Nordland både i 1948 og 1960. I Rogaland var det registrert omlag 900 fartøy begge år. I Hordaland (inkl. Bergen) var det registrert omlag 1100 i 1948 og nesten 1 000 i 1960.

¹⁹⁵ Sjå kapittel 2.5. I 1950 hadde 18 fartøy frå Hvaler og 22 fartøy frå Flekkerøy konsesjon for trålarar under 50 brt.

¹⁹⁶ I Vest-Agder var det høgaste talet på konsesjonar i perioden 26 og det lågaste 16, medan det høgaste i Østfold var 27 og det lågaste 13. "Småtrålnernes fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 46/1956: 617 og "Trålnernes fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 144.

¹⁹⁷ Dannevig og van der Eynden 1986: 231

Fiskefartøy frå Rogaland og Hordaland hadde vore leiande i sildetrålinga frå 1946 til 1951.¹⁹⁸ Dei første åra på 1950-talet gav dette fisket dårleg utbytte. Det freista nok ikkje mange til å prøva dette fisket, og kan vera med på å forklara kvifor ikkje fleire fartøy frå desse to fylka skaffa seg trålkonsesjon. Samstundes samla islandssildfisket stor deltaking gjennom heile perioden. Mange av fartøya som deltok her kom frå Rogaland og Hordaland.¹⁹⁹ Sildetrålinga og islandssildfisket gjekk føre seg samstundes, og så lenge sildetrålinga gav dårlege fangstar, var det nok mange som heller prioriterte islandssilda. Sildetrålinga møtte også konkurranse frå vintersildfisket, som først og fremst var eit vestlandsfiske.²⁰⁰ Den gode tilgangen på vintersild gav truleg så gode inntekter at mange ikkje såg behovet for å investera i annan reiskap. Etter at vintersildfisket svikta på slutten av 1950-talet tok sildetrålinga seg opp att, og Rogaland vart eit senter for dette fisket.²⁰¹ Det viser også att i konsesjonstildelingane. Frå 1958 til 1960 steig talet på småtrålar-konsesjonar frå 48 til 72 i Rogaland. Oversiktene over småtrålarfisket viser at nesten ingen fartøy frå Rogaland dreiv med tråling etter torskefisk på slutten av 1950-talet.²⁰² Det peikar i retning av at konsesjonshavarane frå Rogaland først og fremst skaffa seg konsesjon for å driva sildetråling. I Hordaland gjekk derimot talet på konsesjonar ikkje opp att etter inndragingane i 1957. Det kan tyda på at hordalendingane ikkje var fullt så involverte i sildetrålinga på slutten av 1950-talet som det rogalendingane var. Ein del av fartøya frå Hordaland tråla etter torskefisk, i motsetnad til fartøya frå Rogaland.

Nordland var fylket med klart flest fiskefartøy gjennom heile 1950-talet. Likevel var det ikkje meir enn 65 fartøy på det meste som hadde trålkonsesjon frå dette fylket. Det har samanheng med den geografiske plasseringa av fylket. Det årlege innsiget av gytande torsk til kysten av Nordland var grunnlaget for det største torskefisket i Noreg; lofotfisket.²⁰³ Saman med vintersildfisket var lofotfisket det fisket som samla størst deltaking i Noreg. Nærleiken til rike fangstfelt gjorde truleg at nordlandske fiskarar ikkje hadde behov for å ta i bruk trål. Så lenge lofotfisket var godt trengde ein ikkje å reisa langt for å få gode fangstar, og då kunne ein greia

¹⁹⁸ Sjå kapittel 2.6.

¹⁹⁹ Fram til 1954 gav Norges Fiskerier fylkesvise oversikter over deltakinga i islandssildfisket. Alle åra kom det flest båtar frå Rogaland og Hordaland (inkl. Bergen), med Møre og Romsdal som det 3. største fylket. Til dømes deltok 84 fartøy frå Rogaland, 73 frå Hordaland og 45 frå Møre og Romsdal i 1953. Norges Fiskerier 1950: 52, Norges Fiskerier 1951: 55, Norges Fiskerier 1952: 47, Norges Fiskerier 1953: 29, Norges Fiskerier 1954: 26.

²⁰⁰ Vintersildfisket gav enorme fangstar fram til 1956. Mellom 1954 og 1956 låg fangstane på omlag éin million tonn årleg. Sjå Norges Fiskerier 1955: 13 og Norges Fiskerier 1956: 13.

²⁰¹ Sjå kap 3.9.

²⁰² "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 144

²⁰³ Til tider var vårtorskefisket i Finnmark større. Skreifisket gav til tider svært gode fangstar på 1950-talet. I 1951 var fangstmengda 149 000 tonn sløgd skrei. På slutten av 1950-talet var fangstmengdene mindre. I 1957 var fangsten berre 59 500 tonn. Sjå Norges Fiskerier 1960: 78-79.

seg med tradisjonelle reiskaper som garn, liner og juksa. Fisket i Nordland var i stor grad prega av småskaladrift, og fiskeflåten i fylket bestod av mange små fartøy som ikkje var eigna til tråling.²⁰⁴

I Finnmark ser ein same tendens som i Nordland på denne tida. Frysefiletindustrien som vart oppbygd i Finnmark på 1950-talet etterspurde jamne leveransar av råstoff. Likevel var det berre mellom 30 og 40 småtrålar-konsesjonar i dette fylket. Svaret ligg truleg i vårtorskefisket som føregjekk på Finnmarkskysten kvart år. Til tider var dette fisket nesten like stort som lofotfisket. Dermed trengte heller ikkje fiskarar frå Finnmark å reisa langt for å få store fangstar. Også i Finnmark var store delar av flåten små fartøy som var ueigna til trålfiske.²⁰⁵ I Sogn og Fjordane var det også få fartøy med trålkonsesjon. Her har truleg vintersildfisket spelt inn. Silda kom som regel inn mot land mellom Ålesund og Florø.²⁰⁶ Det gjorde at fartøy frå Sogn og Fjordane hadde kort veg til fiskefeltet. Også fiskeindustrien basert på sild bygde ut i Sogn og Fjordane på denne tida. Det ser ut til at me her er inne på ei overordna forklaring på kvifor trålinga ikkje fekk større gjennomslag i Noreg. Torsk og sild kom årleg heilt inn til kysten i store mengder. I tillegg var det mogleg å driva andre former for fiske i kystnære farvatn gjennom store delar av året. Dermed var det ikkje nødvendig å utrusta store fartøy for å fiska i fjerne farvatn. Fisken kunne fangast med små fartøy og liten kapitalinnsats. Den norske fiskeflåten var så differensiert, og hadde så gode fangstmoglegheiter langs kysten at det for dei fleste ikkje var nødvendig å gå over til trålfiske. På stadene der det var tradisjon for å reisa lenger for å komma til fangstfelt, var det derimot fleire som skaffa seg trålkonsesjonar. Truleg medverka både sesongfiskeria og flåtestrukturen også til at mange av dei som hadde konsesjon valde å ikkje bruka han.

3.5 Inndraginga av konsesjonar – kvifor var det så få som deltok?

I løpet av 1957 trekte Fiskeridepartementet tilbake 151 konsesjonar som var tildelte før 1954. To av konsesjonane tilhørte stortrålalarar, resten var småtrålalarar. Bakgrunnen for inndragingane var at svært mange av konsesjonshavarane anten ikkje dreiv trålfiske, eller ikkje leverte fangstoppgåver, slik dei var pålagde. Fiskeridirektøren peika på dette allereie i 1954, og sidan vart spørsmålet følgd opp av fiskerikomiteen på Stortinget.²⁰⁷ Truleg ønskte fiskeridirektøren at flest mogleg av konsesjonshavarane faktisk nytta konsesjonane sine, slik at talet

²⁰⁴ Over 2 000 av fartøya i Nordland var under 40 fot både i 1948 og i 1960. Fiskeritelling 1948 annet hefte: 6-7 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20.

²⁰⁵ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 6-7 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20.

²⁰⁶ Kolle 2012: 4

²⁰⁷ St. meld. nr. 105 (1954): 4 og St. meld. nr. 7 (1959): 3

på konsesjonar spegla deltakinga i trålfisket mest mogleg. I eit brev til departementet argumenterte fiskeridirektøren med at sidan trålarlova skulle kontrollere utviklinga av trålar-næringa, var det viktig å halda oversikt over alle fartøy som dreiv trålfiske. Difor meinte han at det var lite rasjonelt at oversiktene inneheldt mange fartøy som ikkje vart brukt til tråling.²⁰⁸ Denne tankegangen står ikkje i stil med den forholdsvis liberale praksisen med konsesjons-tildelingar som Fiskeridirektoratet stod for elles.

Det er vanskeleg å få klarheit i den totale deltakinga i trålfisket, fordi det vart tråla etter ulike typar fisk, og det ikkje finst noko samla oversikt over fisket. Stortingsmeldingane med oversikter over trålkonsesjonane inneheldt også oversikter over deltakinga, men desse er ofte ufullstendige. Det gjeld særleg oversiktene for dei siste åra av 1950-talet. Det er først og fremst fordi mange av fartøya ikkje hadde sendt inn fangstoppgåver før oversiktene vart trykte.²⁰⁹ Småtrålinga etter torskefisk finst det gode tal for, og dei vart publiserte i *Fiskets Gang* kvart år. Deltakartala for sildetrålinga og brislingtrålinga vart publiserte i *Norges Fiskerier*. Ein får likevel ikkje fram den totale deltakinga blant småtrålarane ved å slå saman tala frå dei tre fiska. For det første var det truleg ein viss overlapping mellom desse tre. Det gjeld særleg sildetrålinga og brislingtrålinga, som føregjekk til dels i same område og med trålreiskap som var forholdsvis lik. Kor stor denne overlappinga var, veit ein ikkje. I tillegg er tala for silde- og brislingtrålinga noko usikre, fordi ein del av dette fisket etterkvart føregjekk med flytetral. Fiske med flytetral var ikkje konsesjonspliktig, og difor var det truleg ein del fartøy som deltok i desse to fiska utan å ha trålkonsesjon.

Vinteren 1957 kontakta direktoratet alle fartøy som hadde fått konsesjon før 1954 og ikkje hadde brukt konsesjonen. I alt dreidde det seg om 173 fartøy, inkludert stortrålarar. Nokre av desse meldte tilbake at dei hadde delteke i trålfiske, men totalt fekk 147 av fartøya trekte tilbake konsesjonane sine.²¹⁰ Sidan dette berre var fartøy som hadde fått konsesjon i tidsrommet 1951-1953 var truleg talet på fartøy som ikkje dreiv trålfiske endå høgare. Då inndragingane vart gjennomført i 1957 var deltakartala for 1955 dei ferskaste ein hadde. Direktoratet meinte at berre 178 fartøy hadde delteke i trålfiske i løpet av året.²¹¹ Det er truleg

²⁰⁸ "Lov av 20.april 1951 om fiske med trål. Inndraging av tråltillatelse som ikke nyttes." Brev frå fiskeridirektøren til fiskeridepartementet 31.05.1955. I Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403

²⁰⁹ Til dømes var oversikta over deltakinga i 1957 trykt 6.januar 1958. Då mangla direktoratet oppgåver frå halvparten av småtrålarane. Sjå St. meld. nr. 7 (1959): 4

²¹⁰ Kgl. res av 18.oktober 1957 om inndraging av trålkonsesjon for "M/S Polaris" og "M/S Polarsirkel". I Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403. I alt vart 151 konsesjonar trekte tilbake i 1957. Dei fire siste vart truleg trekte tilbake fordi fartøya vart selde. St. meld. nr. 7 (1959): 3

²¹¹ Kgl. res av 18.oktober 1957 om inndraging av trålkonsesjon for "M/S Polaris" og "M/S Polarsirkel" og St.

eit noko lågt tal, for andre kjelder viser at det deltok 160 fartøy i småtrålinga etter torskefisk og 58 fartøy i sildetrålinga dette året, i tillegg til 17 stortrålarar.²¹² Sjølv om ein tek hensyn til ei viss overlapping mellom småtrålinga etter torskefisk og sildetrålinga kan ein gå ut i frå at deltakinga var noko høgare enn 178. Likevel er det klart at mange av konsesjonshavarane ikkje deltok i trålfisket. Dette biletet vert forsterka dersom ein ser på den neste store inndraginga, som vart gjennomført i 1961. Då vart 177 konsesjonar inndregne.²¹³ Dei to inndragingane viser tydeleg at det gjennom heile 1950-talet var ein stor del av konsesjonshavarane som ikkje nytta konsesjonane sine.

Som vist var dei norske fiskeria konsentrert rundt dei store sesongfiskeria. Det var dessutan vanleg å skifta reiskaper etter kva fiske ein deltok i i løpet av året. Dette var bakgrunnen for at såpass få fartøy skaffa seg trålkonsesjon i løpet av denne perioden. Men truleg førte dei allsidige moglegheitene også til at mange av konsesjonshavarane ikkje nytta konsesjonane sine. Som tidlegare nemnt søkte mange truleg om konsesjon utan å ha umiddelbare planar om å bruka han. Dei allsidige fiskefartøya gjorde at det var mogleg å leggja om til tråldriften utan altfor mykje arbeid. Derfor kunne det vera greitt å ha ein trålkonsesjon i bakhand, i tilfelle anna fiske slo feil. Sitatet frå Knut Vartdal viser denne tankegangen tydeleg. Så lenge sesongfiskeria var bra, var det ikkje så mykje grunn til å leggja om til trålfiske. Truleg spelte det også inn at fiskarane ikkje var klare over at konsesjonane kunne trekkast tilbake. All den tid fiskarane trudde at konsesjonen varte så lenge ein eigde fartøyet, var terskelen truleg lågare for å søkja om trålkonsesjon utan å ha planar om å nytta han med det første. Etter den første inndraginga i 1957, då det vart kjent at konsesjonar kunne trekkast tilbake, skulle ein såleis tru at terskelen for å søkja konsesjon vart noko høgare. Ein viss nedgang i søkjartala kan ein også sjå på slutten av 1950-talet.²¹⁴

3.6 Småtrålarfisket 1951-1960

I hovudsak vart det drive tre ulike fiske av småtrålarar: tråling etter torskefisk, sildetråling i Nordsjøen og brislingtråling i Skagerrak. Dei tre fiska utvikla seg på ulike måtar i løpet av 1950-talet. Dei to sistnemnde kom i gang i 1946. Då var fangstane låge og stod ikkje i stil

meld. nr. 17 (1958): 3. Departementet meinte at 314 fartøy ikkje hadde nytta trålkonsesjonen dette året, i tillegg til at 51 fartøy verken hadde sendt inn fangsmeldingar eller melding om konsesjonen ikkje hadde vorte nytta. Talet på konsesjonar i 1955 var 543, inkludert 21 stortrålarar.

²¹² Norges Fiskerier 1955: 24 og 31, "Stortrålernes fiske i 1955". I: *Fiskets Gang* 40/1956: 542 og "Småtrålernes fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 46/1956: 617.

²¹³ St. meld. nr. 34 (1962-63): 2-3

²¹⁴ Sjå St. meld. nr. 15 (1957): 3, St. meld. nr. 17 (1958): 2, St. meld. nr. 7 (1959): 2, St. meld. nr. 57 (1959-60): 2, St. meld. nr. 35 (1960-61): 2, St. meld. nr. 50 (1961-62): 2. Talet på konsesjonssøknader for småtrålarar var slik: 1955: 114, 1956: 76, 1957: 64, 1958: 35, 1959: 50, 1960: 80.

med deltakinga. På byrjinga av 1950-talet var sildetrålinga inne i ein dårleg periode, men dei siste åra av tiåret tok deltakinga seg kraftig opp. Fangstane var likevel låge gjennom heile perioden. I tillegg til sild vart det tråla etter tobis og augepål frå slutten av 1950-åra. Brislingetrålinga gav gode fangstar nokre år på 1950-talet, men mot slutten av tiåret vart fangstkvantumet mindre og mindre, og forsvann til slutt heilt. Småtrålinga etter torskefisk hadde vore driven i liten grad før 1951. I løpet av 1950-åra vart denne forma for småtråling etterkvart forholdsvis stor, og gav årlege fangstar på over 20 000 tonn.

3.7 Trålinga etter torskefisk

Frå 1953 publiserte Fiskeridirektoratet egne årsmeldingar om småtrålarane i *Fiskets Gang*. Meldingane inneheldt fangstoppgåver om trålinga etter torskefisk, medan trålinga etter sild og brisling var utelaten. I tillegg til oversikter over dei totale fangstane, inneheldt meldingane også opplysningar om driftstid, deltakartal, storleiken på fartøya som deltok, kor fartøya kom frå, kor fisken var fanga og kvar og når han var ført i land. Meldingane gjev såleis ei detaljert oversikt over korleis fisket vart drive. Dessverre finst det ikkje slike meldingar for 1951 og 1952. Store delar av fangstane vart tekne som ein del av vårtorskefisket i Finnmark. I *Norges Fiskerier* finst det oversikter over dette fisket, og frå 1952 var småtrålinga inkludert i talmaterialet. Det er altså berre året 1951 eg ikkje har lukkast å finna informasjon om. Sidan dette var året den nye trålarlova tredde i kraft, vart det truleg ikkje drive særleg mykje småtrålarfiske etter torskefisk dette året. Lova vart ikkje gjeldande før 1. juli, og i tillegg tok det sannsynlegvis litt tid før dei første søknadene vart godkjende.

Frå 1953 og framover auka både deltakinga og trålfangstane forholdsvis mykje. Det same gjorde deltakinga i fisket. I 1953 fiska 99 fartøy nærare 12 000 tonn. Tre år seinare vart toppen nådd. Då fiska 178 fartøy omlag 27 000 tonn.²¹⁵ Sidan gjekk både fangstane og deltakinga litt tilbake. I tillegg til torsk vart det teke ein del annan fisk, mest hyse og sei. I oversiktene frå *Fiskets Gang* vart det operert med fem ulike fangstkategori: Torsk, hyse, sei, uer og "annet og uspesifisert". Den siste kategorien var nok stort sett bifangst som vart teke i lag med torskefangstane. Også fangstane av uer og sei var stort sett små, men hysefangstane var til tider forholdsvis store.²¹⁶ Likevel var det torsken som stod for størsteparten av fangstane for småtrålarane. I alle fall 2/3 av fangstmengda var torsk stort sett kvart år.²¹⁷

²¹⁵ "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 582-583 og "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 575 og 578.

²¹⁶ "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 143. Til dømes vart det teke 4 606 tonn hyse i 1955.

²¹⁷ "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 583 og "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 143 I 1954 var berre 5 400 tonn torsk, av ein totalfangst på 11 800 tonn.

Tabell 3.3: Deltaking og fangstar i småtrålarfisket etter torskefisk 1952-1960 (tonn)

År	Deltaking	Fangstar 1)	År	Deltaking	Fangstar
1952	62	?	1957	168	24 176
1953	99	11 976	1958	169	24 868
1954	135	11 809	1959	137	26 680
1955	160	23 909	1960	139	20 492
1956	178	27 091	-	-	-

Kjelder: *Fiskets Gang*: 26/1954, 44/1955, 46/1956, 47/1957, 46/1958, 10/1960, 02/1961, 10/1962

1) Fangstane er det totale fangstkvantumet, inkludert biprodukta lever og tran.

Fiskeridirektoratet gjekk ut i frå at det var ein viss underrapportering av fangstane, og at det totale fangstkvantumet låg 5-10 prosent høgare enn det som kjem fram i denne tabellen. Frå 1953 til 1956 vart fangstkvantumet meir enn dobla. Samstundes auka også deltakinga, frå 99 fartøy til 178 fartøy. Den gjennomsnittlege driftstida gjekk også opp.²¹⁸ Fisket vart altså drive meir intensivt etter kvart. Truleg var dei første åra eit prøvafiske for mange av fartøya. Tråling etter torsk var trass alt eit nytt fiske for mange. Difor tok det nok tid før ein fekk trålen til å gå skikkeleg, og før ein fann fram til stader der det var gode fiskeforekomstar og god botn for tråling. Den store fangsauken frå 1954 til 1955 kan tyda på at det var mange som først frå 1955 kom i gang med trålinga for alvor. No var det sjølv sagt også andre årsaker til denne auken. For det første kom fleire med i trålfisket. For det andre opplyste direktoratet at det var svært gode forhold for trålarane i 1955. Det var mykje fisk på feltet, og han stod i stor grad på botn som var god å tråla på.²¹⁹ Frå 1957 var det ein nedgang i fangstkvantumet. Han var rett nok ikkje stor, og i 1959 var fangsten nesten like god som i 1956. Truleg kan til dette til dels forklarast ut i frå naturlege svingingar, som vêrforhold og kor fisken stod på fiskefelta.²²⁰ Først i 1960 gjekk fangsten mykje ned. Dette året var det dårlegaste sidan 1954. I følgje direktoratet var årsaka at vårtorskefisket var dårleg. I tillegg til at fangstane vart mindre frå 1957, gjekk også deltakinga ned frå og med dette året. Dei to første åra var ikkje nedgangen særleg stor. I 1959 sank derimot deltakinga med 30 fartøy. Det var truleg ein nedgang som vart merka. I så måte var fangstane i 1959 svært gode. Nedgangen i deltakinga vart ikkje forklart av Fiskeridirektoratet. Det er underleg at så mange trekte seg ut av trålfisket, all den tid småtrålarfangstane trass alt var gode. Talet på trålkonsesjonar auka også frå 1958 til 1959,

²¹⁸ Gjennomsnittleg driftstid steig frå 8,0 veker i 1953 til 12,8 veker i 1956. "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 586 og "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 143

²¹⁹ "Småtrålerne fiske i 1956" (sic). I: *Fiskets Gang* 46/1956: 618

²²⁰ "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 597 og "Småtrålerne fiske i 1958". I: *Fiskets Gang* 10/1960: 147-148

noko som gjer nedgangen i deltakinga endå vanskelegare å forklara. I 1960 var deltakinga omtrent lik som året før, samstundes som 50 fleire fartøy hadde trålkonsesjon enn året før.

I hovudsak skuldast nedgangen at mange av dei minste fartøya trekte seg ut av trålinga. I 1956 hadde 85 fartøy under 50 brt drive trålfiske etter torskefisk. I 1960 var det berre 47 fartøy av denne storleiken som deltok.²²¹ Kanskje gjekk dei over til anna fiske, fordi småtrålinga ikkje gav nok avkastning. Rett nok viser lønnsundersøkingane til Fiskeridirektoratet at fartøy av denne storleiken gjekk med overskot frå 1957 til 1960.²²² Men desse undersøkingane baserer seg på opplysningar berre frå ein del av småtrålarane. Undersøkinga frå 1960 inneheld til dømes berre rekneskapstal frå 23 fartøy under 50 brt. Dessutan var det store skilnader i kor mykje dei ulike fartøya tente. Enkelte fartøy tente nesten ingenting, medan andre hadde inntekter på over 100 000 kr.²²³ Dermed var det ikkje unaturleg at ein del av fartøya som tente minst trekte seg ut etterkvart. Samstundes var dei økonomiske tilhøva dårlegare for større småtrålarar. Frå 1956 til 1958 gjekk desse fartøya stort sett med underskot. Dei to neste åra dreiv dei derimot med overskot.²²⁴ Deltakinga i fisket var geografisk konsentrert, slik trålkonsesjonane var.

²²¹ "Trålernes fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 144

²²² "Småtrålernes lønnsomhet i 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 129

²²³ "Småtrålernes lønnsomhet i 1958". I: *Fiskets Gang* 17/1960: 249 og "Småtrålernes lønnsomhet i 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 130

²²⁴ Småtrålernes lønnsomhet i 1958". I: *Fiskets Gang* 17/1960: 248 og "Småtrålernes lønnsomhet i 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 129. Undersøkingane opererer ikkje med tal frå fartøy som er høgare enn 199 brt. Fartøy mellom 100 og 199 brt som dreiv fiske utanfor Finnmark i 1956 gjekk i gjennomsnitt 17 900 kr i minus, i 1957 - 8000 og i 1958 -13 000. Fartøy i same storleik som dreiv ved Bjørnøya og Spitsbergen gjorde det litt betre, og gjekk 11 600 i pluss i 1956, -4 300 i 1957, -12 800 i 1958, + 21 200 i 1959 og + 4 200 i 1960. For 1959 og 1960 gjeld tala både for fiske ved Finnmarkskysten og ved Bjørnøya.

Tabell 3.4: Deltakinga i småtrålarfisket etter torskefisk fordelt fylkesvis 1953-1960

Fylke	1953	1954	1955	1956	1957	1958	1959	1960
Finnmark	10	11	17	12	6	12	10	8
Troms	16	20	23	33	48	44	47	42
Nordland	7	8	15	22	16	19	10	10
Trøndelag	1	1	2	4	4	5	2	4
Møre og Romsdal	30	51	57	68	73	71	60	60
Sogn og Fjordane	5	3	4	4	0	0	0	1
Hordaland/Bergen	17	23	23	19	11	17	8	10
Rogaland	6	9	9	6	7	1	0	2
Skagerrak-kysten	7	9	10	10	3	0	0	2
Totalt	99	135	160	178	168	169	137	139

Kjelder: *Fiskets Gang*: 44/1955, 46/1956, 47/1957, 46/1958, 10/1960, 02/1961, 10/1962

Den første halvdel av 1950-talet deltok fartøy frå heile kysten. Etter 1957 gjekk deltakinga noko ned, og fleire fylke fall heilt ut frå småtrålinga etter torskefisk. I Sogn og Fjordane forsvann nesten samtlege konsesjonar på slutten av 1950-talet, så nedgangen her kan forklarast ut i frå det. På Skagerrakkysten vart det oppretthalde eit visst tal konsesjonar, og Rogaland hadde endåtil ein auke i konsesjonar. Når nesten ingen av desse deltok i småtrålinga etter torskefisk, er det truleg fordi dei skaffa seg konsesjon for å driva sildetråling. Svært mange av dei som deltok i småtrålinga etter torskefisk kom frå Møre og Romsdal. Dette var også fylket med flest småtrålar-konsesjonar. På same måte hadde Troms nest flest konsesjonar og nest flest deltakande fartøy gjennom store delar av perioden. Slikt sett spegla deltakinga i dette fisket i stor grad konsesjonstildelingane i perioden.

3.7.1 Småtrålarane og vårtorskefisket i Finnmark

Småtrålarane fiska på ulike felt utanfor kysten av Noreg og i Barentshavet. Først og fremst vart fangstane teke utanfor Aust-Finnmark og ved Bjørnøya. Grunnen til det er at mange småtrålarar deltok i vårtorskefisket i Finnmark. I løpet av 1950-talet utvikla småtrålinga seg til å bli ein viktig del av dette fisket, og etterkvart vart mykje av fangstkvantumet teke av småtrålarane. Noko av fangstane vart teke på bankane utanfor Møre. Elles vart det enkelte år teke gode fangstar ved Svalbard. Truleg var det dei største småtrålarane som fiska her. Vårtorskefisket i Finnmark var eit av dei store sesongfiskeria i Noreg og fann stad i tidsrommet april til juni kvart år. Fangstane var ungtorsk frå den norsk-arktiske torske-

stammen, som kom inn til kysten av Finnmark for å beita på lodde. I tillegg vart det teke ein del annan fisk, særleg hyse. Tradisjonelt vart fisket drive med line, garn, juksa og not. Frå 1952 kom også småtrålarane med, og på slutten av 1950-talet dreiv også ein del stortrålarar dette fisket. I løpet av 1950-talet hadde vårtorskefisket enkelte gode år, og gav tidvis betre fangstar enn lofotfisket.

Tabell 3.5: Torsk teke av småtrålarar og dei samla torskefangstane frå vårtorskefisket i Finnmark 1952-1960 (prosentvis andel av samla torskefangstar i parantes)

År	Totalfangst (tonn)	Fangstar tekne av småtrålarar (tonn)	År	Samla fangstar	Fangstar tekne av småtrålarar (tonn)
1952	38 803	2 343 (6%)	1957	52 143	ca 8 000 (15%)
1953	42 218	ca 5 400 (13%)	1958	69 299	ca 10 600 (15%)
1954	20 339	ca 3000 (15%)	1959	52 484	ca 14 000 (27%)
1955	47 105	ca 11 500 (24%)	1960	39 479	ca 12 800 (32%)
1956	52 695	ca 15 300 (29%)	-	-	-

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1952-1960, *Fiskets Gang* 11/1961 og 09/1962

Fangsttala frå *Norges Fiskerier* for småtrålarane under vårtorskefisket er jamt over for høge samanlikna med oversiktene frå *Fiskets Gang*. I følgje desse vart det ikkje ført i land så mykje torsk frå småtrålarane mellom april og juni som tala frå *Norges Fiskerier* tilseier.²²⁵ Truleg skuldast det feil i innrapporteringa. Frå 1958 vart fangstar frå stortrålarar inkluderte i tala frå *Norges Fiskerier*. Truleg deltok enkelte stortrålarar deltok i vårtorskefisket også før dette.

Difor er fangsttala for småtrålarane mellom 1953 og 1960 henta frå lønnssemdundersøkingane til Fiskeridirektoratet. Desse stemmer meir overeins med oversiktene frå *Fiskets Gang*. Det er ikkje mogleg å få tala til å stemma heilt overeins, fordi noko av fisken som vart landa desse månadene truleg ikkje kom frå vårtorskefisket. Sjølv om ein tek omsyn til desse feila er det liten tvil om at småtrålarane utgjorde ein viktig del av vårtorskefisket i denne perioden. I følgje Fiskeri-direktoratet leverte småtrålarane mellom omlag 15 og 32 prosent av fangstane frå dette fisket i perioden 1953-1960.²²⁶ Det er mykje når vårtorskefisket samla mellom 2000 og 3000 fartøy kvart år i denne perioden.²²⁷ Kor mange småtrålarar som deltok i vårtorskefisket har eg ikkje lukkast i å finna tal for. Sjølv om samtlege av småtrålarane i tabell 3.3

²²⁵ Tala frå *Norges Fiskerier* skil mellom torsk og annan fisk.

²²⁶ "Småtrålerne lønnsomhet 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 127.

²²⁷ *Norges Fiskerier* 1952: 102, *Norges Fiskerier* 1953: 85, *Norges Fiskerier* 1954: 82, *Norges Fiskerier* 1955: 81, *Norges Fiskerier* 1956: 88, *Norges Fiskerier* 1957: 83, *Norges Fiskerier* 1958: 87, *Norges Fiskerier* 1959: 85, *Norges Fiskerier* 1960: 83.

skulle ha delteke, utgjorde ikkje desse meir enn i overkant av 5 prosent den samla deltakinga i vårtorskefisket. Såleis må småtråling ha vore mykje meir effektivt og gjeve betre gjennomsnittlege fangstar enn dei andre reiskapane gjorde. Småtrålarane stod også for ein del av fangstane frå vårtorskefisket som ikkje var torsk.²²⁸

I følgje direktoratet vart nesten 70 prosent av småtrålarfangstane landa mellom april og juni, då dette fisket gjekk føre seg.²²⁹ Resten av fangstane vart for det meste teke i tredje kvartal, med juli som den beste månaden.²³⁰ Det sterke fokuset på vårtorskefisket viser også att i oversiktene over dei viktigaste fangstfeltene for småtrålarane. Her dominerte feltene utanfor kysten av Aust-Finnmark og rundt Bjørnøya. Desse stod stort sett for minst 2/3 av dei totale småtrålarfangstane kvart år. Hovudtyngda av vårtorskefisket fann stad utanfor Aust-Finnmark. Tabell 3.7 samanliknar fangstane frå dei viktigaste fiskefeltene med dei totale fangstane kvart år frå 1953 til 1960. Summen av fangstane frå dei tre fangstfeltene tilsvarar ikkje totalfangsten. Det vart også fiska på andre felt i tillegg til desse. For ein del av fangstane er det dessutan ikkje opplyst kor dei er tekne. Enkelte år utgjorde dette mykje fisk.²³¹

Tabell 3.6: Fangstar (tonn) ved dei viktigaste feltene samanlikna med dei samla småtrålarfangstane 1953 til 1960 (prosentdel av samla småtrålarfangstar i parantes)

År/	Aust-Finnmark	Bjørnøya 1)	Mørkysten	Total fangst
1953	8 639 (72%)	127 (1%)	263 (2%)	11 976
1954	7 412 (63%)	514 (4%)	900 (8%)	11 809
1955	14 573 (61%)	1 416 (6%)	1 469 (6%)	23 909
1956	11 307 (42%)	8 346 (31%)	1 143 (4%)	27 091
1957	10 036 (42%)	3 936 (16%)	1 582 (7%)	24 176
1958	14 628 (59%)	2 916 (12%)	1 270 (5%)	24 868
1959	16 696 (63%)	4 485 (17%)	1 644 (6%)	26 680
1960	9 886 (48%)	3 377 (16%)	2 404 (12%)	20 492

Kjelder: "Fiskets Gang": 44/1955, 46/1956, 47/1957, 46/1958, 10/1960, 02/1961, 10/1962

1) Til og med 1955 inkluderer Bjørnøya også Svalbard

²²⁸ Sjå m.a. Norges Fiskerier 1953: 35. Hysefangstane auka frå omlag 2000 tonn året før til omlag 8 300 tonn, og ein rekna med at ein del av auken skuldast trålarane.

²²⁹ "Småtrålerne lønnsomhet 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 126 Omlag 68,75% av fangstane vart tekne i 2.kvartal. Først og fremst er det 1957 som trekkjer ned gjennomsnittet, då vart berre 55% teke dette kvartalet.

²³⁰ "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 585, "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 579 og "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 147.

²³¹ "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 579. I 1956 utgjorde dette 4 942 tonn.

Ein av dei som byrja med småtråling etter torsk på 1950-talet var Michael Breivik. Han skaffa seg trålkonsesjon for båten sin "Rensaa" sommaren 1952.²³² I memoarane sine fortel Breivik om korleis han kom i gang med trålfiske. Kort tid etter at han fekk trålkonsesjon reiste han til Finnmark på den første trålturen. Etter ein del oppstartsproblem og vanskar med å få trålnota i orden fekk Breivik hjelp av ein annan fiskar, Lars Uksnøy, som også var den som hadde fått han til å prøva trålfiske.²³³ Breivik følgde etter Uksnøy ut på feltet, og etterkvart fekk han gode fangstar. Etter to døgn kunne Breivik levera 15 tonn fisk i Båtsfjord. Det vart eit vendepunkt: "Nå ble det bare glede. Jeg som hadde vært typisk linemann, snakket og tenkte bare trål fra da av".²³⁴ Året etter reiste Breivik til Finnmark på trålfiske i slutten av mars. Fram til jonsok gjorde han svært gode fangstar og fekk til saman 245 tonn fisk.²³⁵ Utdraget frå Breivik kan illustrera to ting. For det første viser det vanskane med å få til trålfiske. For mange fiskarar var dette eit nytt fiske som dei aldri hadde prøvd før, og difor var det truleg mange som opplevde liknande problem som Breivik på dei første turane sine. Utdraget illustrerer også betydninga av vårtorskefisket for småtrålarane. Fangsten på 245 tonn tok Breivik utanfor Finnmark under vårtorskefisket, og ein slik fangst må seiast å vera bra for eit fartøy som "Rensaa".²³⁶ No er det ikkje sikkert at fangstmengda til Breivik var representativ for andre småtrålarar, men ho viser likevel at moglegheitene for gode fangstar under vårtorskefisket var til stades. Såleis er det ikkje så rart at dette fisket vart viktig for småtrålarane.

Småtrålinga under vårtorskefisket var elles noko omstridd. Først og fremst var det eit problem at mange av dei fiska innanfor fiskerigrensa, noko som var forbode etter § 1 i trålarlova.²³⁷ Marinen hadde ansvaret for oppsynet under vårtorskefisket og hadde høve til å melda fartøy som braut lova til politiet. Ein rapport frå trålaroppsynet for mai 1953 viser ein viss frustrasjon over oppførselen til småtrålarane. I løpet av mai og dei første dagane i juni 1953 melde oppsynsfartøya 26 småtrålarar for ulovleg fiske.²³⁸ Oppsynet meinte at det ulovlege fisket først og fremst skuldast at småtrålarane mangla både navigasjonsinstrument og

²³² Søknad om trålkonsesjon for nr. 193 "Rensaa" 23.06.1952. I: Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

²³³ Breivik 1996: 123-125

²³⁴ *ibid*: 125

²³⁵ *ibid*: 127-128

²³⁶ "Rensaa" var 48,4 brt. Søknad om trålkonsesjon for nr. 193 "Rensaa" 23.06.1952. I: Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

²³⁷ Lov av 20.april 1951 om fiske med trål

²³⁸ "Rapport om tråleroppsynet i mai 1953". Rapport til Sjøforsvarets overkommando frå N. Brun, kontreadmiral, Sjef SKN, 11.06.1953. I Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0400.

kunnskap om navigasjon.²³⁹ Dette var rapportskrivaren lite nøgd med: "Betingelsene for å få trålerkonsesjon inneholder vistnok intet om at skipperne skal ha navigasjonsutdanning og trålerne navigasjonshjelpemidler til stedsbestemmelse. Resultatet sier seg selv."²⁴⁰

Frustrasjonen over småtrålarane er tydeleg i dette sitatet. Det er ikkje så rart, for berre 99 fartøy deltok i småtrålinga i løpet av 1953.²⁴¹ Dei 26 fartøya som vart melde til politiet utgjorde dermed ¼ av alle småtrålarane. Som rapporten viser, var det nok først og fremst manglande navigasjonskunnskap og -instrument som førte til det ulovlege fisket. Småtrålarane braut ikkje nødvendigvis lova med vilje. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at ein del fartøy spekulerte i å fiska så nært fiskerigrensa som mogleg, og av og til hamna innanfor grensa. Dessverre har eg ikkje funne rapportar frå andre år enn 1953. Difor er det usikkert om dette problemet heldt fram også utover på 1950-talet. Same året som rapporten vart skriven, sende nokre representantar for småtrålarane telegram til Fiskeridepartementet og bad om løyve til å tråla innanfor fiskerigrensa, fordi dei meinte at fiskeførekomstane berre stod der. Departementet av slo dette.²⁴² Finnmark Fiskarlag gjekk også sterkt mot førespurnaden, og vedtok på årsmøtet sitt at småtrålarane ikkje måtte få dispensasjon til å tråla innanfor grensa.²⁴³ Seinare vart temaet også teke opp i avisene. Både *Bergens Tidende* og *Nordkapp* rapporterte at småtrålarane var misnøgd med at dei ikkje fekk tråla innanfor grensa.²⁴⁴ Saka ser ikkje ut til å ha fått noko etterspel, og småtrålarane fekk heller ikkje seinare dispensasjon til å tråla innanfor grensa.

At vårtorskefisket var så viktig for småtrålarane, tyder på at småtrålinga etter torskefisk i all hovudsak var eit sesongfiske. Det vert endå tydelegare dersom ein ser på den gjennomsnittlege driftstida for desse fartøya. Frå 1953 til 1960 auka denne frå 8 veker til 12,9 veker. Aller høgast var driftstida i 1959. Då dreiv småtrålarane gjennomsnittleg 14 veker.²⁴⁵ No var det sjølvstøtt store individuelle forskjellar mellom dei ulike fartøya. Nokre dreiv store deler av året, medan andre dreiv så kort tid at det truleg dreidde seg om prøvafiske. Det vart også peika

²³⁹ ibid

²⁴⁰ ibid

²⁴¹ Sjå tabell 3.3.

²⁴² Telegram til Fiskeridepartementet 19.05.1953, signert Johan Skarstad og Bjørn Størkersen. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0400. Avskrift av telegram frå Fiskeridepartementet til Johan Skarstad 20.05.1953. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0400.

²⁴³ "Kravet fra småtrålarane (sic) om fiske innafor grensen". *Finnmarken* 26.06.1953

²⁴⁴ "Trålerne og fiskerigrensa". *Bergens Tidende* 13.10.1953 og "Småtrålarane misfornøyd med forhold på Finnmarks-kysten". *Nordkapp* 22.10.1953.

²⁴⁵ "Småtrålarane fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 586 og "Trålarane fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 143

på av direktoratet.²⁴⁶ Dei aller fleste ser likevel ut til å ha hatt ei driftstid på mellom 4 og 16 veker. Det er usikkert korleis direktoratet rekna ut driftstida, for det er ikkje alle år dette er oppgitt. I to av oversiktene er det presisert at driftstida vart rekna frå fartøyet reiste heimefrå og til det kom tilbake.²⁴⁷ Det betyr at den faktiske driftstida, tida fartøyet brukte på sjøve fisket, var mindre for fartøy som reiste langt for å komma til fiskefelta. Fartøy frå Møre og Romsdal, som utgjorde ein stor del av småtrålarane, brukte lang tid på å komma seg til og frå Finnmarkskysten, der det viktigaste fisket føregjekk. Fartøy frå fylka lenger sør brukte endå lenger tid. Den gjennomsnittlege driftstida viser at småtråling ikkje var noko heilårsfiske for dei aller fleste. Direktoratet peika likevel på eitt unntak frå denne tendensen. Nokre få fartøy dreiv tråling tilnærma heile året på bankane utanfor Mørkysten. I 1960 hadde desse ei gjennomsnittleg driftstid på heile 35 veker. Dette var meir enn i resten av perioden. Vanlegvis låg den gjennomsnittlege driftstida på omlag 18-20 veker for desse fartøya, og berre nokre av dei dreiv året rundt.²⁴⁸ Driftstida var likevel klart høgare for desse enn for andre småtrålarar.

Sjølv om det altså var nokre fartøy som dreiv småtråling nærast året rundt, var småtrålinga langt frå eit heilårsfiske for dei fleste av fartøya. På det meste dreiv dei trålfiske i overkant av tre månader av året i gjennomsnitt. Då var også reisetida frå heimstaden og tilbake att inkludert. 70 prosent av småtrålarfangstane vart dessutan teke medan vårtorskefisket i Finnmark gjekk føre seg. Dermed ser det ut til at småtrålarfisket etter torskefisk i all hovudsak var eit sesongfiske. Det meste av fisket ser ut til å ha gått føre seg i løpet av månadene april til juli, med vårtorskefisket som det viktigaste fisket. Her er ein inne på det same momentet som tidlegare, nemleg at den norske fiskeflåten var så differensiert og lite spesialisert. Mange av dei som gjekk i gang med småtråling etter torskefisk, gjorde det truleg ikkje for å ha det som heilårsfiske, men fordi dei forstod at dette fisket kunne gje gode fangstar i enkelte periodar av året. Det vert underbygd av at småtrålinga viste seg å vera effektivt under vårtorskefisket. Mange av småtrålarane var dessutan så små at dei ikkje kunne driva trålfiske andre stader enn i kystnære farvatn som utanfor Finnmark, og helst på sommartid, då det var godt vêr.

Den korte driftstida viser at småtrålarane må ha drive anna fiske resten av året. Det er vanskeleg å seia kva for fiske desse fartøya dreiv elles. Nokre av dei kan ha drive tråling i

²⁴⁶ "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 46/1956: 621.

²⁴⁷ "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 576 og "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 597.

²⁴⁸ "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955: 582, "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 576, "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 597 og "Småtrålerne lønnsomhet 1960". I: *Fiskets Gang* 09/1962: 130.

Nordsjøen etter sild, men det finst ikkje tal på kor mange dette eventuelt galdt. Trålfiske skilde seg såpass mykje frå andre fiskemetodar, at det er mogleg at fartøy som gjorde det godt i dette fisket prøvde seg på tråling både etter sild og etter torskefisk. På den måten kan småtråling ha vore eit heilårsfiske for nokre fartøy. Samstundes talar dei store avstandane mellom Finnmarkskysten og Nordsjøen mot at det var mange fartøy som dreiv denne kombinasjonen. Ein kan gå ut i frå at mange av småtrålarane også deltok i dei andre store sesongfiskeria, anten lofotfisket eller vintersildfisket. Begge desse gjekk føre seg tidlegare på året enn vårtorskefisket. Dermed hadde ein moglegheit til å gå heimom med fartøyet og utrusta det til tråling. Ein del av dei store fartøya var nok utrusta og brukte som snurparar under vintersildfisket. Det var tilfelle med "Ramoen".²⁴⁹ Om "Ramoen" faktisk vart brukt i trålfisket, er usikkert, men mange av fartøya av denne storleiken vart brukte til sildesnurping og linefiske. Vintersildfisket var så bra gjennom delar av perioden at det er vanskeleg å tru at ikkje mange av fartøya som dreiv med småtråling også var med her. Sjølv etter at vintersildfisket slo feil frå slutten av 1950-talet, var deltakinga høg.²⁵⁰ Michael Breivik var ein av dei som dreiv på denne måten. Han selde både liner og snurpenot i 1953: "Jeg hadde i grunnen bare bestemt meg for å forenkle fiskeriet til tråling og sildefiske om vinteren."²⁵¹ Om vintersildfisket i 1954 fortel han: "Vinteren med storsilda ble meget bra, og ekspansjonen i sildefisket bare økte. Det var særlig snurpenota som var i skuddet. For vår del var det trålingen i Finnmark etter torsken vi satte vår lit til, så vi sluttet av sildefisket de første dagene i mars med 6.000 hl som resultat."²⁵² Seinare på 1950-talet kjøpte Breivik tilbake liner og dreiv også noko linefiske i tillegg til vintersildfiske og småtråling.²⁵³ Kombinasjonen småtråling og linefiske var truleg ganske vanleg, men eg har ikkje lukkast i å finna kjeldemateriale om dette. Det er uansett sikkert at dei fleste fartøya som dreiv småtråling etter torskefisk, også må ha drive anna fiske i løpet av året.

3.7.2 Småtrålarane som leverandørar av råstoff

Kva betydning fekk småtrålinga etter torskefisk for fiskerinæringa? For å finna ut det, må ein sjå på kva fangstane vart brukte til. Stort sett vart fisken levert fersk, men noko vart salta. Stort sett var det ikkje snakk om store mengder, men i 1956 og 1957 vart det ført i land 5 000 - 6 000 tonn saltfisk. Stort sett vart saltfisken landa i Møre og Romsdal, men enkelte år vart

²⁴⁹ Søknad om konsesjon for M/S "Ramoen" 09.07.1951. I: Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0691.

²⁵⁰ Norges Fiskerier 1960: 21. Så seint som i 1960 deltok det 1800 fartøy og 21 000 mann i vintersildfisket. På midten av 1950-talet deltok det over 2500 fartøy på det meste.

²⁵¹ Breivik 1996: 130

²⁵² ibid: 134

²⁵³ ibid: 156-157

det også ført i land ein del i Finnmark. Det meste av saltfisken vart teken ved Bjørnøya og Spitsbergen.²⁵⁴ Dette var truleg fordi turane varte så lenge at det var greiare å salta fisken enn å kjøla han ned. I 1956 og 1957 var det dessutan godt fiske ved Bjørnøya og Svalbard, medan fisket utanfor Aust-Finnmark var mindre bra. Prisane kan òg ha hatt noko å seia, for saltfisk var mykje betre betalt enn ferskfisk. Tabell 3.8 viser kor mykje av fangstane som vart brakt i land som saltfisk og kor mykje som vart brakt i land som ferskfisk.

Tabell 3.7: Småtrålarfangstar fordelt på saltfisk og ferskfisk (tonn) mellom 1953 og 1960

År	Saltfisk	Ferskfisk	Totalfangst 1)	År	Saltfisk	Ferskfisk	Totalfangst
1953	701	9 864	11 976	1957	6 081	12 538	24 176
1954	1 149	9 249	11 809	1958	2 095	19 917	24 868
1955	1 700	19 940	23 909	1959	786	24 071	26 680
1956	5 390	16 529	27 091	1960	204	19 315	20 492

Kjelder: "Fiskets Gang": 44/1955, 46/1956, 47/1957, 46/1958, 10/1960, 02/1961, 10/1962

1) Merk at summen av saltfisk og ferskfisk ikkje vert det same som totalfangsten. Dette fordi totalfangsten inkluderer biprodukta lever og tran og fordi saltfiskvekta må aukast med 94% for fisk frå Grønland og 72% frå anna saltfisk.

Truleg vart saltfisken brukt til produksjon av klippfisk, anten i Møre og Romsdal eller i Finnmark. Leveransane av saltfisk var stort sett så små at dei ikkje kan ha betydd særleg for produksjonen av klippfisk, kanskje med unntak av i 1956 og 1957.²⁵⁵ Det aller meste av småtrålarfangstane vart landa i fersk tilstand. Frå 1955, då dei totale fangstane stabiliserte seg på i overkant av 20 000 tonn, var ferskfiskfangstane også forholdsvis stabile.²⁵⁶ Det er såleis klart at det var som leverandørar av ferskfisk at småtrålarane hadde størst betydning. Når fisken var landa i fersk tilstand var det fleire moglegheiter for kva han kunne brukast til. Han kunne leverast fersk til forbrukar, hengast til tørrfisk, eller bli brukt i frysefiletindustrien. Fiskeridirektoratet gjekk ut i frå at det meste av ferskfisken som vart landa i Møre og Romsdal, vart seld rett til forbrukar i fersk tilstand.²⁵⁷ Årleg dreidde dette seg om mellom 1 000 og 2 000 tonn fisk.²⁵⁸ For lokalmarknaden var nok desse fangstane viktige, men på

²⁵⁴ "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 577 "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 598-599 og "Småtrålerne fiske i 1959". I: *Fiskets Gang* 02/1961: 33.

²⁵⁵ Norges Fiskerier 1957: 20. I 1956 vart det produsert 53 000 tonn klippfisk, i 1957 40 400 tonn.

²⁵⁶ Unntaket frå dette er året 1957, då det berre vart brakt i land 12 500 tonn. "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 596.

²⁵⁷ "Småtrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 46/1958: 599.

²⁵⁸ "Småtrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 44/1955:584, "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 46/1956: 619, "Småtrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 578, "Småtrålerne fiske i 1957".

nasjonal basis utgjorde dei likevel ein svært liten andel.

Dessverre seier ikkje oversiktene frå direktoratet noko om kva resten av ferskfiskfangstane, som for det meste vart landa i Finnmark, vart brukte til. Sidan det meste av fangstane vart teke under vårtorskefisket er det naturleg å sjå kva *Norges Fiskerier* skreiv om dette fisket. Tabellane herifrå viser at det aller meste av torskefangstane frå vårtorskefisket vart hengt til tørrfisk.²⁵⁹ I 1959 gjekk det meste av fangstane til tørking fordi mykje av fisken var liten. Dei to føregåande åra hadde derimot ein "forholdsvis stor del" blitt brukt til produksjon av fersk og frosen filet. Året etter var også fisken liten, og det vart hevda at trålarane leverte meste- parten av småfisken. Dette året vart 1/6 av fisken brukt til filet, medan det meste elles gjekk til tørking.²⁶⁰ Det kan sjå ut til at småfallen fisk ikkje vart brukt til filetproduksjon, men i staden måtte tilverkast til andre ting. Det finn ein støtte for i stortingsmeldingane om A/S Finnmark og Nord-Troms Fiskeindustri (Finotro). Både i 1959 og 1960 er det nemnt spesifikt at store tilførselar av småfallen fisk gjorde at produksjonen av fiskefilet vart låg.²⁶¹ I 1960 er det endåtil nemnt at dei to største Finotro-anlegga fekk tilført mykje småfisk frå trålarane. Det ser altså ut til at fangstane frå vårtorskefisket i all hovudsak gjekk til henging, og at trålfanga fisk ofte var for liten til å bli brukt til filetproduksjon. Her må ein likevel ta nokre hensyn. For det første seier tabellane i *Norges Fiskerier* berre noko om kva torskefangstane gjekk til. Kvart år vart det fiska fleire tusen tonn anna fisk under vårtorskefisket, og desse er ikkje inkluderte i tabellane. Det er berre for 1959 og 1960 ein har tal for kva dei samla fangstane frå vårtorskefisket vart brukte til. Likevel kan ein nok gå ut i frå at store delar av småtrålarfangstane frå vårtorskefisket gjekk til tørrfiskproduksjon. I løpet av perioden vart det produsert mellom omlag 22 500 tonn og 43 800 tonn tørrfisk kvart år.²⁶² Mykje av dette kom frå lofotfisket, men faktisk var det vårtorskefisket som leverte mest fisk til henging.²⁶³ Kor stor betydninga av småtrålarfisket faktisk var for tørrfiskproduksjonen er det svært vanskeleg å seia noko om. Til det er det for mange usikre faktorar. Mellom anna veit ein ikkje kor mykje av fangstane frå småtrålarane som vart brukt til tørrfisk. Det manglar også ein omrekningsfaktor som seier kor mykje råstoff som skal til for å produsera eitt tonn tørrfisk. At små-

I: *Fiskets Gang* 46/1958: 596, "Småtrålerne fiske i 1958". I: *Fiskets Gang* 10/1960: 148, "Småtrålerne fiske i 1959". I: *Fiskets Gang* 02/1961: 32 og "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 10/1962: 146.

²⁵⁹ Norges Fiskerier 1952: 102, Norges Fiskerier 1953: 85, Norges Fiskerier 1954: 82, Norges Fiskerier 1955: 81, Norges Fiskerier 1956: 88, Norges Fiskerier 1957: 83, Norges Fiskerier 1958: 87, Norges Fiskerier 1959: 85, Norges Fiskerier 1960: 83.

²⁶⁰ Norges Fiskerier 1959: 31 og Norges Fiskerier 1960: 26.

²⁶¹ St. meld. nr. 16 (1960-61): 2 og St. meld. nr. 29 (1961-62): 2.

²⁶² Norges Fiskerier 1954: 19, Norges Fiskerier 1956: 19, Norges Fiskerier 1958: 20, Norges Fiskerier 1960: 19

²⁶³ Norges Fiskerier 1953: 34-36, Norges Fiskerier 1955: 26, Norges Fiskerier 1956: 26, Norges Fiskerier 1957: 26, Norges Fiskerier 1958: 26, Norges Fiskerier 1959: 24, Norges Fiskerier 1960: 24.

trålarane var ein bidragsytar til produksjonen av tørrfisk er likevel sikkert, men det er uråd å finna ut kor stort dette bidraget var.

Noko av fangstane gjekk nok også til filetindustrien. I følgje Børre Lien var det fleire småtrålarar som leverte fisk til Findus i løpet av 1950-talet. Han presenterer ei liste over ti trålarar som leverte fisk til Findus mellom 1952 og 1956, og av desse var sju fartøy småtrålarar.²⁶⁴ Lien meiner sjølv at det var fleire trålarar enn dette som leverte til Findus, men han lukkast ikkje med å finna kjelder om dette. Alf Jacobsen nemner også fleire småtrålarar som leverte fisk til Findus i si bok.²⁶⁵ Også Michael Breivik fortel at han leverte noko av fangstane til filetproduksjon.²⁶⁶ I tillegg veit ein at noko av råstoffet til Finotro sine fabrikkar vart levert av småtrålarane.²⁶⁷ Det er likevel uvisst kor mykje fisk dette dreidde seg om. Sjølv om mesteparten av småtrålarfangstane kom frå vårtorskefisket, vart omlag 30 prosent av fangstane tekne utanfor vårtorskesesongen. Det er mogleg at ein større del av dette gjekk til filetproduksjon. Hovudproblemet til filetindustrien var å få jamne tilførselar med råstoff. Under vårtorskefisket var ikkje tilførslane noko problem, men utanfor sesongfiskeria var det vanskelegare å skaffa nok råstoff. Slik sett er det mogleg at småtrålarane var av ein viss betydning her. Å seia noko sikkert om dette er likevel ikkje mogleg så lenge ein manglar talmateriale som fortel kva småtrålarfangstane faktisk gjekk til. Samstundes må ein hugsa på at verksemdene ofte hadde både filetanlegg og tørrfiskproduksjon. Det betyr at uansett kva småtrålarfangstane gjekk til, var dei med på å oppretthalda produksjonen på dei ulike fabrikkane. Trass alt leverte småtrålarane årleg over 20 000 tonn råstoff i løpet av 1950-talet. Det utgjorde frå midten av 1950-talet omlag 6 prosent av dei samla fangstane av torsk, hyse og sei i Noreg.²⁶⁸ I forhold til kor mange fartøy som dreiv tråling, var det ein høg prosentdel.

3.8 Brislingtrålinga

Brislingtrålinga kom i gang i 1946. Frå slutten av 1940-talet fiska dei 40 til 50 fartøya som deltok nokre hundre tonn brisling kvart år.²⁶⁹ Brislingtrålinga heldt fram også utover på 1950-talet og verkar å ha vore lite påverka av trålarlova frå 1951. Den første halvdel av tiåret ser det ut til at trålarane auka betydinga dei hadde for brislingfisket. I alle fall stod dei for ein forholdsvis stor del av dei totale brislingfangstane. Dette varte likevel ikkje lenge, for i løpet

²⁶⁴ Lien 1975: 169

²⁶⁵ Jacobsen 1996: 103

²⁶⁶ Breivik 1996: 137

²⁶⁷ St. meld. nr. 16 (1960-61): 1

²⁶⁸ Norges Fiskerier 1957: 12 og 15, Norges Fiskerier 1960: 12 og 15.

²⁶⁹ Sjø kap 2.6.2.

av dei siste åra på 1950-talet kollapsa brislingtrålinga heilt. På berre nokre få år gjekk fangstane frå omlag 1000 tonn trålfanga brisling til nesten ingenting. 1960 var siste året brislingtrålinga vart nemnt i fiskeristatistikken. Då var det innrapportert eitt tonn trålbrisling.

Tabell 3.8 Deltaking og fangstar frå brislingtrålinga samanlikna med dei samla brislingfangstane 1951-1960 (tonn)

År	Deltaking	Fangstar	Totale fangstar	År	Deltaking	Fangstar	Totale fangstar
1951	40	391	9 014	1956	47	991	5 611
1952	?	114	6 790	1957	?	23	9 524
1953	?	399	13 297	1958	4	28	5 617
1954	40	1 074	8 861	1959	?	43	11 137
1955	?	1 332	5 670	1960	?	1	8 284

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1951-1960

Det er noko uklart kor mange som faktisk deltok i dette fisket. Ut i frå dei tala ein har, kan ein tenkja seg at det var med mellom 40 og 50 fartøy på byrjinga av 1950-talet. Det er omlag like mange som deltok frå slutten av 1940-åra, så talet på fartøy som deltok heldt seg ganske stabilt i nærare ti år. Frå 1957 må deltakinga ha gått kraftig tilbake. Frå 1954 til 1956 fekk brislingtrålinga eit kortvarig oppsving. Dette, kombinert med at brislingfisket ellers var middels bra, gjorde at trålarane stod for ein stor del av brislingfangstane. I 1955 vart over 20 prosent av brislingen teken av trålarar. Årsaka til oppsvinget var ei omlegging av drifta.²⁷⁰ Tidlegare hadde fartøya drive botntråling etter brisling ved Skagen, men i 1953 slo dette fisket feil. Difor la ein om til flytetrål på dette feltet, noko som gav betre fangstar. Same året byrja ein også med flytetråling utanfor Hvaler, noko som også gav bra resultat. Når fangstane i 1953 ikkje vart større, er det fordi det også vart teke gode fangstar med snurpenot, noko som medførte vanskar med å få avsetnad på fangsten. I følgje *Norges Fiskerier* var avsetnadsvanskane så store at fartøya berre fekk fiska ein dag kvar veke i desember dette året.²⁷¹ Avsetnadsvanskar var generelt eit stort problem for brislingtrålarane på 1950-talet. Hausten 1954 måtte ein innføra leveringskvotar på trålfanga brisling for at fabrikkene skulle klara å ta i mot alle fangstane. Utviklinga frå året før heldt fram i 1954 og det vart teke gode fangstar mellom Hvaler og svenskegrensa med flytetrål. Det var også tilfelle dei neste to åra. I tillegg utvida trålarane sesongen noko. Tidlegare hadde trålinga gått føre seg på hausten og fram til

²⁷⁰ Dannevig og van der Eynden 1986: 254

²⁷¹ *Norges Fiskerier* 1953: 31

jul, men trålinga utanfor Hvaler vart også drive etter jul, i januar og februar.²⁷² Dermed vart brislingtrålinga eit fiske som varte omlag halve året. Mykje av trålfangstane vart brukt til ansjos, slik situasjonen også hadde vore mellom 1946 og 1951.²⁷³ Ein heil del vart også lagt ned som sardinar. Det ser særleg ut til å ha vore tilfelle vinteren 1955.²⁷⁴ Kva fangstane vart brukte til hadde truleg samanheng med storleiken på brislingen. Liten brisling gjekk til sardinproduksjon, medan stor brisling vart brukt til ansjos. Det er vanskeleg å få nøyaktig oversikt over kva trålbrislingen vart brukt til. Likevel kan ein slå fast at fangstane av trålbrisling var viktige for fabrikkane på austlandet som tok i mot dette råstoffet. Det vitnar også avsetnadsvanskane om. Truleg kunne fangstane vore endå høgare dersom moglegheitene til avsetnad hadde vore betre.

Det er vanskeleg å seia kva som var årsaka til kollapsen i trålbrislingfangstane. I *Norges Fiskerier* nøyde ein seg med å nemna at det ikkje var "regningssvarende" førekomstar av brisling i Skagerrak.²⁷⁵ Det ser ut til at brislingen forsvann frå dei vanlege fangstområda, anten han vart oppfiska eller flytta seg til nye område. Også notfisket etter brisling i Skagerrak ser ut til å ha forsvunne desse åra. Særleg gjeld det vinterfisket i januar og februar, som nesten ikkje er nemnt i dei vekentlege fangstrapportane i *Fiskets Gang* frå 1957 og framover. Brislingen som vart teken i dei norske fjordane forsvann derimot ikkje, og brislingfisket som heilskap hadde fleire gode sesongar også etter 1957. For brislingtrålarane var derimot ein kort epoke over. Fisket hadde vart frå 1946, men i 1960 vart det jamt slutt.

3.9 Sildetrålinga

Forrige kapittel viste at både deltakinga og fangstmengdene i sildetrålinga var fallande frå 1949. Nedgangen i deltakinga vart forklart med dårlege fangstar, dårleg lønnsemd og konkurranse frå andre fiskeri. Denne tendensen heldt fram også dei første åra av 1950-talet. Først frå 1954 gjekk deltakinga noko opp. Sidan varierte deltakartala ein del fram til 1959. I løpet av dei to neste åra vart deltakinga tredobla.²⁷⁶ Veksten heldt fram eit stykke utover på 1960-talet, til ringnotsnurparane overtok fisket etter nordsjøsild frå omlag 1964. Fangstane var dårlege gjennom store delar av 1950-talet, og auka først frå 1957. Tabell 3.9 viser deltakinga og fangstmengda i sildetrålinga mellom 1951 og 1960. Nokre punkt i tabellen må

²⁷² Norges Fiskerier 1954: 29, Norges Fiskerier 1955: 25-26 og Norges Fiskerier 1956: 24-25. Det vart framleis brukt noko botntrål, men dette ser ikkje ut til å ha gjeve så gode fangstar.

²⁷³ Sjø m.a. *Fiskets Gang* 02/54: 15, *Fiskets Gang* 03/54: 34, *Fiskets Gang* 44/54: 527-528 og *Fiskets Gang* 50/56: 662.

²⁷⁴ Sjø m.a. *Fiskets Gang* 04/55: 43, *Fiskets Gang* 05/55: 54 og *Fiskets Gang* 07/55: 83.

²⁷⁵ Norges Fiskerier 1958: 23

²⁷⁶ Norges Fiskerier 1958: 22 og Norges Fiskerier 1960: 21

kommenterast. 1951 var eit overgangsår, då den nye trålarlova tredde i kraft dette året. Difor er dette året også med i tabell 2.8. På 1940-talet hadde sildetrålinga gått føre seg på Fladengrunn i Nordsjøen. Fangstane her var sviktande dei siste åra av 1940-talet. Frå 1952 vart difor ein del av innsatsen flytta over frå Nordsjøen til Skagerrak. Noko av årsaka var også at avsetnaden vart lettare på Skagerrakkysten.²⁷⁷ Resten av tiåret oppgav *Norges Fiskerier* stort sett fangstane frå Nordsjøen og fangstane frå Skagerrak kvar for seg. Dei totale fangstane frå 1957 til 1960 inkluderer også fangstane frå stortrålararen "Havkvern", som ikkje er utskilde for seg sjølv i *Norges Fiskerier*.²⁷⁸

Tabell 3.9: Deltaking og fangstar (tonn) i sildetrålinga mellom 1951 og 1960 fordelt på Nordsjøen og Skagerrak

År	Deltaking	Nord-sjøen	Skagerrak	Totalt	År	Deltaking	Nord-sjøen	Skagerrak	Totalt
1951	30	1 325	-	1 325	1956	88	1 476	1 124	2 600 2)
1952	45	894	1 222	2 116	1957	82			7 651
1953	36	450	2 041	2 491	1958	76			8 187
1954	73	1 590	1 649	3 239	1959	163	14 007	2 929	16 936
1955	58	3 333	1 644	4 977	1960	225	12 271	4 200	16 471

Kjelder: "Norges Fiskerier" 1951-1960

1) I 1957 og 1958 er berre totalfangstane oppgjevne i *Norges Fiskerier*. Totalfangsten frå 1957 til 1960 inkluderer også fangstane frå fabrikktrålararen "Havkvern".

2) I tillegg kom 2708 tonn som var fiska av fabrikktrålararen "Havkvern"

Med unntak av 1954 var det få fartøy som deltok i første del av tiåret. Særleg galdt det fisket i Nordsjøen. I 1953 deltok det berre seks fartøy her.²⁷⁹ Dei andre tråla i Skagerrak. Fangstfeltene her stod for mykje av dei totale fangstane på første halvdel av 1950-talet. Oppgangen i 1954 skuldast i følgje *Norges Fiskerier* at prisane gjekk opp på trålfanga sild som gjekk til oppmaling. Det skjedde som følgje av ein avtale mellom Sild- og Brislingsalslaget og sildemjøl- og sildeoljeindustrien.²⁸⁰ Sild som gjekk til dette formålet var elles dårlegare betalt enn sild som gjekk til andre formål. Avtalen ser òg ut til å ha ført til at meir av trålsilda gjekk

²⁷⁷ Norges Fiskerier 1952: 45

²⁷⁸ "Havkvern" fekk stortrålararkonsesjon i 1955 og var ein fabrikktrålar som fiska sild og tobis i Nordsjøen. Sjø søknad om trålkonsesjon for nr .580 "Havkvern" 20.05.1955. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694.

²⁷⁹ Norges Fiskerier 1953: 29

²⁸⁰ Norges Fiskerier 1954: 27

til sildemjøl og sildeolje. Silda som vart teken i Skagerrak gjekk til oppmaling gjennom heile tiåret. Sildefangstane frå Nordsjøen gjekk derimot for det meste til salting og til agn på byrjinga av 1950-talet, slik tilfellet hadde vore også på slutten av 1940-talet.²⁸¹ Frå omlag 1954 gjekk derimot meir av trålsildfangstane også frå Nordsjøen til sildemjøl og sildolje.²⁸²

Sjølv med auken i sildetrålinga i 1954 var deltakinga låg heile første del av 1950-talet. Som nemnt var dette ein trend som starta på slutten av 1940-talet, og stort sett var årsakene dei same både på 1940- og byrjinga av 1950-talet. For det første var fangstane dårlege. På byrjinga av 1950-talet galdt det særleg felta i Nordsjøen. Der var fisket enkelte år nesten heilt vekke. Det kan ha ført til at mange trekte seg ut av sildetrålinga, i staden for å flytta over til andre felt i Skagerrak. Sjølv om det vart fiska på nye felt i Skagerrak var den gjennomsnittlege fangstmengda likevel låg. På 1940-talet fekk sildetrålarane gjennomsnittleg 50-60 tonn sild.²⁸³ På byrjinga av 1950-talet var gjennomsnittsfangstane nede i omlag 45 tonn på det minste. Dei låge fangstane gav truleg også dårleg lønnsemd. Samstundes var det nok stor skilnad i kor godt dei ulike fartøya gjorde det. Dei som meistra denne forma for fiske, fekk nok gode fangstar og dermed god lønnsemd. Fiskeridirektoratet peika på dei store forskjellane i driftsresultat i ein økonomisk rapport om sildetrålinga mellom 1949 og 1952.²⁸⁴ Det er ikkje grunn til å tru at desse forskjellane endra seg særleg mykje i løpet av dei neste åra. I tillegg til låge fangstar og truleg dårleg lønnsemd, møtte også sildetrålinga framleis sterk konkurranse frå andre fiskeri. Vintersildfisket nådde nye høgder på første halvdel av 1950-talet, med fangstar på over ein million tonn på det meste.²⁸⁵ På same måte som tidlegare kan dei gode vintersildsesongane ha medført at ein del fiskarar ikkje hadde behov for å rusta ut til ein ny sildesesong på seinsommaren, særleg ikkje når sildetrålinga hadde gjeve magert utbytte dei siste åra. Islandssildfisket, som gjekk føre seg samstundes som sildetrålinga, heldt også fram med å gje bra fangstutbytte på første halvdel av 1950-talet, med fangstar på over 20 000 tonn kvart år.²⁸⁶ Samstundes var deltakinga dårlegare også i dette fisket fram mot midten av 1950-talet.²⁸⁷

²⁸¹ Norges Fiskerier 1950: 55

²⁸² Norges Fiskerier 1954: 27, Norges Fiskerier 1955: 24, Norges Fiskerier 1956: 24. For resten av åra eksisterer det ikkje tal som seier noko om dette.

²⁸³ Sjå kapittel 2.6.1 og tabell 2.8.

²⁸⁴ "Trålfisket etter sild i Nordsjøen". I: *Fiskets Gang* 17/1953: 211.

²⁸⁵ Norges Fiskerier 1956: 22

²⁸⁶ I 1953 vart det teke 30 000 tonn islandssild. Sjå Norges Fiskerier 1953: 13 og Norges Fiskerier 1955: 13.

²⁸⁷ Norges Fiskerier 1954: 26 og Norges Fiskerier 1955: 21. I 1953 deltok 242 fartøy. I 1955 deltok berre 176 fartøy.

Sildetrålinga vart debattert i avisa *Fiskaren* frå årskiftet 1954/55 og ei tid framover. Her vart det lagt fram fleire grunnar til at sildetrålinga ikkje hadde utvikla seg slikt ein ønskte. Eit av momenta som gjekk att var vanskane med å få omsett silda. To av debattantane meinte at importen av nederlandsk sild måtte ta ein del av skulda for avsetningsvanskane.²⁸⁸ *Fiskaren* meinte at fleire moment spelte inn. Avsetnadsvanskane var eit av dei. I tillegg meinte ein at fiskarane framleis sleit med nybyrjarvanskar, og derfor ikkje greidde å få store fangstar. Dessutan peika ein på konkurransen frå islandssildfisket og grønlandsfisket.²⁸⁹ Ein anna debattant meinte på si side at det først og fremst var dårlege prisar som førte til den låge deltakinga. Han hevda at så mange som 60 til 70 fartøy på Vestlandet hadde trålskip til sildefiske, men at dei låge kiloprisane for silda førte til at dei såg på sildetrålinga som ulønsam.²⁹⁰ No er det ikkje unaturleg at fiskarane ønskte høgare prisar for fangstane dei leverte. Likevel er det klart at dersom trålsilda var dårlegare betalt enn annan sild, ville dette føra til at fiskarane heller dreiv anna fiske enn sildetråling. Momenta som kom fram i denne debatten stemmer altså godt overeins med det som har vorte presentert ovanfor. Den svake deltakinga i sildetrålinga på 1950-talet ser dermed ut til å ha skuldast ein kombinasjon av dårlege fangstar, vanskar med avsetnaden av fangstane, dårleg lønnsemd og konkurranse frå andre fiske. Det er stort sett dei same problema som me såg i kapittel 2.

3.9.1 Sildetrålinga tek seg opp

Frå 1956 skjedde endringar i sildetrålinga. Deltakinga gjorde eit byks dette året, med 30 fleire fartøy som dreiv sildetråling enn året før. Det er mogleg at denne auken skuldast det forholdsvis gode resultatet frå året før. Fangstresultata i 1956 var derimot svært dårlege i forhold til innsatsen, berre 2 600 tonn. Til samanlikning fiska fabrikktrålararen "Havkvern" omlag 2 700 tonn sild. Difor skulle ein gjerne forventa at deltakinga gjekk kraftig tilbake att i 1957. Det skjedde ikkje. I staden heldt ho seg nesten på same nivå som året før. I 1958 gjekk deltakinga litt meir tilbake. Fangstane gjekk samstundes opp. Her må ein hugsa på at fangsttala også inkluderer fangstane frå "Havkvern". Ein kan gå ut frå at "Havkvern" i alle fall fiska like mykje som i 1956, som var den første driftssesongen for dette fartøyet. I så fall kan ein rekna med at småtrålarane stod for omlag 5 000 – 5 500 tonn sild i 1957 og 1958. Dei neste åra vart så deltakinga tredobla, og fangstane vart dobla. Kva var årsakene til dette?

²⁸⁸ "Det norske trålfiske i Nordsjøen og dets framtid". *Fiskaren* 29.12.1954 og "Trålfisket etter sild i Nordsjøen". *Fiskaren* 06.07.1955. Sjå også "Sildetråling i Skagerak og Nordsjøen". *Fiskaren* 19.01.1955.

²⁸⁹ "Det norske trålfiske i Nordsjøen og dets framtid". *Fiskaren* 05.01.1955.

²⁹⁰ "Prisen på Nordsjøens silda må opp for å få lønsamt fiske". *Fiskaren* 10.08.1955.

Nils Kolle hevdar at svikten i vintersildfisket medverka til auken i sildetrålinga.²⁹¹ Mykje tyder på at han har rett. Vintersildfisket hadde vore eit eventyr etter krigen, og toppa seg i 1956, då det vart teke meir enn 1,1 millionar tonn sild.²⁹² I 1957 gjekk fangstane ned til i underkant av 800 000 tonn. Dei neste åra var fangstkvantumet halvert. Vintersildsesongen 1960 berre gav 300 000 tonn sild.²⁹³ Det kan ikkje kallast noko anna enn ein kollaps, særleg når fangstinnssatsen var stor gjennom heile siste halvdel av 1950-talet. Rett nok gjekk deltakinga ned ein del, men likevel var det ein enorm fangstkapasitet med i vintersildfisket.²⁹⁴ For fiskarane og reiarlaga som deltok i dette fisket, var truleg kollapsen ein økonomisk katastrofe. Difor er det ikkje rart at mange av dei såg seg om etter andre fiske for å halda inntektene oppe. Her var truleg sildetrålinga i Nordsjøen eitt av alternativa. Samstundes auka også deltakinga i sildefisket ved Island kraftig i denne perioden. Såleis ser det ut til at mange av fiskarane auka innsatsen i desse fiskeria for å dekkja tapa frå vintersildfisket.

Tabell 3.10: Deltaking (fartøy) og fangstar (tonn) i sildetrålinga, vintersildfisket og islandssildfisket mellom 1956 og 1960

År	Deltaking vintersild	Fangstar vintersild	Deltaking sildetråling	Fangstar sildetråling	Deltaking islandssild	Fangstar islandssild
1956	2 500	1 145 859	88	2 600	172	26 291
1957	2 540	795 582	82	7 651	190	30 962
1958	2 517	345 294	76	8 187	239	52 904
1959	2 150	416 360	163	16 936	258	56 521
1960	1 798	300 143	224	16 471	216	77 250

Kjelder: *Norges Fiskerier 1956-1960*

Deltakinga i sildetrålinga gjekk ikkje opp før i 1959. Då hadde fiskarane lagt bak seg ein noko skuffande vintersildsesong i 1957 og to svært dårlege sesongar i 1958 og 1959. Då vintersilda svikta på ny i 1960, skaut deltakinga i sildetrålinga i vêret. Noko av det same ser ein i islandssildfisket. Også her auka deltakinga og fangstane. Nedgangen i deltakinga i islandssildfisket frå 1959 til 1960 skuldast at det var færre som deltok i saltsildfisket. I snurpefisket ved Island var det derimot rekorddeltaking.²⁹⁵ Dei auka fangstane frå sildetrålinga og islandssildfisket

²⁹¹ Kolle 2012: 19

²⁹² Norges Fiskerier 1956: 17-18

²⁹³ Norges Fiskerier 1958: 15 og Norges Fiskerier 1960: 15

²⁹⁴ Norges Fiskerier 1958: 23 og Norges Fiskerier 1960: 21. I 1958 deltok 2 500 fartøy og 27 800 mann, i 1960 deltok 1 800 fartøy og 21 000 mann.

²⁹⁵ Norges Fiskerier 1960: 20-21. Islandssildfisket var delt i to, eit fiske etter sild til salting, og eit snurpefiske etter sild som gjekk til fabrikk, altså til oppmaling.

var på langt nær nok til å erstatta fangstnedgangen i vintersildfisket. I 1960 gav sildetrålinga og islandssildfisket til saman mindre enn ein tredjedel av fangstane frå vintersildfisket. Deltakartala for sildetrålinga må kommenterast noko. Det kan sjå ut til at ein del av fartøya på slutten av 1950-talet byrja med partråling, der to fartøy saman trekte ei trålnot. I følgje *Fiskaren* var det 50 til 60 partrålarlag som dreiv fiske i Nordsjøen på seinsommaren i 1959.²⁹⁶ Dette var ein ny trend innanfor dette fisket, som tidlegare hadde vore drive med botntrål. Partråling kunne derimot nyttast som flytetrål, der ein kunne justera kor djupt trålen skulle gå i vatnet. Bruken av partrål kan også bidra til å forklara deltakartala, som var høge i forhold til kor mange som hadde småtrålarkonsesjon. Partråling var nemleg ikkje konsesjonspliktig så lenge det vart brukt flytetrål, for trålarlova galdt berre botntråling.²⁹⁷

Som ein konsekvens av det sviktande vintersildfisket, oppstod det raskt ein debatt om kva fiskarane kunne gjera for å bøta på dei økonomiske tapa sine. Det medførte at sildetrålinga fekk meir merksemd i avisene. Frå 1958 av vart dette fisket stadig oftare omtalt i *Fiskaren*. Fleire stader vart hevda at sildetråling var ein av vegane å gå etter at vintersildfisket svikta. Allereie 16. april 1958, like etter at vintersildsesongen var over, hadde *Fiskaren* ein leiar med tittelen "Nye veier?". Her peika avisa på fleire måtar å bøta på dei dårlege resultatata frå vintersildfisket. Sildetråling i Nordsjøen var ein av dei. I tillegg nemnde avisa tobisfiske i Nordsjøen og sildefiske ved Island.²⁹⁸ Havforskarane Gunnar Rollefsen og Finn Devold argumenterte begge for større innsats i sildetrålinga. Rollefsen kalla trålfisket i Nordsjøen "en nærliggende oppgave for norske trålere", medan Devold meinte at ein overgang til trålfiske kunne bøta på skadene som endringane i sildefisket medførte.²⁹⁹ I løpet av dei neste åra vart det skrive stadig meir om betydninga av sildetrålinga som erstatning for vintersilda. Også myndigheitene hadde interesse av at fiskarane fann erstatningar for vintersilda. Fiskeriminister Nils Lysø kalla inn fiskarlagsformennene på Vestlandet og Sørlandet til drøfting av dette våren 1959. I samband med denne konferansen uttalte han at myndigheitene ville leggja til rette for auka fiske i Nordsjøen. Her nemnde han spesielt sildetrålinga, tobisfiske og torskefiske som aktuelle fiskeri, og sa vidare at staten ønskte å medverka til forsøksfiske

²⁹⁶ "Seks partrålarar frå Karmøy" *Fiskaren* 14.01.1959, "Trålfisket på Skagerrakkysten i full gang" *Fiskaren* 02.09.1959, "Økende interesse for Nordsjøisildfisket" *Fiskaren* 19.08.1959 og *Fiskeriinspektørenes virksomhet 1959*: 55-56.

²⁹⁷ Ved kongeleg resolusjon av 22. januar 1960 vart det vedteke eigne reglar for flytetråling. Denne forma for tråling var lovleg innanfor fiskerigrensa så lenge reiskapen ikkje var i kontakt med botnen. Sjå "Bestemmelser for bruk av flytetrål" *Fiskaren* 03.02.1960.

²⁹⁸ "Nye veier?" *Fiskaren* 16.04.1958.

²⁹⁹ "Flytetrålen gir store muligheter" *Fiskaren* 23.04.1958 og "Trålen har store muligheter som må utnyttes" *Fiskaren* 29.04.1958.

dersom det var interesse for det.³⁰⁰ Forsøksfiske vart det drive mykje med i Nordsjøen i 1959 og 1960. Noko vart drive heilt på privat initiativ, men ofte medverka staten på ein eller annan måte, anten ved at Fiskeridirektoratet brukte sine egne fartøy, eller ved at ein gav økonomisk støtte til fartøy som ønskte å prøva ut ulike tråltypar.³⁰¹ Særleg var det ulike flytetrålar og partrålar som vart utprøvd. Flytetråling vart også prøvd ut på storsild under vintersildfisket, og på sildefelta ved Island.³⁰² Trålfiske ser såleis ut til å ha vorte meir aktuelt innanfor sildefisket på generell basis. Dette hadde nok også bakgrunn i dei sviktande vintersildfangstane. Det auka fokuset på ulike former for tråling var ganske sikkert med på auka interessa for sildetrålinga. Særleg viktig var nok forsøkstrålinga. Fiskarane følgde truleg nøye med på forsøka, og dersom dei var vellukka, var det lettare for fiskarane å sjølv prøva ut sildetråling. Sidan få fartøy deltok i dette fisket på første halvdel av 1950-talet, var sildetrålinga eit nytt fiske for mange. At det vart drive forsøksfiske var truleg såleis ein tryggleik for fiskarar som ikkje hadde drive dette fisket før.

Fiskeriministeren var sjølv nøgd med at såpass mange gjekk over til dette fisket.³⁰³ Samstundes var han også klar på at det var enkelte problem som måtte løysast for å få betre resultat av trålinga. Særleg var det nødvendig å utstyra fartøya med sterkare maskiner.³⁰⁴ Dette var eit velkjent problem. Debatten om sildetrålinga heldt fram også på siste halvdel av 1950-talet. No var det derimot dei dårlege fangstane som vart diskuterte. Først og fremst var det mangelen på kraftige maskiner som vart framheva, slik fiskeriministeren gjorde.³⁰⁵ I fleire artiklar og intervju vart det vist til svenske fartøy, som gjorde gode fangstar. Desse var visstnok utstyrt med med mykje kraftigare maskiner enn dei norske fartøya, og hadde rundt 400 hestekreftar. I tillegg brukte dei flytetrål i staden for botntrål. Nordmennene burde gjera det same og ta etter svenskane, var bodskapen.³⁰⁶ Samstundes vart det også klagt over at svenske fiskarar fekk mykje betre betalt for silda enn dei norske fiskarane gjorde.³⁰⁷ I det heile ser svenskane ut til å ha vore førebilete for norske fiskarar som dreiv sildetråling. Både

³⁰⁰ "Man leter etter nye veier i fisket". *Fiskaren* 08.04.1959.

³⁰¹ Sjø m.a. ""Thor Iversen" hjemkommet fra orienteringstoktet til Fladen" *Fiskaren* 15.07.1959, "Flytetrål-forsøkene på Egersundfeltet ga oppmuntrende resultater i høst" *Fiskaren* 08.04.1959, "De norske partrålfiskere er kommet over begynnervanskene" *Fiskaren* 09.03.1960.

³⁰² "1-båts flytetrål vil få sin eld-dåp under storsildfisket." *Fiskaren* 13.01.1960 og "Flytetrål-forsøkene ved Nord-Island ga negativt resultat i sommer på grunn av den lyse årstiden." *Fiskaren* 03.08.1960.

³⁰³ "Fiskeriministeren tilfreds med utviklingen i Nordsjøfisket." *Fiskaren* 09.09.1959.

³⁰⁴ "Gledelig utvikling i det norske nordsjøfisket." *Fiskaren* 21.10.1959.

³⁰⁵ "Fiskefartøylene har for svake motorer til partråling i Nordsjøen." 03.06.1959 og "Vi kan få helårsdrift i Nordsjøen." *Fiskaren* 02.02.1959.

³⁰⁶ "Vi kan få helårsdrift i Nordsjøen." *Fiskaren* 02.02.1959, "13 SMÅTRÅLERE for svensk regning ved verft på Sørlandet og Vestlandet." *Fiskaren* 09.03.1960, "Det heile står og fell med motorkrafta." *Fiskaren* 23.03.1960

³⁰⁷ "De norske Nordsjøfildtrålerne." *Fiskaren* 02.03.1960 og "Flytetrål og bedre priser vil øke norsk nordsjøfiske." *Fiskaren* 10.02.1960.

svenske og danske fartøy hadde lenger erfaring med dette fisket enn det nordmennene hadde, og dei gjorde det også betre i sildetrålinga enn dei norske fartøya. Løysinga for norske fiskarar, slik det vart framstilt i *Fiskaren* kan såleis oppsummerast med tre stikkord: Kraftigare maskiner, overgang til flytetrål og betre prisar.

3.9.2 Tråling etter tobis og augepål og ein svak tendens til heilårsdrift

På slutten av 1950-talet byrja ein del norske fartøy også å tråla etter annan fisk i Nordsjøen, særleg etter tobis og augepål. Dei første fangstane av tobis vart tekne i 1956 av "Havkvern".³⁰⁸ Etter kvart kom også fleire av småtrålarane med i dette fisket. I 1959 vart dei første fangstane av augepål tekne, og dette var eit fiske som gav gode fangstar. Det heldt fram også utover i det neste tiåret. Det er usikkert kor mange som dreiv dette fisket. Direktoratet rekna med at omlag 50 fartøy tråla etter tobis dei siste åra av 1950-talet.³⁰⁹ Fisket etter øyepål har eg ikkje funne deltakartal for.

Tabell 3.11: Fangstar av tobis og augepål (tonn) mellom 1956 og 1960

År	Tobis	Augepål	Totalfangst	År	Tobis	Augepål	Totalfangst
1956	1 435	-	1 435	1959	7 979	18 768	26 747
1957	3 220	-	3 220	1960	13 688	24 627	38 315
1958	4 817	-	4 817	-	-	-	-

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1956-1960

Til saman var tobis- og augepålfangstane mykje større enn trålsildfangstane på slutten av 1950-talet. Dei var også større enn fangstane av torskefisk som vart gjort av småtrålarane.³¹⁰ Prismessig kunne likevel ikkje tobis og augepål konkurrera med torskefisk. Trålinga etter tobis og augepål var eit industrifiske og fangstane gjekk til sildemjøl og sildeolje. Tobistrålinga fann stort sett stad frå mai til juli, medan fisket etter augepål stort sett gjekk føre seg året rundt.³¹¹ I følgje *Norges Fiskerier* vart det meste av fangstane landa på Vestlandet.³¹² Truleg gjekk det meste til Egersund.³¹³ Kor fangsten vart teken i land seier ikkje noko om kor

³⁰⁸ *Norges Fiskerier* 1956: 24

³⁰⁹ *Norges Fiskerier* 1959: 35 og *Norges Fiskerier* 1960: 30

³¹⁰ Sjå tabell 3.3.

³¹¹ *Norges Fiskerier* 1957: 66-67, *Norges Fiskerier* 1958: 68-69, *Norges Fiskerier* 1959: 66-67, *Norges Fiskerier* 1960: 64-65

³¹² *Norges Fiskerier* 1957: 40-41, *Norges Fiskerier* 1958: 42-43, *Norges Fiskerier* 1959: 40-41 og *Norges Fiskerier* 1960: 40-41

³¹³ "De norske trålerne åpner tobis-sesongen." *Fiskaren* 16.04.1958 og "Tobisfisket ga 80-90000 hl i år." *Fiskaren* 22.07.1959.

han vart fiska, men i følge *Fiskaren* gjekk tobisfisket føre seg både på Doggerbank i Nordsjøen og utanfor kysten av Danmark.³¹⁴ *Norges Fiskerier* seier ikkje noko om kor augepålfangstane vart tekne i 1959 og 1960, men i følge statistikken for dei to neste åra vart fangstane tekne på ulike fiskebankar i Nordsjøen og i Skagerrak.³¹⁵ Noko vart også landa i Møre og Romsdal og var truleg fiska utanfor kysten der.³¹⁶

Samstundes med at ein byrja å fiska etter tobis og augepål, kan ein sjå ein svak tendens til at fisket i Nordsjøen gjekk meir over til å bli eit heilårsfiske. Tidlegare hadde sildetrålinga gått føre seg på seinsommaren og hausten, men frå 1958 vart dette fisket drive fleire månader enn tidlegare. I 1959 og 1960 vart det landa trålsild alle månader i året. Størstedelen av fangstane vart framleis landa i den tradisjonelle sildetrålsesongen, mellom juli og oktober.³¹⁷ Likevel må ein del fartøy ha drive dette fisket også utanom sesongen, truleg på heilårsbasis. Det er usikkert kor mange fartøy dette galdt. Den byrjande overgangen til heilårsdrift skjedde elles samstundes som deltakinga i sildetrålinga auka kraftig. Det er såleis tydeleg at innsatsen i dette fisket auka kraftig, både i form av større deltaking og i form av heilårsfiske. Samstundes var det fleire som dreiv sildetrålinga i kombinasjon med tråling etter tobis, og etter kvart også etter augepål. *Norges Fiskerier* opplyste for 1960 at det vart levert få fangstar av trålsild i mai og juni, fordi mange av fartøya var opptekne med tobisfisket.³¹⁸ *Fiskaren* rapporterte same året at dei fleste av fartøya som tråla etter tobis, la om til sildetråling så snart tobissesongen var ferdig.³¹⁹ Det ser også ut til at ein del fartøy tråla etter sild og augepål om ein annan.³²⁰ Truleg tyder det på at silda og augepålen til dels stod på dei same fiskefelt. Kombinasjonstrålinga gjorde at driftsgrunnlaget vart betre for nordsjøfiskarane enn tidlegare. At ein kunne satsa på tråling etter tobis og augepål i tillegg til sildetrålinga, reduserte risikoen for dårlege resultat. Det var nok forholdsvis enkelt å kombinera trålinga etter desse fiskeartane. Truleg trengde ein ikkje gjera meir enn å skifta ut trålnota når ein gjekk over til tobisfiske til sildefiske. Dessutan gjekk både sild, tobis og augepål til oppmaling, så det var heller ikkje store forskjellar i korleis fangstane vart behandla. Dette kombinasjonsfisket gjev også grunnlag for å sjå trålfisket i Nordsjøen og Skagerrak under eitt. Til saman gav dette fisket forholdsvis gode fangstar på slutten av 1950-talet; frå 12 000 tonn i 1958 til over 40 000 tonn

³¹⁴ "Det norske tobisfisket i Nordsjøen har hittil gitt ca. 37 000 hl på 13 fartøyer." *Fiskaren* 25.06.1958 og "Tobis-trålere i kø i Egersund." *Fiskaren* 22.06.1960.

³¹⁵ Fiskeristatistikk 1961: 27, Fiskeristatistikk 1962: 25

³¹⁶ Norges Fiskerier 1960: 40 og 50

³¹⁷ Norges Fiskerier 1958: 68-69, Norges Fiskerier 1959: 66-67, Norges Fiskerier 1960: 64-65

³¹⁸ Norges Fiskerier 1960: 21

³¹⁹ "Tobis-fisket har gitt 147.000 hl i år." *Fiskaren* 10.08.1960.

³²⁰ "Fra 1. til 8. august er levert 4363 hl sild og øyenpåle til Egersund." *Fiskaren* 10.08.1960.

i 1959 og meir enn 50 000 tonn i 1960. Kollapsen i vintersildfisket førte til at fiskarane vart avhengige av å finna nye vegar for å oppretthalda drifta. Utvidinga av nordsjøfisket var ein av desse vegane, noko også myndigheitene fleire gongar hadde påpeika. Sjølv om fangstutbyttet frå Nordsjøen auka kraftig dei siste åra av perioden, var det langt frå nok til kompensera for vintersildfisket. Likevel var nordsjøfisket ein viktig del av omstillingsprosessen etter vintersildkollapsen. Seinsommaren 1960 gjorde *Fiskaren* seg nokre tankar om dette fisket: "Tobis-fisket og nordsjøfisket har vist seg delvis å kunne erstatte feilslått vintersildfiske. Selv om en dårlig vintersildsesong aldri kan kompenseres, så har nok tobisen og nordsjøsilde vist seg å være god å ty til både for fiskerne og fabrikkene."³²¹

3.9.3 Betydninga av trålfisket i Nordsjøen

Den første delen av 1950-talet er det vanskeleg å tenkja seg at dette fisket hadde noko særleg å seia for fiskerinæringa. Fangstane var svært låge, og deltakinga var dårleg. Difor er det først etter vintersildkollapsen ein kan seia at trålinga i Nordsjøen vart viktig for fiskerinæringa. Aller viktigast var fisket sjølvsagt for alle fiskarane som måtte skaffa nye inntekter. Samstundes vart dette fisket også viktig for foredlingsindustrien på land. Etter krigen var det bygd opp ein enorm kapasitet innanfor sildemjøl- og sildoljeproduksjon langs kysten. Då vintersildfangstane forsvann, oppstod det ei krise innanfor denne næringa. Då nordsjøtrålinga tok seg opp, gjekk mykje av fangstane til Egersund.³²² Sildefabrikkane her greidde seg difor ganske bra i forhold til mange andre. Likevel var det berre ein av fabrikkane i Egersund som greidde å halda produksjonen i gong kvart år på slutten av 1950-talet og byrjinga av 1960-talet.³²³ Råstoffsituasjonen var for dårleg til å oppretthalda produksjonen hos dei andre. Ein av sildefabrikkane satsa endåtil på soyabønner som råstoff i staden for sild.³²⁴ Utan auken i nordsjøtrålinga ville situasjonen likevel vore endå verre for sildeindustrien i Egersund. Annan industri i denne byen tente også på det aukande fisket. Egersund Trawlverksted, som dreiv med produksjon og reparasjon av trålutstyr, utvida verksemda på slutten av 1950-talet nettopp på grunn av nordsjøfisket.³²⁵ Også for andre sildefabrikkar som tok i mot råstoff frå dette fisket kan ein gå ut i frå at det i alle fall letta noko på den vanskelege råstoffsituasjonen som sildeindustrien var oppe i. Det gjeld også fabrikkar lenger nord på kysten, mellom anna i Møre og Romsdal og i Trøndelag der det vart ført i land noko augepål og tobis.

³²¹ "Tobis-fisket har gitt 147.000 hl i år." *Fiskaren* 10.08.1960.

³²² Sjø m.a. "Ca. 400.000 hl råstoff ble resultatet for Sildefiskernes Fabrikklag i år." *Fiskaren* 28.10.1959 og "Tobisfisket og sildefisket i Nordsjøen." *Fiskaren* 12.04.1960.

³²³ Hamre 1996: 529

³²⁴ ibid: 527-528

³²⁵ "Egersund Trawlverksted har stadig utvidet arbeidsstyrken." *Fiskaren* 08.12.1959.

I eit lengre perspektiv var auken i nordsjøtrålinga ein del av ei overgangstid frå eit fiske basert på det årlege innsiget av vintersild til eit havfiske etter sild i Nordsjøen og Norskehavet. Dei første åra av 1960-talet var deltakinga i dette fisket nokså stabilt. Fangstane varierte litt meir. 1961 var eit dårleg år, men 1962 var betre. I 1963 fekk ein så eit lite gjennombrøt, med eit utbytte på totalt 147 000 tonn.³²⁶ Dei to neste åra nådde fisket nye høgder. I 1965 vart det teke over 600 000 tonn fisk, det aller meste nordsjøisild. Veksten skuldast ikkje trålarane, men snurpefartøy med kraftblokk og ringnot. Fartøy av denne typen deltok i nordsjøfisket for første gang i 1963. Framleis deltok mange trålarar, men dei gjorde det heller dårleg. Til dømes stod ringnotsnurparane for omlag 97 prosent av sildefangstane i 1965, sjølv om det deltok over 400 trålarar.³²⁷ Etter at ringnotsnurparane kom med i fisket mista altså trålarane mykje av betydninga si. Ringnotteknologien viste seg å vera mykje meir effektiv. Samstundes skal ein ikkje underdriva betydninga av trålarane i dette fisket. Ekspansjonen i trålfisket i Nordsjøen frå midten av 1950-talet gjorde det truleg lettare for ringnotsnurparane å komma med i nordsjøfisket. Det var trålarane som viste at det var mogleg for norske fiskarar å få sildefangstar i Nordsjøen, og det var trålarane som gjennom mange år fann fram til gode fangstfelt. Utan dette er det vanskeleg å sjå for seg at snurpefartøya ville investert i ny reiskap for å fiska etter nordsjøisild. I tillegg fann trålarane nye artar å fiska etter, som tobis og augepål. Dette var artar som ikkje hadde vore kommersielt utnytta tidlegare, og som har vore viktige heilt fram til vår tid. Såleis kan ein seia at sjølv om fangstane frå trålinga i Nordsjøen og Skagerrak ikkje fekk så stor betydning, så var dette fisket viktig for den vidare utviklinga i dei norske fiskeria.

3.10 Konklusjon

Etter at trålarlova av 1951 opna for utbygging av ein småtrålarflåte, vaks talet på småtrålar-konsesjonar kraftig. Dei aller fleste tilhørde små fartøy. Eigedomslova sette grenser for kven som kunne få eiga fiskefartøy og dermed få trålkonsesjon. Det gjorde at utbygginga av småtrålarflåten ikkje medførte endringar av eigedomsstrukturen i næringa, sjølv om det fanst fartøy som ikkje var eigde av aktive fiskarar. Møre og Romsdal og Troms vart dei viktigaste småtrålarfylka. Desse hadde også dei beste føresetnadene for småtråling. Fylka på Sørvestlandet som satsa på sildefiske hadde etter måten få konsesjonar. Det same hadde Nordland og Finnmark, truleg fordi fiskarane dreiv eit sesongbasert småskalafiske. Mange av konsesjons-havarane dreiv heller ikkje trålfiske. Det hadde samband med næringsstrukturen. Fiskarane dreiv allsidig, og så lenge andre reiskapar gav gode fangstar, var det ikkje grunn til å tråla. Det

³²⁶ I 1961 vart det til saman teke 33 500 tonn fisk i Nordsjøen, i 1962 61 000 tonn og i 1963 147 000 tonn. Sjå Fiskeristatistikk 1961: 28, Fiskeristatistikk 1962: 26 og Fiskeristatistikk 1963: 23.

³²⁷ Fiskeristatistikk 1964: 23 og Fiskeristatistikk 1965: 22-23

var i hovudsak drive tre ulike småtrålarfiske. Trålinga etter torskefisk gav jamnt over dei største fangstane, frå midten av 1950-talet i overkant av 20 000 tonn årleg, før fangstane gjekk noko ned i 1960. Mykje av fangstane gjekk truleg til tørrfiskproduksjon. Fisket vart i hovudsak drive utanfor Finnmarkskysten og oppover i Barentshavet. Det meste av fangstane vart tekne under vårtorskefisket og elles på sommaren. I hovudsak var dette eit sesongfiske. Brislingtrålinga fekk eit lite oppsving, men etter få år kollapsa fisket heilt, fordi brislingen forsvann frå felta ved Hvaler. Sildetrålinga gav dårleg utbyte på byrjinga av 1950-talet. På slutten av tiåret steig både deltakinga og fangstane. Det hadde samanheng med kollapsen i vintersildfisket. I tillegg kom det i gang tråling etter tobis og augepål. Nokre fartøy la truleg om til heilårsdrift i samband med dette, men sildetrålinga var likevel i stor grad eit sesongfiske. Småtrålinga skjedde altså for det meste innanfor eksisterande rammer i fiskerinæringa. Fartøya var for det meste eigde av fiskarar, og trålinga vart stort sett drive som sesongfiske. Samstundes var småtrålinga til dels eit havfiske. Det gjeld særleg sildetrålinga. Men også småtrålinga etter torskefisk var delvis drive som havfiske i Barentshavet, ved Bjørnøya og Svalbard. Slik skilde småtrålinga seg noko frå kystfisket som elles vart drive i Noreg. Samstundes var ikkje havfiske eit nytt innslag i fiskerinæringa. Likevel bidrog småtrålarane til ein overgang i retning av meir havfiske, sjølv om utviklinga først skaut fart på 1960-talet.

Kapittel 4: Stortrålarane 1951-1960

4.1 Innleiing

Trålarlova av 1951 kom til å få stor betydning for utbygginga av ein norsk stortrålarflåte. Lova opna opp for ein flåte av heilt annan storleik enn tidlegare. Det innebar likevel ikkje eit frislepp for stortrålarane. Sjølv om reguleringane vart noko mindre på enkelte område enn tidlegare, la lova framleis opp til eit strengt regime der departement og direktorat kontrollerte utbygginga av stortrålarflåten. Talet på fartøy med stortrålararkonsesjon vart meir enn dobla i løpet av 1950-talet; frå 13 fartøy i 1952 til 31 fartøy i 1960. Stortrålarane kom til å stå for forholdsvis store fangstar i løpet av tiåret. Samstundes la dei om fisket. Frå å vera leverandørar av saltfisk til klippfiskindustrien, gjekk fleire og fleire fartøy over til å levera ferskfisk til frysefiletindustrien i Nord-Noreg. I dette kapittelet er målet å kartlegga utviklinga i stortrålarflåten og fisket stortrålarane dreiv. I den første delen av kapittelet ser eg på konsesjonane og tildelingane av desse. Korleis endra talet på stortrålararkonsesjonar seg i løpet av perioden? Korleis var konsesjonane fordelte geografisk? Var stortrålarane fiskareigde, eller var det kapitalkrefter utanfrå som eigde desse? Ein stor del av debatten rundt trålarlova av 1951 hadde dreidd seg om stortrålarane. Difor undersøker eg også om det var usemje knytt til konsesjonstildelingane. Del to tar for seg sjølve stortrålarfisket. Tre spørsmål er viktige her: Kor store fangstar tok stortrålarane? Kor vart fangstane tekne? Og kva betydning hadde stortrålarfisket for fiskerinæringa i denne perioden?

4.2 Stortrålarane og debatten om trålarlova

Spørsmålet om utvida tråldrifft hadde blitt introdusert på nytt like etter krigen. Allereie hausten 1946 hadde Fiskeridirektoratet ønskt å setja ned ein komite for å drøfta problema rundt trålfiske i Noreg. Året etter vart Rasjonaliseringskomiteen sett ned, med hovudoppgåve å revurdere trålarlova av 1939. Fiskarlaget hadde vore motstandarar av tråldrifft i mellomkrigstida og var det framleis etter krigen. Men i 1947, etter at planane om Rasjonaliseringskomiteen vart kjende, endra Fiskarlaget standpunkt. Laget kunne gå med på ei utbygging av trålarflåten, men berre dersom trålarane vart drivne på samvirkebasis. Konsesjonane som tilhørte private reiarlag måtte dessutan dragast inn.³²⁸ Debatten om trålarlova kom dermed ikkje til å dreia seg om tråling skulle vera tillate eller ikkje, men om kven som skulle kunna eiga stortrålarar. Rasjonaliseringskomiteen la fram innstillinga si i 1949. I innstillinga la

³²⁸ Sagdahl 1973: 117

komiteen vekt på at det var nødvendig med jamnare tilførsler av råstoff for at å sikra driftsgrunnlaget for frysefiletindustrien. Dette kunne løyast med eit utvida trålfiske.³²⁹ Komiteen delte seg i to, der fleirtalet ønskte ei noko friare utbygging av trålarflåten enn mindretalet. Samanslutningar av aktive fiskarar og konsesjonshavarar etter trålarlova av 1939 skulle ha fortrinnsrett til konsesjon for dei største trålarane. For mindretalet var det eit grunnleggande vilkår at fiskarane vart sikra eigedomsrett til trålfartøya.³³⁰ Odelstingsproposisjonen som omhandla trålarlova bygde i stor grad på fleirtalsinnstillinga frå Rasjonaliseringskomiteen.³³¹ Også i proposisjonen var eit av momenta utbygginga av frysefiletindustrien og behovet for råstoff dette medførte.³³² Trålsørsmålet og utbygginga av foredlingsindustrien vart altså kopla tydeleg saman. Då saka vart handsama i Stortinget, gjekk fleirtalet i fiskerikomiteen mot proposisjonen ved hjelp av dobbeltstemma til formannen, Jens Steffensen. Fleirtalet gjorde framlegg om at Fiskeridepartementet berre kunne gje konsesjonar til fartøy under 200 brt, i motsetnad til proposisjonen, der framlegget var at grensa skulle vera 300 brt. I tillegg ønskte komiteen at det nye trålutvalet skulle gje innstilling om konsesjonar for dei største trålarane, medan framlegget i odelstingsproposisjonen sa at utvalet skulle gje uttale om konsesjonane.³³³ I Odelstinget opprettheldt fiskeriministeren framlegget frå odelstingsproposisjonen, og dette fekk fleirtal. 33 av 47 representantar frå Arbeidarpartiet gjekk derimot inn for framlegget frå fiskerikomiteen, så regjeringa måtte ha hjelp frå dei borgarlege partia for å få gjennom framlegget sitt.³³⁴

Sjølv om debatten i Stortinget kom til å handla om skilnaden mellom uttale og innstilling og om departementet skulle gje konsesjonar til fartøy under 200 brt eller 300 brt, dreidde debatten seg djupast sett om andre ting. Først og fremst handla det om kven som skulle få eiga stortrålarar og om korleis utbygginga av trålarflåten skulle kontrollerast. For Fiskarlaget sin del var det avgjerande at fiskarane sjølv både skulle eiga trålarane og styra utviklinga innanfor trålfisket. Motstanden var såleis bygd på ei frykt for at utanforståande kapital skulle få innpass i fisket og i verste fall rokka ved strukturen i næringa.³³⁵ For fiskerimyndigheitene og andre som ønskte ein utvida tilgang til stortråling var det derimot viktig at kapital utanfrå kunne få innpass i visse tilfelle. Dette fordi stortrålinga var så kapitalkrevjande at fiskarane sjølve ville ha vanskar med å finansiera stortrålarar. Samstundes kan ein ikkje sjå vekk i frå at motstanden

³²⁹ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål) 1949: 16

³³⁰ Innstilling om endring av lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnsløpenot (trål) 1949: 29-30

³³¹ Sagdahl 1973: 132-134

³³² Ot. prp. nr. 25 (1950): 16

³³³ *ibid*: 149

³³⁴ *ibid*: 153

³³⁵ Kolle 2014a: 407-408

mot stortråling også innheld ei regional konfliktlinje, mellom kystfiskarar i Nord-Noreg og meir kapitalsterke miljø på Vestlandet. Stortrålinga var i større grad ei bynæring, medan kystfisket var ei distriktsnæring. Frykten for motstandarane var at ei utviding av trålfisket på bekostning av kystfisket dermed kunne føra til ei nedbygging av distrikta, særleg i Nord-Noreg.

4.3 Konesjonsordninga for stortrålarane

Då lova vart vedteken våren 1951, var det framlegget frå odelstingsproposisjonen som vann fram. Dette innebar store endringar i forhold til trålarlova av 1939. Den aller viktigaste var at grensa for stortrålarar vart sett til 300 brt, i motsetnad til tidlegare, då grensa hadde vore 50 brt. I tillegg vart regelen om kor mange stortrålarar ein kunne ha fjerna. Etter trålarlova av 1939 kunne berre elleve fartøy over 50 brt ha trålkonesjon. I følgje den nye lova kunne det gjevast konsesjon til "et begrenset antal fartøyer over 300 tonn bruttodrektighet".³³⁶ Sidan det ikkje var spesifisert kor mange "et begrenset antal fartøyer" utgjorde, kunne det i prinsippet tildelast eit uavgrensa tal konsesjonar for fartøy over 300 brt. Det var likevel knytt nokre vilkår til tildelinga av stortrålararkonesjonane. Aktive fiskarar og dei personane og selskapa som hadde hatt konsesjon etter den gamle trålarlova, hadde fortrinnsrett til å få konsesjon for stortrålarar. Det innebar at også andre kunne få konsesjon i enkelte tilfelle.

På same måte som for småtrålarane vart det utarbeidd eigne søknadsskjema for stortrålarane. Dette skulle sendast fiskeriinspektøren i distriktet der søkjaren var heimehøyrande. Fiskeriinspektøren gav så ein uttale om søknaden og sende han vidare til Fiskeridirektøren. Her var det altså samsvar mellom søknadsprosessane for småtrålarar og stortrålarar. Søknadene om stortrålararkonesjonar skulle i tillegg handsamast i det nye trålutvalet. Dette var samansett av fem medlemmer, ein representant for staten, to frå Norges Fiskarlag, ein frå Norsk Sjømannsforbund og ein frå Norske Trålrederiers Forening. Medlemmene vart valde for fire år av gongen. Oppgåva til trålutvalet var å gje uttale om dei ulike konsesjons-søknadene, før Fiskeridirektøren gjorde ferdig innstillinga si om kor vidt søkjararane skulle få konsesjon eller ikkje.³³⁷ Frå Fiskeridirektøren vart saka sendt vidare til departementet. I motsetnad til småtrålarane vart ikkje stortrålararkonesjonane gjevne av departementet. Til sjuande og sist var det Kongen, altså regjeringa, som godkjende eller av slo søknadene.³³⁸ Stortrålararkonesjonar vart såleis gjevne som kongelege proposisjonar.

³³⁶ Lov av 20.april 1951 om fiske med trål § 1

³³⁷ St. meld. nr. 75 (1953): 1-2

³³⁸ Lov av 20.april 1951 om fiske med trål § 1

4.3.1 Konesesjonstildelingane mellom 1951 og 1960

Talet på stortrålarar endra seg ein del i løpet av perioden. Ved utgangen av 1952 hadde 13 fartøy stortrålarkonesesjon, medan 31 fartøy hadde konesesjon ved utgangen av 1960. Det var meir enn ei dobling. Samstundes utgjorde fartøya med stortrålarkonesesjon ein forholdsvis stor del av alle fiskefartøy over 300 brt, kanskje i overkant av ein firedel i 1960.³³⁹ På same måte som småtrålarkonesesjonane var også stortrålarkonesesjonane geografisk konsenterte. Særleg Møre og Romsdal hadde mange konesesjonar, medan andre fylke ikkje hadde stortrålarar i det heile.

Tabell 4.1 Stortrålarar fordelte etter fylke 1951-1960

Fylke/år	1951/52	1953	1954	1955	1956	1957	1958	1959	1960
Finnmark		1	1	1	4	4	4	4	4
Troms	1	4	4	4	4	3	3	3	4
Nordland	2	2	2	2	2	2	2	3	2
Møre og Romsdal	9	10	9	10	12	13	15	15	15
Hordaland/Bergen	1	1	1	3	3	4	4	3	3
Rogaland			1	1	2	4	4	4	3
Totalt	13	18	18	21	27	30	32	32	31

Kjelder: Kjelder: St. meld. nr. 75 (1953), St. meld. nr. 105 (1954), St. meld. nr. 92 (1955), St. meld. nr. 15 (1957), St. meld. nr. 17 (1958), St. meld. nr. 7 (1959), St. meld. nr. 57 (1959-60), St. meld. nr. 35 (1960-61), St. meld. nr. 50 (1961-62)

Verken i Trøndelagsfylka, Sogn og Fjordane eller langs Skagerrakkysten var det fartøy med stortrålarkonesesjonar i løpet av 1950-talet. Ingen av desse distrikta hadde tradisjon for stortråling. Trøndelag var også lite med i småtrålinga, og særleg i Nord-Trøndelag dreiv fiskarane truleg mest fiske i kystnære farvatn. I Sør-Trøndelag var det ein del større fartøy som dreiv som sildesnurparar.³⁴⁰ Ingen av desse var store nok til å kategoriserast som stortrålarar.³⁴¹ Også langs Skagerrakkysten vart det drive mest fiske i kystnære farvatn, i tillegg til småtråling i Nordsjøen og Skagerrak. I tillegg må ein ta hensyn til dei lange avstandane til fangstfelt for stortrålarane, som låg langs Finnmarkkysten og i Barentshavet. For Sogn og Fjordane var vintersildfisket svært viktig. Fiskarar herifrå dreiv også havfiske, men då linefiske, særleg etter pigghå. Dette vart til dels drive i kombinasjon med linefiske

³³⁹ Fiskeritelling 1960 annet hefte: 18. I 1960 var det registrert 134 fartøy som var 120 fot eller meir. 300 brt tilsvarar omlag 130 fot.

³⁴⁰ Døssland og Løseth 2006: 372

³⁴¹ Fiskeritelling 1960 annet hefte: 18

etter lange og brosmme.³⁴² Først og fremst var stortrålinga likevel eit vestlandsfiske, med Møre og Romsdal som det viktigaste trålfylket. Omlag halvparten av stortrålkonsesjonane kom herifrå. Møre og Romsdal hadde også hatt dei fleste trålkonsesjonane over 50 brt mellom 1946 og 1951, og hadde store delar av småtrålkonsesjonane på 1950-talet. Også Rogaland og Hordaland hadde nokre konsesjonar, åtte på det meste. Dei tre fylka i Nord-Noreg hadde omlag 10 trålkonsesjonar gjennom heile perioden. Talet på konsesjonar var elles svært stabilt på slutten av 1950-talet. Nokre utskiftingar av fartøy var det, men dei var ikkje mange. I enkelte av tilfella dreidde det seg dessutan om trålarar som vart selt og der kjøpar søkte ny konsesjon for fartøyet.

I Møre og Romsdal var tråltradisjonane sterke. Det var her stortrålinga hadde slege gjennom på 1930-talet, og trålmiljøet vart oppretthalde også etter krigen. Ein stor del av dei mellombelse konsesjonane som vart gjevne etter krigen var heimehøyrande i Møre og Romsdal.³⁴³ Mange av desse skaffa seg også konsesjonar etter den nye trålarlova. Sju av dei ni stortrålarane som høyrde til i Møre og Romsdal ved utgangen av 1952 hadde hatt konsesjon etter den gamle trålarlova. I tillegg kom to nybygg som var eigde av Halfdan Backer A/S. Samtlege av dei ni fartøya kom frå Kristiansund.³⁴⁴ Denne byen vart viktig for stortrålarane også utover 1950-talet. Gjennom heile tiåret høyrde mellom åtte og ni stortrålarar til her. Trålflåten i Kristiansund ekspanderte likevel ikkje. Halfdan Backer A/S selde dei nye trålarane sine allereie i 1954.³⁴⁵ Året etter fekk to nye trålarar frå Kristiansund konsesjon. Den eine var eigd av A/S Heinsa, som hadde to stortrålarar frå før, medan eigarane av den andre også hadde erfaring frå tråldrif i Kristiansund.³⁴⁶ Etter desse innkjøpa skjedde ingen endringar i trålarflåten i Kristiansund før i 1959, då den gamle trålararen "Angle" vart seld.³⁴⁷ Såleis var det andre stader i Møre og Romsdal stortrålarflåten ekspanderte på 1950-talet. Det var fleire årsaker til at trålarbyen Kristiansund stagnerte. Ein av dei var truleg den vanskelege situasjonen for klippfiskindustrien i byen, som stort sett stod som eigarar av trålarane, og som hadde vore pionerar innanfor trålinga i Noreg.

³⁴² Johansen 1982: 239 og 251-252

³⁴³ Sjø kapittel 2.4.1.

³⁴⁴ St. meld. nr. 75 (1953): 5. Backer hadde også hatt trålkonsesjon tidlegare. Sjø kapittel 2.4.

³⁴⁵ St. meld. nr. 92 (1955): 5 og Jensen 2010: 178-179.

³⁴⁶ St. meld. nr. 15 (1957): 5, Kongeleg resolusjon av 11.02.1955 om tildeling av trålkonsesjon for A/S Heinsa. I: mappe nr 498 "Sletnes", Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694. "Søknad om tilatelse til å drive trålfiske med fartøy over 300 BRT. Ad. D/tr. "Dragaberg". Skriv frå Fiskeridirektøren til Fiskeridepartementet 15.02.1955. I: Mappe nr 499 "Dragaberg", Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694.

³⁴⁷ St. meld. nr. 35 (1960-61): 4-5

På tross av stagnasjonen i Kristiansund vaks talet på stortrålarar i Møre og Romsdal til 15 fartøy i løpet av 1950-talet. Det er fleire grunnar til det. Fylket hadde gode føresetnader for å få ein stor flåte av stortrålarar. Fiskarane her var vane med å driva havfiske, og hadde gjort det over lenger tid. Såleis hadde dei også fartøy som eigna seg for slikt fiske. I forrige kapittel vart dette brukt som forklaring på kvifor Møre og Romsdal hadde så mange småtrålarar.³⁴⁸ Møre og Romsdal hadde den klart største flåten av store havgåande skip i landet. I løpet av 1950-talet vart flåten dobla, til 60 fartøy over 120 fot i 1960.³⁴⁹ Det tyder på at det må ha vore eit miljø i Møre og Romsdal som hadde både vilje og pengar til å investera i store fartøy. Truleg skuldast dette det eventyrlege vintersildfisket på første halvdel av 1950-talet. Mange av dei store fartøya var bygde eller kjøpte inn som snurparar til bruk i sildefiske. Nokre av sildefiskarane byrja også med tråling. Harald "Bas" Johansen skaffa seg stortrålkonsesjon i 1956.³⁵⁰ Han var ein av dei mest kjende sildebasane i landet. I tillegg hadde Møre og Romsdal ein stor flåte av selfangstskuter. Fleire av desse dreiv sildefiske i tillegg. Nokre av dei fekk småtrålkonsesjon. I løpet av 1950-talet skaffa fleire av dei største selfangarane seg stortrålkonsesjon. I alle fall fire fartøy frå Møre og Romsdal som fekk konsesjon var i utgangspunktet selfangarar. Tre av dei kom frå Brandal, ei av dei viktigaste selfangstbygdene i Noreg.³⁵¹ Selfangstskutene var truleg godt eigna til trålfiske, både på grunn av storleiken og fordi dei hadde kraftige motorar. Når det likevel ikkje var fleire selfangarar som prøvde seg på stortråling, er det truleg fordi dei heller dreiv som snurparar når dei ikkje var i ishavet. I følgje Arnljot Løseth var kombinasjonen selfangst og sildefiske vanleg på 1950-talet.³⁵² Sildefisket kan truleg forklara kvifor ikkje fleire av dei andre største fartøya kom med i stortrålinga. Så lenge vintersilda og anna sildefiske gav gode fangstar var det ikkje grunn til å prøva seg på eit nytt og annleis fiske som tråling. I tillegg viste det seg etterkvart at det var dårleg lønnsemd i trålfisket, noko som truleg gjorde det vanskelegare å nytta dei kapitalkrevjande snurparane her.

³⁴⁸ Sjå kapittel 3.4

³⁴⁹ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 4-5 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 18. I 1948 var det 32 fartøy over 120 fot her.

³⁵⁰ St. meld. nr. 17 (1958): 4. Eit anna døme er "Ålesundtrål" ein kombinert snurpar og trålar. Han var 307 brt og fekk trålkonsesjon i 1956. Sjå St. meld. nr. 17 (1958): 4 og Døssland og Løseth 2006: 372. Eigaren hadde drive fiske frå 1923 til 1949. Søknad om trålkonsesjon for nr. 640 "Ålesundtrål" 23.02.1956. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695. Eit tredje døme er "Remman" som fekk konsesjon i 1957 og var eigd av to aktive fiskarar. Søknad om trålkonsesjon for nr. 728 "Remman" 23.02.1957. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0696.

³⁵¹ Døssland og Løseth 2006: 392-393. Dei tre selfangarane var "Jopeter", som forliste i 1955, "Polaris" og "Melshorn". "Søknad om tillatelse til å drive fiske med trål med fartøy over 300 BRT. S.nr. 256 M/S "Jopeter" M-31-HD".Skriv frå Fiskeridirektøren til Fiskeridepartementet 09.12.1955. I: Mappe nr. 256 "Jopeter", Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692. Søknad om trålkonsesjon for nr 387 "Polaris" 10.06.1953. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693. Søknad om trålkonsesjon for nr. 776 "Melshorn" 09.12.1957. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0696.

³⁵² Døssland og Løseth 2006: 372

Dei nordnorske fylka hadde til saman ti stortrålararkonsesjonar på det meste. Det var også få store fartøy her.³⁵³ Når det likevel vart registrert fire stortrålarar i Finnmark i løpet av 1950-talet skuldast det ein ting: etableringa av Findus i Hammerfest. Samtlege fire stortrålarar i Finnmark tilhøyrdde Hammerfest Havfiske A/L, der Findus eigde 49 av 100 andelar. Dei 51 andre andelane var eigde av to aktive fiskarar.³⁵⁴ På denne måten oppfylte selskapet kravet om eigarskap i eiedomslova.³⁵⁵ Hammerfest Havfiske kjøpte den første trålararen sin, "Skaidi" i 1953. Tre år seinare kjøpte selskapet tre brukte trålarar frå England.³⁵⁶ I Troms hadde det vore ein stortrålar i drift før 1951. Han tilhøyrdde Ytre Rolløya Fiskersamvirke. I 1953 utvida laget drifta og kjøpte inn ein ny trålar.³⁵⁷ Dette året var det tre fartøy som fekk stortrålararkonsesjon i Troms. Dei to andre var ei selfangstskute og ein trålar innkjøpt av to aktive fiskarar saman med eit industriselskap. Sistnemnde trålar vart selt vidare til eit anna andelslag i Troms allereie i 1955.³⁵⁸ I tillegg vart det gjeve trålkonsesjon til eit nybygd fartøy i 1960. Dette var meint å driva trålfiske i kombinasjon med selfangst.³⁵⁹ Saman med Møre og Romsdal var Troms sentrum for ishavdrift og selfangst i Noreg. Det er såleis tydeleg at fleire av dei største selfangstskutene i Noreg såg fordelar ved å kunna driva trålfiske i kombinasjon med selfangst. I Nordland hadde det vore registrert fleire større trålarar etter 1939-lova. To av desse var klassifiserte som stortrålarar etter den nye trålarlova, og begge fekk ny konsesjon i 1951. Konsesjonen for den eine av desse gjekk ut i 1956, samstundes som eit nytt fartøy fekk konsesjon.³⁶⁰ I forrige kapittel såg me at det var få småtrålararkonsesjonar i Nordland og at dette truleg skuldast lofotfisket. Det er truleg også noko av forklaringa på kvifor det ikkje vart fleire stortrålarar her. Nordland var fylket med klart flest fartøy i landet, men dei aller fleste av desse var små.³⁶¹ Det ser ikkje ut til at det var særleg tradisjon for store fartøy i Nordland.

³⁵³ Fiskeritelling 1948 annet hefte: 4-5 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 18. I Finnmark var det ingen fartøy over 120 fot i 1948, i Troms var det to over 120 fot, og fire i Nordland. I 1960 var det registrert sju fartøy over 120 fot i Finnmark, 11 i Troms og seks i Nordland.

³⁵⁴ Protokoll frå trålutvalet 18.03.1953. I: Mappe nr. 311 "Skaidi". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693.

³⁵⁵ Eit av vilkåra i lova var at hovudinteressentane i selskapet måtte vera fiskarar. Sjå Midlertidig lov av 30. juni 1950 om eiendomsrett til fiskefartøyer m. v. § 2.

³⁵⁶ Protokoll frå møte i trålutvalet 14.02.1956, datert 20.02.1956. I: Mappe nr 625 "Gargia". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

³⁵⁷ St. meld. nr. 105 (1954): 5. Sjå òg kapittel 2.4.1.

³⁵⁸ Protokoll frå trålutvalet 24.03.1953. I: Mappe nr 256 "Jopeter". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692. Protokoll frå trålutvalet 04.02.1953. I: Mappe nr 304 "Tromshav". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693. St. meld. nr. 15 (1957): 5.

³⁵⁹ Søknad om trålkonsesjon for nr. 937 "Harmoni" 06.09.1960. I: Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0697.

³⁶⁰ St. meld. nr. 75 (1953): 5 og St. meld. nr. 17. (1958): 4 og 6.

³⁶¹ I 1960 var det registrert 3103 dekte fartøy i Nordland. 2 600 av dei var under 50 fot. Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20.

På Sørvestlandet fanst det derimot ein del store fartøy.³⁶² Rogaland og Hordaland skulle dermed ha gode føresetnader for å driva stortråling. Likevel var det ikkje registrert meir enn åtte stortrålarar her på det meste. Det skuldast truleg at dei fleste av dei store fartøya var bygde som snurparar. Hordaland og Rogaland var typiske sildefylke, der særleg vintersildfisket stod sterkt. Fiskarar herifrå var også aktive i islandssildfisket. På byrjinga av 1950-talet utgjorde fartøya frå Hordaland og Rogaland over halvparten av den norske deltakinga her.³⁶³ Fokuset på sildefisket var truleg medverkande til at det ikkje vart registrert fleire trålarar i Hordaland og Rogaland på 1950-talet. Særleg gjeld det første del av tiåret, då vintersildfisket var bra. På siste halvdel av tiåret kunne ein forventa at talet på stortrålarar frå desse fylka skulle gå noko meir opp, sidan vintersildfisket kollapsa. Samstundes byrja stortrålararane også å slita på dette tidspunktet, noko som gjorde det mindre attraktivt å gå i dette fisket. Snurpefisket etter islandssild gjekk også fram på slutten av 1950-talet, så truleg flytta ein del av dei største fartøya frå Rogaland og Hordaland fokuset dit, i staden for å gå inn i trålfisket. Av trålararane som var registrerte i Hordaland, kom nesten samtlege frå Bergen. Dei tilhørte ikkje aktive fiskarar. Ein av trålararane hadde hatt konsesjon etter den gamle trålarlova. Selskapet som eigde denne fekk konsesjon på ein stortrålar til i 1955. Også eit anna bergensfirma fekk stortrålar-konsesjon dette året. Det var fabrikktrålararen "Havkvern", som dreiv sildetråling i Nordsjøen.³⁶⁴ Same firma fekk også konsesjon til "Havkvern II" i 1960.³⁶⁵ Hans O. Vindenes var den einaste aktive fiskaren som fekk konsesjon i Hordaland.³⁶⁶ I Rogaland var derimot tre av dei fire stortrålararane i perioden eigde av aktive fiskarar, anten åleine eller saman med andre. Den siste konsesjonen gjekk til eit fartøy eigd av hermetikkprodusenten Chr. Bjelland & Co.³⁶⁷ Ein del stortrålarar var altså eigde fiskeindustrien, men fleire av dei var eigde saman med aktive fiskarar. I andre tilfelle stod fiskarane sjølve som eigarar. Det var altså ikkje nokon klar tendens til at utanforståande kapitalkrefter fekk innpass i stortrålarfisket.

³⁶² Fiskeritelling annet hefte 1948: 4-5 og Fiskeritelling 1960 annet hefte: 19-20. I Hordaland var det 16 fartøy over 120 fot i 1948 og 22 i 1960. Tilsvarande tal for Rogaland var 30 fartøy i 1948 og 24 fartøy i 1960.

³⁶³ Norges Fiskerier 1951: 55, Norges Fiskerier 1952: 47, Norges Fiskerier 1953: 29, Norges Fiskerier 1954: 26. Islandssildfisket var for det meste drive som garnfiske på første halvdel av 1950-talet, men med store fartøy.

³⁶⁴ St. meld. nr. 75 (1953): 5 og St. meld. nr. 15 (1957): 5.

³⁶⁵ St. meld. nr. 50 (1961-62): 4. "Havkvern" vart seld same året. "Havkvern II" var gamle "Kelt", som hadde hatt trålkonsesjon sidan før krigen. "Søknad om tillatelse til å drive fiske med trål med fartøy over 300 BRT." Skriv frå Fiskeridirektøren til Fiskeridepartementet 17.02.1960. I: Mappe nr 856 "Havkvern II". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0697.

³⁶⁶ I 1957 fekk han stortrålar-konsesjon til fartøyet "Anna G". Fartøyet hadde småtrålar-konsesjon, men vart forlenga og kom difor over grensa på 300 brt. Protokoll for trålutvalet 07.08 1957. I: Mappe nr 692 "Anna G". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

³⁶⁷ Søknad om trålkonsesjon for nr. 444 "Karmøybuen" 08.02.1954. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693. Søknad om trålkonsesjon for nr. 624 "Myrland" 09.01.1956. Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695. Kongeleg resolusjon av 06.07.1957 om trålkonsesjon for "Jan Mayen", "Vimi" og "Chr. Bjelland". I: Mappe nr. 729 "Chr. Bjelland". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0696.

4.4 Handsaminga av konsesjonssøknadene i trålutvalet

Etter at den nye trålarlova opna for ein utbygging av stortrålarflåten vart talet på stortrålarar meir enn dobla i løpet av ti år. Difor kan ein kan stilla spørsmål ved om motstanden mot stortrålarane vart svekka i løpet av 1950-talet. For å finna ut av dette er det nærliggande å sjå nærare på handsaminga av konsesjonssøknadene i trålutvalet. Frå 1951 til 1960 skjedde berre ei endring i samansetninga av utvalet. Representanten for staten var fiskeridirektør Klaus Sunnanå, som var leiar av utvalet gjennom heile perioden. Sunnanå hadde altså ein dobbeltrolle ved å vera leiar i utvalet, samstundes som han skulle gje innstilling til Fiskeridepartementet basert på handsaminga i i trålutvalet. For Fiskarlaget sat Wiggo Lund frå Kjøllefjord i Finnmark og Albert Jensen frå Tromsø. Også dei var representantar heile perioden. Begge var sentrale fiskarlagsmenn. Lund hadde vore nestformann i Finnmark Fiskarlag før krigen og vart formann her i 1946. Den posisjonen hadde han til 1961.³⁶⁸ Då trålsaka kom opp til debatt 1949 i samband med innstillinga frå Rasjonaliseringskomiteen, markerte Finnmark Fiskarlag seg som motstandarar av eit utvida trålfiske.³⁶⁹ Jensen var styremedlem i Fiskarlaget frå 1951 til 1969.³⁷⁰ Han sat også som leiar i Troms Fiskarfylking.³⁷¹ Det var altså tungvektarar som representerte Fiskarlaget i trålutvalet. Begge to var dessutan frå distrikt der fiskarane opplevde store plager med utanlandske trålarar som øydela faststående reiskaper. Alf Jordahl representerte Norsk Sjømannsforbund fram til 1959, då han vart erstatta av Ole Trodal. Jordahl var også styreformann i A/L Møretrål, som han var med på å starta opp.³⁷² Både Jordahl og Trodal kom frå Kristiansund. Det same gjorde representanten frå Norske Trålrederiers Forening, Anton Øvre. Han sat også som representant gjennom heile perioden.³⁷³ Fordi både Fiskarlaget, Sjømannsforbundet og trålarreiarane hadde representantar i utvalet skulle ein tru at eventuell usemje knytt til konsesjonstildelingane ville bli teken opp her. Til ein viss grad viser dette seg å stemma, men det var likevel på ingen måte slik at representantane frå Fiskarlaget stemte i mot alle konsesjonssøknader, slik ein kanskje kunne forventa.

Totalt handsama trålutvalet 57 konsesjonssøknader frå 1951 til 1960.³⁷⁴ Det inkluderer nokre søknader som utvalet måtte ta stilling til fleire gonger. Til dømes vart det gjeve uttale til

³⁶⁸ Finnmark Fiskarlag 1978: 78-79. Lund var dessutan ordførar i heimkommunen Lebesby i ein periode.

³⁶⁹ *ibid*: 60

³⁷⁰ Hallenstvedt og Dynna 1976: 500-504

³⁷¹ Finnmark Fiskarlag 1978: 80. Troms Fiskarfylking var fylkeslaget til Fiskarlaget i Troms.

³⁷² Jensen 2010: 172. A/L Møretrål var eigarar av "Møretrål 1" og "Møretrål 2".

³⁷³ St. meld. nr. 75 (1953): 3, St. meld. nr. 15 (1957): 3, St. meld. nr. 35 (1960-61): 2-3

³⁷⁴ St. meld. nr. 75 (1953): 4, St. meld. nr. 105 (1954): 3, St. meld. nr. 92 (1955): 3, St. meld. nr. 15 (1957): 3, St. meld. nr. 17 (1958): 3, St. meld. nr. 7 (1959): 3, St. meld. nr. 57 (1959-60): 3, St. meld. nr. 35 (1960-61): 3, St. meld. nr. 50 (1961-62): 3.

konsesjonssøknader for "Nordhav IV" og "Nordhav V" heile tre gonger i løpet av fire år. Også søknader for andre fartøy var handsama fleire gonger, gjerne i samband med eigarskifte.³⁷⁵ I andre tilfelle fekk søkaren berre mellombels konsesjon og måtte søka på ny seinare. Enkelte av søknadene dreidde seg ikkje om konkrete fartøy, men framtidige prosjekt der eigarane ønskte å få veta om dei kunne rekna med å få konsesjon.³⁷⁶ Eg har ikkje lukkast i å finna uttalane frå trålutvalet til alle dei 57 konsesjonssøknadene. Dei fleste, omlag 50, har eg likevel gått gjennom. Desse viser at det stort sett var lite usemje i trålutvalet. I 33 av tilfella vart søknadene samrøystes anbefalt. Til dømes vart alle stortrålarane som hadde hatt konsesjon etter den gamle trålarlova samrøystes tilrådd ny konsesjon.³⁷⁷ Desse hadde fortrinnsrett til konsesjon etter § 1 i den nye lova.

I enkelte tilfelle uttrykte fleire av medlemmene skepsis sjølv om anbefalinga vart gjort samrøystes. Då var det gjerne eigedomsforholda det vart peika på. Då Hammerfest Havfiske A/L søkte konsesjon for "Findus I" i 1953, uttalte representanten for Sjømannsforbundet, Alf Jordahl, at "Andelslagets oppbygging og form er lite tilfredsstillende så søknaden anbefales under tvil".³⁷⁸ Tre år seinare søkte Hammerfest Havfiske konsesjon for tre trålarar til. Også denne gongen anbefalte trålutvalet samrøystes konsesjon, men både Jordahl og fiskarlagsrepresentanten Wiggo Lund var skeptiske til oppbygginga av selskapet: "Utvalgets medlemmer Viggo Lund og Alf Jordal [sic] vil uttale sterke betenkeligheter ved å anbefale tråltillatelse til Hammerfest Havfiske A/L med den nåværende sammensetning av andelskapitalen, og vil for ettertiden ikke kunne anbefale ytterligere tråltillatelse til selskapet".³⁷⁹ Dette må sjåast i samanheng med kontroversane som oppstod rundt selskapet i 1954. I februar dette året sende ein av fiskarane som var andelshavarar i Hammerfest Havfiske eit telegram til Fiskeridirektoratet der han opplyste at han hadde lånt pengar av Hammerfest Fiskeindustri og Filetfabrikk (seinare Findus) for å kjøpa andelar i selskapet. Som pant for lånet skulle Findus når som helst kunna overta andelane hans.³⁸⁰ Opplysningane

³⁷⁵ Konsesjon for tråling følgde ikkje fartøyet, så dersom eit fartøy med konsesjon vart seld, måtte den nye eigaren søka om konsesjon på ny. Lov av 20.april 1951 om fiske med trål § 1 femte ledd.

³⁷⁶ Trålutvalet handsama m.a. ei slik sak i 1953. Då kom dei fram til at ein ikkje kunne gje tilsagn om konsesjon, men at søkjaren kunne rekna med å få konsesjon dersom rederiet som skulle eiga fartøyet oppfylte vilkåra i trålarlova og eigedomslova. Protokoll frå trålutvalet, 24.03.1953. I: Mappe nr. 256 "Jopeter". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

³⁷⁷ Protokoll frå første møte i trålutvalet, 26.-27.10.1951. I: Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

³⁷⁸ Protokoll frå trålutvalet 18.03.1953. I: Mappe nr. 311 "Skaidi". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693.

³⁷⁹ Protokoll frå møte i trålutvalet 14.02.1956. I: Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2

³⁸⁰ "Tråltillatelse Hammerfest Havfiske A/L., Hammerfest. M/tr. "Findus I" F-2-H." Skriv frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 24.02.1954. I: Mappe nr. 311 "Skaidi". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693.

gjorde at fiskerimyndighetene undersøkte eigedomsforholda for å finna ut om Hammerfest Havfiske A/L var eit proformaselskap. Det ville innebera at Findus eigentleg kontrollerte selskapet og at dei to fiskarane stod som andelshavarar for at Findus skulle oppfylle krava i eigedomslova og dermed kunna søkja om trålkonsesjonar. Saka fekk ikkje noko etterspel. Direktoratet kom til slutt fram til at selskapet ikkje var eit proformaselskap, noko departementet slutta seg til. I utgangspunktet ser saka ut til å ha dreidd seg om usemje om korleis selskapet skulle driva trålfiske. I eit tilsvaret til Fiskeridirektoratet hevda representanten for Findus at selskapet ikkje var samd med den aktuelle fiskaren om korleis den trålfanga fisken skulle behandlast og at Findus var ikkje fornøgd med korleis fiskaren, som var skipper på "Findus I", behandla fangstane sine.³⁸¹ Uansett er det klart at denne saka førte til skepsis om korleis eigarstrukturen i Hammerfest Havfiske var i realiteten.

I nokre tilfelle der søknadene vart samrøystes tilrådde, var det ikkje alle medlemmene som gav uttale. Det har samanheng med korleis søknadene vart handsama i trålutvalet. I løpet av heile perioden frå 1951 til 1960 hadde utvalet berre fem møte. Dei fleste av konsesjons-søknadene vart difor handsama ved at medlemmene fekk tilsendt søknaden og tilhøyrande dokument. Medlemmene sendte så uttalen sin om søknaden telegrafisk til Fiskeridirektoratet. Denne forma for handsaming var heimla i forskrifta for trålutvalet.³⁸² I seks av tilfella der søknadene vart samrøystes anbefalte, mangla det uttale frå ein av representantane. Dermed er det usikkert om vedkomande som ikkje svarte var for eller i mot å anbefala søknaden. I eitt av tilfella hadde ikkje fiskarlagsrepresentanten Albert Jensen svart. Direktoratet bestemte likevel å handsama søknaden fordi "Det haster imidlertid med avgjørelsen idet fartøyet ligger ferdig for deltakelse i trålfiske."³⁸³ Uttalar som mangla skulle ettersendast til departementet så snart dei var innkomne til direktoratet. Eg har ikkje lukkast i å finna desse. Likevel ser det ut til det var viktigare å få handsama søknadene enn at alle medlemmene uttalte seg. I tilfella der alle medlemmene som hadde svart var for å gje konsesjon, hadde det uansett lite å seia om det femte medlemmet ikkje avga uttale.

I ein del av sakene var det likevel dissens i utvalet. Dette dreidde seg om i alle fall 14 søknader. Dei aller fleste vart anbefalte av fire medlemmer. I nokre tilfelle var det større

³⁸¹ "Avskrift av skriv fra B. Heide, Kristiansund N, til Fiskeridirektøren, udatert, mottatt 2.febr. 1954." I:Mappe nr. 311 "Skaidi". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0693. Heide var ein av eigarane av Hammerfest Fiskeindustri og Filetfabrikk A/S. "Findus 1" skifta seinare namn til "Skaidi".

³⁸² St. meld. nr. 75 (1951-52): 3-4. § 5 opna for "skriftlig saksbehandling" når det hasta å få saka avgjort.

³⁸³ "Tillatelse til å drive fiske med trål med fartøy over 300 BRT. S.nr. 624 M/S "Myrland" R-39-H". Skriv frå Fiskeridirektoratet til Fiskeridepartementet 08.02.1956. I: Mappe nr. 624 "Myrland" Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

usemje, og søknadene vart tilrådde av tre medlemmer. Dei som gjekk mot var anten representantane frå Fiskarlaget eller representanten for Sjømannsforbundet. Ofte var det eigedomsforholda som var årsaka til dissensen. Alf Jordahl gjekk til dømes mot fleire søknader i 1953 med følgjande grunngjeving:

"Når det gjelder søkere som A/S Thor Bjørn, Bergen, Partrederiet Polarsirkel, v/Astrup Holm, Tromsø og Troms Havfiske A/S, Tromsø, så kan jeg ikke anbefale konsesjon her. Disse selskap er ikke bygd opp slik at de gir noen garanti for at fiskerne i skipet får eiendomsrett eller medbestemmelsesrett i driften."³⁸⁴

To av desse vart likevel anbefalte og fekk konsesjon, medan søknaden frå A/S Thor Bjørn var samrøystes anbefalt utsett.³⁸⁵ Som representant for Sjømannsforbundet var det naturleg at Jordahl ønskte mest mogleg innflytelse for fiskarane. Mange fiskarar var nemleg medlemmer i forbundet. Fiskarlagsrepresentantane gjekk også mot å tildela konsesjon i enkelte tilfelle. Wiggo Lund ville ikkje gje konsesjon til fartøyet "Klan" fordi han meinte eigarane ikkje oppfylte krava til konsesjon.³⁸⁶ Den andre fiskarlagsrepresentanten, Albert Jensen, gjekk mot konsesjon til "Tromstrål 2" av same grunn.³⁸⁷ Jensen og Lund stemte også mot enkelte søknader av andre grunnar enn eigedomsforhold. Jensen gjekk til dømes mot ein søknad fordi han meinte det var problem med avsetninga i fiskerinæringa.³⁸⁸ Same året stemte Wiggo Lund mot fire konsesjonssøknader med bakgrunn i dårlege marknadsforhold og økonomiske vanskar for dei eksisterande stortrålarane.³⁸⁹ Når enkelte av medlemmene stundom gjekk i mot å gje konsesjon, ser det såleis ut til å ha vore anten fordi dei meinte av søkarane ikkje oppfylte vilkåra om å få konsesjon, altså eigedomsforhold, eller fordi dei meinte at marknads- og avsetningsforholda ikkje talte for fleire stortrålarar.

Samstundes ser ein at fiskarlagsrepresentantane samkøyrde svært få standpunkt. Berre i eitt tilfelle gjekk dei saman mot ein konsesjon. Det var i januar 1960, då trålutvalet hadde møte og

³⁸⁴ Protokoll frå trålutvalet 24.03.1953. I: Mappe nr. 256 "Jopeter". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692. Jordahl gjekk også mot søknaden til nr 256 "Jopeter" fordi han meinte rederiet ikkje var eit andelslag som sikra fiskarane sine rettar.

³⁸⁵ ibid. Jopeter vart også anbefalt og fekk konsesjon.

³⁸⁶ Protokoll frå trålutvalet 27.04.1955. I: Mappe nr. 519 "Klan". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0694.

³⁸⁷ Protokoll frå trålutvalet 07.08.1957. I: Mappe nr. 692 "Anna G". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

³⁸⁸ Søknaden han gjekk mot var frå Hans O. Vindenes. Han hadde bygd om fartøyet "Anna G". Protokoll frå trålutvalet 07.08.1957. I: Mappe nr. 692 "Anna G". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

³⁸⁹ Protokoll frå trålutvalet 18.06.1957. I: Mappe nr. 708 "Jan Mayen". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695.

handsama søknaden frå Ocean Products om konsesjon for "Havkvern II". Jensen og Lund stemte då mot fordi dei meinte at eigarane ikkje oppfylte kravet til eigedomsrett til fiskefartøy. Dei ønskte ikkje at fleire slike selskap skulle få konsesjon.³⁹⁰ Det argumentet kjenner ein att frå debatten om trålarlova. Då hadde Fiskarlaget vore redd nettopp for ei utvikling der selskap utan aktive fiskarar fekk innpass i fisket. Med bakgrunnen deira skulle ein såleis tru at Lund og Jensen nærast var programfesta til å gå i mot alle konsesjonssøknader der ikkje aktive fiskarar stod som søkjarar. Ut frå ein slik tankegang kan ein stilla spørsmål ved kvifor dei to ikkje gjekk saman i fleire saker og stemte mot å gje konsesjon. Bjørn Sagdahl har hevda at det var måten utvalet fungerte på, med mykje bruk av skriftlege uttalar, som gjorde at standpunkta til medlemmene var lite koordinerte.³⁹¹ Så lenge ein brukte skriftlege uttalar, ser det ut til at medlemmene stort sett sat kvar for seg og såg gjennom søknadene, før dei sende uttalane sine til direktoratet. I eitt møte ville det vore lettare å komma fram til eit felles standpunkt i ei sak. Om fleire møte hadde ført til at fiskarlagsrepresentantane oftare stod saman i dissensar, eller om det hadde blitt fleire samrøystes vedtak, er likevel vanskeleg å seia. Det kan vera at medlemmene i større grad hadde drøfta seg fram til semje i dei fleste sakene. Uansett kan ein gå ut frå at kvar sak ville blitt grundigare drøfta dersom ein hadde hatt fleire møte. Samstundes må ein hugsa på at medlemmene i utvalet hadde trålarlova å forhalda seg til. Det var truleg vanskeleg for medlemmene frå Fiskarlaget å gå mot søknader av prinsipp så lenge søkjarane oppfylte krava i lova. Det er søknadene frå Hammerfest Havfiske eit døme på.

Sjølv om det var dissensar ved ein del søknader, vart nesten samtlege søknader anbefalte. Berre i eitt tilfelle tilrådde trålutvalet å avslå søknaden. Det var allereie hausten 1951, då A/S Nordhavet søkte om konsesjon for to nybygde trålarar, "Nordhav IV" og "Nordhav V". Med fire mot ein stemmer vedtok utvalet å ikkje anbefala søknadene, fordi aksjefordelinga i selskapet var i strid med eigedomslova.³⁹² A/S Nordhavet v/Backers rederi A/S hadde hatt trålkonsesjon etter trålarlova av 1939, og hadde såleis fortrinnsrett til konsesjon etter den nye lova. Men då selskapet søkte konsesjon i 1951 var aksjefordelinga endra, slik at Backers rederi hadde mindre enn 50% av aksjane. Etter at trålutvalet hadde gjeve uttale fann heller ikkje fiskeridirektøren eller departementet å kunna gje konsesjon. I 1952 søkte selskapet på

³⁹⁰ Protokoll frå møte i trålutvalet 27.01.1960. I: Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2.

³⁹¹ Sagdahl 1980: 109

³⁹² Protokoll frå møte i trålutvalet 26.-27.10.1951. I: Fiskeridirektoratets arkiv, boks 137.1/2 og "Notat. Trålkonsesjoner for A/S Nordhavet, Kristiansund N. (Halfdan Backer A/S)." 03.01.1952. Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0402. Skriv frå Halfdan Backer A/S til Fiskeriinspektøren i Møre og Trøndelag 01.10.1951. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0402. "Tillatelse til å drive fiske med trål med "Nordhav 4" og "Nordhav 5"." Skriv frå Fiskeridepartementet til A/S Nordhavet 02.01.1952. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst – RA/S-2790/D/Db/L0402.

nytt, etter å ha endra på aksjefordelinga att, slik at Backers rederi A/S fekk aksjemajoriteten. Fire av medlemmene i trålutvalet anbefalte då konsesjonen, medan Wiggo Lund ikkje gav nokon uttale.³⁹³

I tillegg til denne saka vedtok trålutvalet også å utsetja handsaminga av ein søknad fordi opplysningane om eigarforholda var ufullstendige. Nokre av medlemmene var dessutan tvilande til om fartøyet var brukande til trålfiske.³⁹⁴ Det ser ikkje ut til at fartøyet har fått konsesjon seinare, så slik sett kan vedtaket frå utvalet sjåast på som eit avslag. I tre tilfelle ønskte dessutan fiskeridirektøren å utsetja søknader, medan eit fleirtal ønskte å gje konsesjon.³⁹⁵ Dette dreidde seg om prosjekt der det førebels ikkje var kjøpt inn fartøy. Ingen av desse ser ut til å ha søkt på ny seinare, så her er det tydeleg at fiskeridirektøren vann fram med synet sitt. I den samanhengen må ein hugsa på dobbeltrolla til fiskeridirektøren. Han var medlem i trålutvalet, men skulle i tillegg gje innstilling til departementet etter at søknadene hadde vore handsama i trålutvalet. Så lenge fiskeridirektøren var mot å anbefala konsesjon i utvalet, er det sannsynleg at han opprettheldt motstanden i innstillinga til departementet, særleg i tilfella der utvalet anbefalte søknadene med tre mot to stemmer. Det ser likevel ikkje ut til at dobbeltrolla til fiskeridirektøren var eit stort problem. I det store og heile ser handsamingane i trålutvalet stort sett ut til å ha vore lite prega av usemje. Samstundes var det dissensar i nokre tilfelle. Det viser at det gjennom heile tiåret var ein viss skepsis til stortrålarar, særleg dersom eigarane ikkje var aktive fiskarar.

4.5 Stortrålarfisket mellom 1951 og 1960

Fram til 1960 steig talet på fartøy med stortrålar-konsesjonar, og i takt med dette gjekk også deltakinga i stortrålarfisket opp. Samstundes tok stortrålarane stadig større fangstar fram til midten av 1950-talet, før fangstmengda gjekk forholdsvis mykje tilbake. Stortrålarane tråla nesten berre etter torskefisk. Størsteparten av fangstane var torsk, men det vart også teke noko sei og hyse. Desse to fiskeslaga stod ikkje for nokon stor del, stort sett 2 000 – 3 000 tonn.

³⁹³ Protokoll frå trålutvalet 27.06.1952. I: Mappe nr. 188 "Nordhav 4". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

³⁹⁴ Protokoll frå trålutvalet 24.03.1953 I: Mappe nr. 256 "Jopeter". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0692.

³⁹⁵ Dei tre var: Søknad frå Johan Hanson, 10.07.1956. "Søknad om tillatelse til å drive fiske med trål med fartøy over 300 BRT. Søknad nr. 700." Skriv frå Fiskeridirektøren til Fiskeridepartementet 07.12.1956. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403. Søknad frå Gunder Kjøøl. Protokoll frå trålutvalet 18.06.1957. I: Mappe nr. 708 "Jan Mayen". Fiskeridepartementets arkiv 1965-74, RA/S-2534/D/L0695. Søknad frå Arnold Skogsholm, 20.11.1957. Protokoll frå trålutvalet 08.07.1958. I: Fiskeridepartementet, Avdeling for fiske og fangst - RA/S-2790/D/Db/L0403. Alle tre vart anbefalte med tre mot to stemmer.

I tillegg tok trålarane ein del uer. Totalt stod torsk for omlag 70 til 80 prosent av fangstane gjennom heile perioden.³⁹⁶ Frå 1955 kom også fabrikktrålarane "Havkvern" med i fisket. Sidan han dreiv silde- og tobistråling vert han ikkje teken med i dette kapitlet. Stortrålinga vart stort sett drive som heilårsfiske men nokre trålarar dreiv også som sildesnurparar delar av året, særleg på slutten av 1950-talet. Andre dreiv truleg selfangst i tillegg til tråling.

Fiskeridirektoratet utarbeidde og publiserte årlege meldingar i *Fiskets Gang* også om stortrålinga frå og med 1953. Desse er oppbygde på same måte som meldingane om småtrålarane. Såleis inneheld dei opplysningar mellom anna om fangstar og deltaking, kor fangstane vart tekne og kor dei vart førte i land, driftstid og storleiken på fartøya. Dermed får ein eit detaljert bilete av dette fisket. I tillegg til dei årlege meldingane i *Fiskets Gang* kan ein også finna opplysningar om stortrålinga i *Norges Fiskerier*. Fordi meldingane i *Fiskets Gang* berre gjeld frå 1953 og framover, er det berre i *Norges Fiskerier* ein finn informasjon om stortrålinga for åra 1951 og 1952. Sidan den nye trålarlova tredde i kraft i 1951 vert dette året ståande i mellomstilling. Det aller meste av drøftinga vil difor ta for seg åra 1952 til 1960.

Stortrålinga vart drive over eit stort geografisk område. Langs kysten vart det drive tråling frå bankane utanfor Helgeland i sør til grensa mot Russland i nord-aust. Stortrålarane dreiv også på mange ulike felt i Barentshavet, heilt nord til Svalbard. Felta i Barentshavet gav varierende fangstutbytte frå år til år. På første halvdel av 1950-talet vart det teke ein del fisk her, men siste halvdel av tiåret gav låge fangstar. Dei viktigaste felta i Barentshavet låg ved Bjørnøya, som Fiskeridirektoratet skilte ut som eit eige felt i fangsoversiktene sine. I tillegg vart det drive noko tråling ved Vest-Grønland. Også her var fangstane forholdsvis store på byrjinga av 1950-talet, men i løpet av tiåret fekk dette fisket mindre betydning. Samla sett var dei viktigaste fangstområda utanfor kysten av Aust-Finnmark, ved Bjørnøya og ved Svalbard. Frå midten av 1950-talet kom stort sett halvparten av stortrålarfangstane frå desse områda. Enkelte år utgjorde fangstane herifrå jamvel ein endå større del.³⁹⁷

I løpet av første halvdel av 1950-talet vart fangstane frå stortrålarane nesten dobla. I 1952 fiska stortrålarane omlag 18 000 tonn. Fire år seinare, i 1956, tok dei nærare 35 000 tonn.

³⁹⁶ Unntaket er 1960, då torskefangstane utgjorde omlag 60%. Stortrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 40/1955: 524, "Stortrålerne fiske i 1955". I: *Fiskets Gang* 40/1956: 543, "Stortrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 45/1957: 539, "Stortrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 40/1958: 521, "Stortrålerne fiske i 1958". I: *Fiskets Gang* 48/1959: 653, "Stortrålerne fiske i 1959". I: *Fiskets Gang* 45/1960: 633, "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 88-89.

³⁹⁷ Sjå vedlegg om inndeling av fangstområde.

Samstundes var også deltakinga nesten dobla i takt med at fleire fartøy fekk konsesjon. Frå 1957 følgde ein relativt kraftig nedgang i fangstmengda. Dette skjedde sjølv om deltakinga auka fram til og med 1959. Det betyr at ikkje berre vart fangstane dårlegare, i tillegg gjekk den gjennomsnittlege fangstmengda ned. For ein del stortrålarar førte dei sviktande fangstane til vanskelege økonomiske forhold og fleire rederi gjekk konkurs. Nedgangen vitnar om dårlegare fangstforhold og truleg også minkande mengde fisk i sjøen. I 1960 var fangstane berre 22 000 tonn. Det var det dårlegaste fangstutbyttet for stortrålarane sidan 1953, sjølv om det var nesten dobbelt så mange trålarar med i fisket i 1960.

Tabell 4.2 Deltaking og fangstar (tonn) i stortrålarfisket mellom 1951 og 1960

År	Deltaking 1)	Fangstar	År	Deltaking	Fangstar
1951	14	15 938	1956	23	34 763
1952	12	18 352	1957	26	26 975
1953	15	21 164	1958	27	25 703
1954	16	27 312	1959	28	27 982
1955	17	28 740	1960	26	22 280

Kjelder: *Norges Fiskerier* 1952, *Fiskets Gang*: 40/1955, 40/1956, 45/1957, 40/1958, 48/1959, 45/1960, 07/1962

1) For 1951 gjeld deltakartalet for trålarar over 50 brt. I åra 1955-1959 dreiv også "Havkvern" stortråling etter sild og brisling.

Fiskeridirektoratet meinte at småtrålarfangstane var noko underrapporterte, og at fangsttala truleg burde vera 5-10 prosent høgare.³⁹⁸ Dette ser ikkje ut til å vera tilfelle med fangsttala for stortrålarane. Det skuldast at det var mange færre stortrålarar, så det var lettare å få inn alle fangstrapportane trålarane var pålagde å levera. Tala i tabellen skal difor vera forholdsvis nøyaktige. Fangstauken fram til 1956 kjem tydeleg fram. Frå 1951 auka fangstane med nesten 19 000 tonn. Samstundes gjekk også deltakinga opp. Det er såleis vanskeleg å snakka om noka auke i effektiviteten hos trålarane, særleg når ein ser at den gjennomsnittlege driftstida var forholdsvis lik både i 1953 og i 1956.³⁹⁹ Faktisk gjekk gjennomsnittsfangsten for kvar trålar noko ned mellom 1954 og 1956.⁴⁰⁰ Også for småtrålarane var 1956 det beste året på 1950-talet. Til saman fiska små- og stortrålarane over 61 000 tonn dette året.⁴⁰¹ Skreifisket var

³⁹⁸ Sjå kapittel 3.7.

³⁹⁹ "Stortrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 40/1955: 524 og "Stortrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 45/1957: 538.

⁴⁰⁰ I 1952 var gjennomsnittsfangsten 1529 tonn, 1953: 1410 tonn, 1954: 1707 tonn, 1955: 1691 tonn, 1956: 1511 tonn. Gjennomsnittsfangsten er utrekna frå opplysningane i tabell 4.2.

⁴⁰¹ Sjå kapittel 3.7 og tabell 3.3.

også svært bra. I løpet av 1950-talet var det berre i 1951 og 1952 dette fisket gav betre utbytte enn i 1956. Totalt var dei norske torskefangstane i 1956 på over 307 000 tonn, noko som var det beste resultatet sidan 1926.⁴⁰² Sidan kom ein ikkje opp i liknande torskefangstar verken på siste halvdel av 1950-talet eller på 1960-talet.⁴⁰³ I meldinga frå Fiskeridirektoratet om stortrålarane for 1956 vert det trekt fram at det dette året var "spesielt godt fiske ved Bjørnøya og Spitsbergen, mens det var mindre bra i Barentshavet".⁴⁰⁴ Mykje av fangstauken for stortrålarane dette året skuldast nettopp svært gode fangstar her. Felta utanfor Aust-Finnmark gav derimot dårlegare utbytte enn året før. Også hos småtrålarane såg ein same tendens, med eit godt fiske ved Bjørnøya dette året, samstundes som fisket utanfor Aust-Finnmark var dårlegare.⁴⁰⁵ Statistikken viser at 1950-årsklassen av torsk var ein av dei sterkaste på heile 1900-talet. Berre i 1963 og i 1970 var årsklassane like gode.⁴⁰⁶ Truleg var 1950-årsklassen ei viktig årsak til at fisket var så bra dette året.

Fangstauken fram til 1956 vart følgt av ein kraftig nedgang i fangstane dei neste åra. Aller størst var nedgangen frå 1956 til 1957, då fangstane gjekk ned nærare 8 000 tonn, sjølv om det deltok tre stortrålarar meir enn året før. Det må ha vore ein ganske dramatisk nedgang, noko som også viser att i gjennomsnittsfangsten. Den gjekk ned nesten 500 tonn per trålar.⁴⁰⁷ Samstundes var 1957 eit noko spesielt år. Fleire trålarar vart lagt i opplag grunna høge oljeprisar.⁴⁰⁸ I januar 1957 hevda *Fiskaren* at opp til 16 trålarar kunne bli lagt i opplag i løpet av kort tid. Då var allereie fleire trålarar tekne ut av drift.⁴⁰⁹ Prisauken skuldast Suezkrisa hausten 1956. I følgje Fiskeridirektoratet var opplegginga av fleire av trålarane ein av årsakene til nedgangen i fangstmengda. Det viser også att i den gjennomsnittlege driftstida, som gjekk ned frå omlag 35 veker åra før til 30 veker i 1957.⁴¹⁰ Sjølv om dette kan forklara noko av nedgangen i 1957, ser ein likevel ein klar tendens til lågare fangstutbytte på siste halvdel av 1950-talet. Samstundes heldt den gjennomsnittlege driftstida fram med å vera låg resten av tiåret, og var berre 28 veker i 1960.⁴¹¹ I 1958 gjekk fangstmengda ytterlegare ned i forhold til året før. 1959 gav eit lite oppsving i fangstane, men 1960 vart eit svært dårleg år. Frå 1956 til 1960 vart trålfangstane omlag ein tredjedel mindre. Ei noko liknande utvikling

⁴⁰² Norges Fiskerier 1960: 12 og 78.

⁴⁰³ Fiskeristatistikk 1967: 13. Fiskeristatistikk 1967 kom ut i 1970 og inneheldt fangsttala for 1968 og 1969.

⁴⁰⁴ Stortrålerne fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 47/1957: 539.

⁴⁰⁵ Sjå tabell 3.6.

⁴⁰⁶ Hysten, Nakken og Nedreaas 2008: 84

⁴⁰⁷ I 1957 fekk kvar stortrålar gjennomsnittleg 1 038 tonn fisk. Det var 473 tonn mindre enn året før.

⁴⁰⁸ Jensen 2010: 191

⁴⁰⁹ "Halvparten av trålerflåten må legge opp på grunn av de høye oljepriser?" *Fiskaren* 30.01.1957.

⁴¹⁰ "Stortrålerne fiske i 1957". I: *Fiskets Gang* 40/1958: 519-520.

⁴¹¹ "Trålerne fiske i 1960." I: *Fiskets Gang* 07/1962: 88

såg ein også i småtrålarfisket, sjølv om nedgangen ikkje var like stor der.⁴¹² Til saman vart fangstane frå stor- og småtrålarane redusert med nærare 20 000 tonn frå 1956 til 1960. Hovudårsaka til at fangstmengda i 1960 vart så låg, var først og fremst at vårtorskefisket i Finnmark svikta.⁴¹³ Men både i meldinga for 1959 og for 1960 viste direktoratet til at effektiviteten til stortrålarane hadde gått kraftig ned dei siste åra. Den gjennomsnittlege fangsten per time trålnota var i sjøen gjekk ned frå nærare 850 kg fisk i 1956 til omlag 430 kg fisk i 1960, altså nærast ei halvering.⁴¹⁴ Lengda på kvart tråltrekk var derimot gått opp, noko som viser at fartøya måtte tråla lenger for å få nok fisk. Denne utviklinga fekk direktoratet til å uttala at "Det er en rekke momenter som påvirker oppfisket mengde, men det kan ikke være tvil om at det i de siste årene har vært mindre fisk på de vanlige feltene".⁴¹⁵ Fangstoversiktene viser at fisket svikta på fleire viktige fangstfelt dei siste åra av 1950-talet.

Tabell 4.3 Stortrålarfangstar (tonn) for kvart fangstområde samanlikna med samla norske stortrålarfangstar (prosentdel av samla fangstar for kvart fangstfelt i parantes)

År	Nordkapp-Helgeland	Aust-Finnmark	Bjørnøya 1)	Svalbard 2)	Barentshavet elles	Vest-Grønland	Totalt
1953	4 302 (20%)	6 362 (30%)	2 991 (14%)	-	2 567 (12%)	3 463 (16%)	21 164
1954	4 306 (16%)	6 546 (24%)	2 633 (10%)	-	5 178 (19%)	7 241 (27%)	27 312
1955	3 740 (13%)	10 400 (36%)	4 839 (17%)	-	7 185 (25%)	2 250 (8%)	28 740
1956	2 850 (8%)	6 541 (19%)	10 028 (29%)	4 792 (14%)	2 235 (6%)	1 105 (3%)	34 763
1957	2 325 (9%)	5 667 (21%)	4 932 (18%)	6 903 (26%)	322 (1%)	1 119 (4%)	26 975
1958	6737 (26%)	11079 (43%)	2877 (11%)	869 (3%)	195 (1%)	2009 (8%)	25 703
1959	3319 (12%)	11116 (40%)	4077 (15%)	3542 (13%)	990 (4%)	728 (3%)	27 982
1960	3 366 (15%)	7 513 (34%)	2 844 (13%)	395 (2%)	2 331 (10%)	754 (3%)	22 280

Kjelder: *Fiskets Gang*: 40/1955, 40/1956, 45/1957, 40/1958, 48/1959, 45/1960, 07/1962

1) Til og med 1955 inkluderer Bjørnøya også fangstar som er tekne rundt Svalbard

2) Svalbard inkluderer fangstfelt Vest-Spitsbergen, Syd-Spitsbergen, Hopen og Nordvest-Spitsbergen

Summen av fangstane frå områda i tabellen svarar ikkje heilt til dei totale fangstane for kvart år. Dette skuldast i hovudsak at fangstoppgåvene frå trålarane ikkje alltid var heilt fullstendige og nøyaktige med hensyn til kor fangstane var tekne. I oversiktene sine opererte Fiskeri-

⁴¹² Sjå kapittel 3.7 og tabell 3.3.

⁴¹³ "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 88. Vårtorskefisket gav eit utbytte på vel 39 000 tonn torsk, det dårlegaste resultatet sidan 1954. Sjå Norges Fiskerier 1960: 26.

⁴¹⁴ "Stortrålerne fiske i 1959". I: *Fiskets Gang* 45/1960: 629-631 og "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 91.

⁴¹⁵ "Trålerne fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 88.

direktoratet derfor med ein eigen kategori for fangstar som ein ikkje visste kor var tekne. År om anna var kategorien ganske stor. I 1960 utgjorde han over 5 000 tonn.⁴¹⁶ Jamt over var det felte utanfor Aust-Finnmark som gav størst fangstutbytte for stortrålarane, slik tilfellet også var for småtrålarane. Toppåret 1956 skuldast i stor grad at fangstane frå områda rundt Bjørnøya og Svalbard vart meir enn tredobla. Desse to fangstområda svikta mot slutten av 1950-talet. Det same gjorde fangstfeltet elles i Barentshavet, der det enkelte år nesten ikkje vart teke fisk. Områda frå Nordkapp og nedover til Helgeland ser derimot ut til å ha gjeve forholdsvis stabile fangstar. Samstundes varierte det frå år til år kva for felt som gav gode fangstar innanfor dette området.

Noko av nedgangen i dei ulike fangstområda kan forklarast med naturlege variasjonar ut i frå kor fisken stod frå år til år. Det kan illustrerast ved å sjå på Aust-Finnmark, der fangstane var svært gode i 1955. Dei to neste åra gav dårlegare utbytte, før det kom to gode år att i 1958 og 1959. Samstundes viste områda ved Bjørnøya, Svalbard og elles i Barentshavet ein klar tendens til lågare fangstar. I 1960 vart det nesten ikkje teke fisk ved Svalbard. Dei neste åra gjekk rett nok dei samla stortrålarfangstane litt opp att, omlag til nivået dei hadde lege på frå 1957 til 1959. Først i 1965 kom stortrålarane opp i liknande fangstar som i 1956.⁴¹⁷ Såleis kan ein seia at 1960 var eit ekstraordinært dårleg år. Samstundes kan ikkje fangsttala frå dei første åra etter 1960 samanliknast heilt med tala frå 1950-talet. På byrjinga av 1960-talet føregjekk det ei forholdsvis stor utskifting av trålarar. Fleire nye og meir effektive hekktrålarar kom i drift, medan ein del eldre sidetrålarar gjekk ut av fisket.⁴¹⁸ Dermed auka den samla fangstkapasiteten for stortrålarane. Når fangstane likevel ikkje vart større, kan det tyda på at fiskebestandane var under press, og det kan sjå ut til at denne tendensen byrja allereie på siste halvdel av 1950-talet. Det har samband med den enorme utviklinga som fann stad innanfor fiskeria i etter krigen. I løpet av få år vart den samla fangstkapasiteten blant landa rundt Nord-Atlanteren bygd kraftig ut.⁴¹⁹

Allereie før 2.verdskrig hadde utanlandske trålarar fiska norsk-arktisk torsk. Engelske trålarar byrja å fiska i Barentshavet tidleg på 1900-talet. Noko stort omfang fekk ikkje dette fisket før

⁴¹⁶ "Trålernes fiske i 1960". I: *Fiskets Gang* 07/1962: 90.

⁴¹⁷ "Trålernes fiske i 1963". I: *Fiskets Gang* 44/1964: 626. I 1961 vart det fiska 26 500 tonn, i 1962 27 800 tonn og i 1960 27 100 tonn. "Trålfiske 1965". I: *Fiskets Gang* 26/1967: 438. I 1964 vart det fiska 30 400 tonn og i 1965 35 700 tonn.

⁴¹⁸ St. meld nr. 34 (1962-63): 4 og St. meld. nr. 23 (1964-65): 5. I 1961 kom den første store hekktrålararen, "Hekktind", i drift. Året etter kom fire nybygg i drift, m.a. den første norske fabrikktrålararen "Longva". Gjennomsnittleg bruttotonnasje auka frå 398 tonn i 1960 til 523 tonn i 1963. Sjå "Trålernes fiske i 1963". I: *Fiskets Gang* 44/1964: 626.

⁴¹⁹ Kolle 2014b: 1

rundt midten av 1930-talet.⁴²⁰ Etter krigen byrja ein storstilt ekspansjon i det utanlandske trålfisket i Barentshavet. Særleg Sovjetunionen satsa på trålfiske, men også vest-europeiske land bygde opp att trålarflåtene sine. Både Tyskland og Storbritannia hadde over 200 trålarar kvar i 1956.⁴²¹ Georg Borgstrøm hevdar at Sovjet hadde nærare 300 trålarar like etter krigen, og at dei fram til omlag 1960 tidobla dette talet.⁴²² Denne ekspansjonen fann stad over store delar av verda. Det er uansett klart at Sovjet kom mykje sterkare med i torskefisket i Barentshavet etter krigen, og ein stor del av auken i dei totale torskefangstane skreiv seg frå sovjetiske trålarar. I følgje Torskefiskeutvalet steig det samla utbyttet av norsk-arktisk torsk frå 445 000 tonn til 865 000 tonn mellom 1946 og 1956. Det var først på 1950-talet fangstane verkeleg tok seg opp, sjølv om det varierte noko kor mykje fisk som vart teke kvart år. Auken skreiv seg frå fangstar av ungtorsk som ikkje var kjønnsmoden. Skreifangstane gjekk derimot ned. I 1956 rekna Torskefiskeutvalet med at det vart teke over 713 000 tonn ungtorsk. Sovjetiske fartøy stod for nærare 380 000 av dette, medan norske fiskarar tok omlag 110 000 tonn.⁴²³ Dei norske stortrålarane var såleis små aktørar i dette fisket, sjølv i toppåret 1956. Det var britiske og sovjetiske trålarar som stod for dei største fangstane. I seinare tid har det blitt presentert langt høgare fangsttal for denne perioden. Havforskarane Hysten, Nakken og Nedreaas hevdar at den totale fangsten av norsk-arktisk torsk var meir enn 1,3 millionar tonn i 1956. I følgje desse tre vart havforskarane klare over at uttaket av ungtorsk førte til dårlegare skreifiske allereie på 1950-talet. Utover på 1960-talet vart det også klart at fangstane av norsk-arktisk torsk var for høge til at dei kunne vera berekraftige på sikt.⁴²⁴ Her må ein hugsa på at ungtorsken er rekrutteringsgrunnlaget for skreien. Eit for høgt uttak av ungtorsk vil på lengre sikt gjera skreifisket dårlegare. Dessutan er ungtorsken mykje mindre enn skreien, slik at ein fangst på rundt ein million tonn ungtorsk utgjorde ein mykje større mengde individ enn ein tilsvarande fangst av skrei. Å fiska opp så store mengder ungtorsk var lite lønsamt på sikt, fordi det førte til dårlegare rekruttering. På overnasjonalt nivå vart overfiskeproblema teke opp tidleg. Allereie i 1946 samla landa rundt Nordsjøen seg til ein overfiskekonferanse. Her vart det oppretta ein permanent kommisjon som skulle regulera fisket frå Nordsjøen og opp til austkysten av Svalbard. I løpet av 1950-talet viste den norske delegasjonen fleire gongar bekymring for at den norsk-arktiske torsken var under press.⁴²⁵ Det ser ein også i rapporten "The State of the Arctic Cod" som Havforskningsinstituttet utarbeidde i 1957. Der var

⁴²⁰ Robinson 1996: 153

⁴²¹ Innstilling fra Torskefiskeutvalget av 1957 (1958): 34 og 36

⁴²² Borgstrøm 1968: 86

⁴²³ Innstilling fra Torskefiskeutvalget av 1957 (1958): 62-63. I 1952 vart det teke 163 000 tonn skrei, men i 1954 berre 86 000 tonn, før fangstane steig til nærare 152 000 tonn i 1956.

⁴²⁴ Hysten, Nakken og Nedreaas 2008: 84-85 og 106

⁴²⁵ Kolle 2014b: 2-3

konklusjonen at det aukande fangstuttaket av norsk-arktisk torsk var blitt så stort at det påverka skreifangstane og at det var behov for strengare reguleringar.⁴²⁶ Kommisjonen fekk ikkje særleg effekt, stort sett dreidde reguleringane seg om små endringar i maskevidde for trålnøtene og auka minstemål på fisk som vart fanga.⁴²⁷ Manglande reguleringar var nok òg ein av grunnane til at torskefangstane byrja å svikta på slutten av 1950-talet.

4.6 Stortrålar som leverandørar av råstoff – kva betydning hadde dei?

For å kunna seia noko om kva betydning stortrålarane hadde, må ein samanlikna stortrålarfangstane med dei samla fangstane som vart tekne av norske fartøy i denne perioden. Stortrålarane fiska først og fremst torsk, i tillegg til sei og hyse. Difor er det mest hensiktsmessig å sjå stortrålarfangstane opp mot dei totale norske fangstane av desse tre fiskeslaga. Alternativet ville vore å samanlikna fangstane frå stortrålarane med dei samla torskefangstane, men dette ville gjeve eit mindre korrekt bilete. I forhold til kor mange dei var, tok stortrålarane mykje fisk. Samstundes viser det seg at dei stod for ein relativt liten del av totalfangstane gjennom heile 1950-talet. Andelen heldt seg også svært stabil gjennom perioden, sjølv om stortrålarane auka innsatsen, mellom anna ved at fleire fartøy kom til.

Tabell 4.4 Samla norske fangstar av torsk, hyse og sei samanlikna med stortrålarfangstar – tonn (prosentdel stortrålarfangstane utgjorde av dei samla norske fangstane i parantes)

År	Torsk, hyse, sei	Trålfangstar	År	Torsk, hyse, sei	Trålfangstar
1951	361 760	15 938 (4%)	1956	420 966	34 763 (8%)
1952	348 741	18 352 (5%)	1957	366 845	26 975 (7%)
1953	322 502	21 164 (7%)	1958	389 239	25 703 (7%)
1954	296 131	27 312 (9%)	1959	392 709	27 982 (7%)
1955	352 189	28 740 (8%)	1960	349 695	22 280 (6%)

Kjelder: *Fiskets Gang*: 40/1955, 40/1956, 45/1957, 40/1958, 48/1959, 45/1960, 07/1962, *Norges Fiskerier 1951-1960*

Størsteparten av dei samla norske fangstane var torsk. Det meste av dette var norsk-arktisk torsk, som heldt til i store område av Barentshavet og i nordlege delar av Norskehavet. Denne

⁴²⁶ Institute of Marine Research (1957): 17

⁴²⁷ Kolle 2014b: 2-3

stammen er grunnlaget både for lofotfisket, skreifisket elles langs kysten og vårtorskefisket i Finnmark.⁴²⁸ Torsk som elles vart teke i Barentshavet og Norskehavet høyrde også til denne stammen. Trålarane fiska stort sett norsk-arktisk torsk. Elles vart det fiska på fleire torskestammar. Torskefangstar frå norskekysten og i fjordane tilhørde ulike bestandar av kysttorsk.⁴²⁹ Ein del av dei samla fangstane var frå ulike torskestammar i Nordsjøen og Skagerrak.⁴³⁰ I tillegg vart det teke ein del torsk ved Island og Vest-Grønland, som også tilhørde egne bestandar. I alt utgjorde torsken frå i overkant av 200 000 tonn i dei svakaste åra til over 300 000 i 1956, som var året med størst fangstutbyte i perioden.⁴³¹ Sei og hyse stod for gjennomsnittleg 100 000 tonn kvart år, med noko variasjon. Stortrålarane stod aldri for meir enn 9 prosent av totalfangstane. Det var i 1954, då fisket elles var det klart dårlegaste i heile tiårsperioden. Elles låg stortrålarfangstane på eit svært jamnt nivå i forhold til totalfangstane. Berre i 1951 og 1952 var fangstane litt lågare enn resten av perioden. 1951 var eit overgangår i samband med den nye trålarlova, og i 1952 gjekk stortrålarfangstane opp, samstundes som dei samla fangstane gjekk noko ned. Nedgangen i fangstmengde hos stortrålarane på slutten av 1950-talet vert gjenspegla i den totale fangstmengda, som også gjekk ned. I all hovudsak skuldast nedgangen mindre torskefangstar. Fangstane av hyse og sei var derimot høgare i 1960 enn i 1956.⁴³² Sjølv om 1960 var eit svært dårleg år for stortrålarane, gav året samla sett difor eit betre utbytte enn fleire av åra på byrjinga av 1950-talet. Det er tydeleg at stortrålarane ikkje utgjorde nokon avgjerande del av dei totale fangstane. I all hovudsak kom fangstane framleis frå sesongfiskeria, som skreifisket og vårtorskefisket. Også fangstane av det direktoratet kalla "fjordtorsk" var stort sett større enn stortrålarfangstane.⁴³³

Både på 1930-talet og dei første åra etter krigen hadde stortrålarane først og fremst levert saltfisk. Fram til 1947 var det endåtil berre saltfisk stortrålarane hadde lov til å landa.⁴³⁴ Trålarlova av 1951 sette ingen restriksjonar på korleis fisken kunne utnyttast. Noko av bakgrunnen for lova var då også å sørge for at den nye filetindustrien skulle få jamne forsyningar med råstoff. Likevel heldt stortrålarane fram med å levera saltfisk også utover på

⁴²⁸ Hysten, Nakken og Nedreaas 2008: 83

⁴²⁹ http://www.imr.no/temasider/fisk/torsk/kysttorsk_nord_for_62_breddegrad/nb-no http://www.imr.no/temasider/fisk/torsk/kysttorsk_sor_for_62n/nb-no. Kysttorsk er genetisk ulik frå norsk-arktisk torsk.

⁴³⁰ http://www.imr.no/temasider/fisk/torsk/torsk_nordsjoen_skagerrak_engelske_kanal/nb-no

⁴³¹ Norges Fiskerier 1954: 12-13 og Norges Fiskerier 1956: 12-13.

⁴³² Norges Fiskerier 1956: 13 og Norges Fiskerier 1960: 15.

⁴³³ Norges Fiskerier 1954: 13, Norges Fiskerier 1956: 13, Norges Fiskerier 1958: 15, Norges Fiskerier 1960: 15. Dette er truleg kysttorsk.

⁴³⁴ Sjå kapittel 2.2.

1950-talet. I den sammenhengen må ein hugsa på at fleire trålarar framleis var eigde av klippfiskindustrien i Kristiansund. På første halvdel av 1950-talet leverte stortrålarane framleis mykje av fangstane til denne industrien. Nesten all saltfisk vart landa i Møre og Romsdal, og det meste av dette gjekk til Kristiansund.⁴³⁵ Samstundes gjekk andelen av trålfanga fisk som var levert fersk, opp. Allereie i meldinga om stortrålinga for 1955 skreiv Fiskeridirektoratet at "Det har foregått en ytterligere omlegging fra tilvirkning av fisken ombord til levering av fersk fisk til tilvirkningsanleggene i land."⁴³⁶ Det er tidleg å snakka om ei omlegging allereie på dette tidspunktet. Leveringane av ferskfisk gjekk rett nok kraftig opp frå 1952 til 1955 og utgjorde ein større del av fangstane enn tidlegare, men størsteparten av stortrålarfangstane vart framleis tilverka som saltfisk. Først frå 1958 kan ein verkeleg sjå ei omlegging til levering av ferskfisk i staden for saltfisk.

Tabell 4.5 Fangstar tilverka til saltfisk og fangstar leverte ferske samanlikna med totale stortrålarfangstar (tonn).

År	Saltfisk 1)	Ferskfisk	Totalt	År	Saltfisk	Ferskfisk	Totalt
1951	6 377	2 226	15 938	1956	10 400	14 177	34 763
1952	7 801	1 355	18 352	1957	9 015	9 281	26 975
1953	7 810	4 040	21 164	1958	5 858	13 655	25 703
1954	8 553	9 073	27 312	1959	3 164	20 389	27 982
1955	8 286	11 627	28 740	1960	1 044	19 302	22 280

Kjelder: *Norges Fiskerier 1951-1952*, *Fiskets Gang*: 40/1955, 40/1956, 45/1957, 40/1958, 48/1959, 45/1960, 07/1962

1) Merk at summen av saltfisk og ferskfisk ikkje vert det same som totalfangsten. Dette fordi totalfangsten inkluderer biprodukta lever og tran og fordi saltfiskvekta må aukast med 94% for fisk frå Grønland og 72% frå anna saltfisk.

Saltfisk vart i hovudsak brukt som råstoff i klippfiskproduksjon, men var i tillegg eit eige eksportprodukt. På 1950-talet møtte norsk klippfisk aukande konkurranse frå andre land. Tidlegare hadde mykje av klippfisken blitt eksportert til land som Spania og Portugal. I åra etter krigen bygde desse opp eigne fiskeflåtar for å betra sjølvforsyninga si. Det førte til at norsk klippfisk til dels måtte finna nye marknader.⁴³⁷ Fiskeristatistikken viser at det vart

⁴³⁵ "Stortrålerne fangst i 1953 og 1954". I: *Fiskets Gang* 40/1955: 525 og 527, "Stortrålerne fiske i 1955". I: *Fiskets Gang* 40/1956: 543-544.

⁴³⁶ "Stortrålerne fiske i 1955". I: *Fiskets Gang* 40/1956: 542.

⁴³⁷ Kolle 2014a: 522-523

produsert mindre klippfisk på siste halvdel av 1950-talet, etter eit forholdsvis godt år i 1956. Men også frå 1953 til 1955 var produksjonen låg i forhold til 1952, som var året med størst klippfiskproduksjon på 1950-talet. Dei siste åra av 1950-talet gjekk produksjonen kraftig ned. I 1959 vart det produsert mindre enn halvparten av volumet i 1956.⁴³⁸ Truleg skuldast noko av nedgangen den vanskelege konkurransesituasjonen. Samstundes innverka også dei sviktande torskefangstane på klippfiskproduksjonen. I ein situasjon der det vart mindre etterspurnad etter klippfisk er det ikkje rart at stortrålarane i større grad la om til å levera ferskfisk i staden for å tilverka saltfisk ombord. Det kan også forklara kvifor det vart teke mindre fangstar på Vest-Grønland mot slutten av 1950-talet. Turane dit var så lange at fisken måtte saltast. I ei tid der ein sleit med å få avsetnad på klippfisk var det ikkje lønnsamt å reisa på lange turar til Vest-Grønland.

Samstundes som klippfiskbransjen ser ut til å ha hatt problem mot slutten av 1950-åra, var det stadig behov for ferskfisk til bruk i frysefiletindustrien. Utbygginga av denne industrien kom for alvor i gang på 1950-talet. Dei to viktigaste aktørane innanfor filetindustrien var Findus med sitt store anlegg i Hammerfest og Finotro med i alt sju anlegg spreidd i Nord-Troms og Finnmark. I tillegg fanst ei rekke mindre bedrifter. Dei to storaktørane hadde eit ganske ulikt utgangspunkt. Finotro var eigd av staten, som hadde 98 prosent av aksjane, Fiskarlaget, Råfisklaget og Arbeidernes Faglige Landsorganisasjon.⁴³⁹ I følgje Bjørn Petter Finstad var Finotro planlagt forsynt av den konvensjonelle fiskeflåten, fartøy som brukte line, garn og juksa.⁴⁴⁰ På slutten av 1950-talet kom likevel stortrålarane til å stå for ein stor del av råstoffleveransane. Findus var derimot eigd av Freia-konsernet, og baserte drifta i mykje større grad på forsyningar frå trålarar. Børre Lien har i hovudoppgåva si vist at trålfisket var ein sentral del av både planlegginga og oppstartsfasen av Findus.⁴⁴¹ Det sterke fokuset på trålfiske hos Findus vert illustrert ved dei fire stortrålarane som selskapet kjøpte inn og dreiv frå midten av 1950-åra.

Både Findus og Finotro kom til å bli avhengige av tilførselar av fisk frå trålarar. Det var ei utvikling som først og fremst skaut fart på 1960-talet, men allereie på 1950-talet var stortrålarane viktige råstoffleverandørar. Findus sette den første trålararen sin i drift i 1953.⁴⁴² I

⁴³⁸ Norges Fiskerier 1952: 60-61, Norges Fiskerier 1953: 20, Norges Fiskerier 1956: 19, Norges Fiskerier 1957: 20, Norges Fiskerier 1959: 19 og Norges Fiskerier 1960. I 1956 vart det produsert 53 000 tonn, medan det vart produsert 22 000 tonn i 1959. I 1960 vart det produsert 31 800 tonn.

⁴³⁹ Finstad 2005: 116

⁴⁴⁰ ibid: 124

⁴⁴¹ Lien 1975: 157-163

⁴⁴² Sjå kapittel 4.3.1.

tillegg skaffa selskapet seg snart leigekontrakter med andre stortrålarar. Den første av desse, "Angle", vart innleigd allereie i september 1953. Alf Jacobsen nemner fleire andre stortrålarar som i løpet av 1950-talet leverte fisk til Findus.⁴⁴³ Det gjer også Børre Lien i hovudoppgåva si.⁴⁴⁴ I følgje Anders Jensen byrja fleire av Kristiansund-trålararane å levera fisk til Findus frå midten av 1950-talet. I 1956 skal seks av desse fartøya hatt fast avtale om leveringar til Findus.⁴⁴⁵ Stortrålararane ser altså ut til å ha vore ein vesentleg del av strategien til Findus, noko også Jacobsen skriv. Han hevdar at både kapasiteten til fabrikkannlegget og dei sesongmessige svingingane i leveransane gjorde at kystfiskarane ikkje ville klara å levera nok fisk til Findus.⁴⁴⁶ Ein av fordelane til stortrålararane, og dei største småtrålararane, var at dei i større grad kunne frigjera seg frå sesongfiskeria. I staden kunne dei driva havfiske heile året og slik sikra regelmessige leveringar av fisk. Det har ikkje lukkast å finna ut kor stor del av råstoffet til Findus som kom frå stortrålararane. Også kystflåten og banklinebåtar leverte fisk. Såleis er det vanskeleg å kunna fastslå nøyaktig kor stor betydning stortrålararane hadde for Findus. Ut i frå talet på stortrålarar som ser ut til å ha levert fisk til selskapet, ser det likevel ut til at dei var svært viktige. Det gjeld særleg på siste halvdel av 1950-talet, då selskapet sjølv hadde fire trålarar i drift i tillegg til innleigde fartøy.

For Finotro sin del er det først og fremst dei årlege stortingsmeldingane om drifta til selskapet som kan fortelja noko om betydninga av stortrålararane. Sjølv om Finotro skulle basera seg på råstoff frå kystflåten, leverte også stortrålararane fisk her. Frå 1955 stod stortrålararane for nokre tusen tonn kvart år. Det utgjorde nærare 25% av råstoffleveransane til Finotro dette året.⁴⁴⁷ Dei neste åra gjekk andelen tilbake noko, men i 1959 gjorde han eit byks. Då leverte stortrålararane 9 000 tonn, eller over 40 prosent av alt råstoffet til Finotro. I følgje årsmeldinga for selskapet skuldast dette at kystfisket svikta. Også året etter stod trålararane for ein stor del av leveransane til Finotro. Då var truleg også leveransar frå småtrålarar med i talmaterialet, slik at stortrålararane sin andel kanskje var noko mindre. Like fullt vart det levert omlag 9 000 tonn også dette året.⁴⁴⁸ Nærare halvparten av ferskfiskfangstane frå stortrålararane gjekk til Finotro desse to åra. Utover på 1960-talet gjekk leveransane av råstoff frå stortrålararane til Finotro noko ned

⁴⁴³ Jacobsen 1996: 96 og 103

⁴⁴⁴ Lien 1975: 168-169. Lien lista opp ti trålarar som leverte fisk til Findus mellom 1952 og 1956. Tre av desse var stortrålarar. Lien meinte forøvrig at det faktiske talet på trålarar som leverte fisk i perioden truleg var noko høgare.

⁴⁴⁵ Jensen 2010: 214

⁴⁴⁶ Jacobsen 1996: 88

⁴⁴⁷ St. meld. nr. 31 (1958): 4

⁴⁴⁸ St. meld. nr. 16 (1960-61): 1 og 4 og St. meld. nr. 29 (1961-62): 3. Begge desse åra mottok Finotro omlag 22 000 tonn råstoff totalt.

att, men dei låg framleis på fleire tusen tonn årleg.⁴⁴⁹ Såleis er det tydeleg at stortrålarane var viktige for Finotro frå slutten av 1950-talet. Råstoffsituasjonen for fabrikkannlegga til selskapet ville vore svært vanskeleg utan leveransar frå stortrålarane.

I tillegg til at stortrålarane ser ut til å ha levert forholdsvis store mengder råstoff både til Findus og Finotro, var det også av betydning at dei leverte fangstar utanfor sesongfiskeria. Fisket i Finnmark var elles i stor grad basert på vårtorskfisket. Fangstane frå dette fisket var gode på 1950-talet, men dei vart tekne i løpet av nokre få månader kvart år. Fangstoversiktene frå Fiskeridirektoratet viser at stortrålarane var forholdsvis stabile leverandørar av råstoff gjennom heile 1950-talet. Bortsett frå januar og februar, som var svake månader, leverte stortrålarane ganske jamne fangstar gjennom året. Den beste delen av året var likevel våren og sommaren også for stortrålarane. Det ser ein særleg dei åra der fisket var bra utanfor kysten av Aust-Finnmark. Stort sett leverte stortrålarane minst 1 000 tonn kvar måned også på hausten. Noko variasjon var det frå år til år. I 1956 var til dømes desember den månaden det vart landa mest fisk.⁴⁵⁰ For filetindustrien må dette ha vore kjærkomne tilførselar av råstoff. I motsetnad til tradisjonell tilverknad var denne industrien avhengig av å ha kontinuerleg tilgang på råstoff for å halda drifta i gang. Tørrfiskproduksjonen i Finnmark var derimot tilpassa sesongfisket. Ei omlegging til filetproduksjon medførte såleis eit aukande behov for stabile tilførselar av fisk. Men sjølv om stortrålarane bidrog til jamnare råstofftilgang enn kystflåten greidde, ser det ikkje ut til at kvantumet av fisk var stort nok til å kunna halda kontinuerleg drift i alle fabrikkannlegg. I årsmeldinga til Finotro for 1959 kan ein lesa at ingen av fabrikkane til selskapet hadde greidd å ha drifta i gang gjennom heile året.⁴⁵¹ Først og fremst ønskte styret at fangstane måtte fordelast jamnare utover året: "Det ville dog ha vært en stor fordel om forholdene hadde vært slik at havfiskeflåten hadde kunnet drive mer kontinuerlig, slik at tilførselene av råstoff kunne blitt rikeligere, bl.a. i årets første måneder."⁴⁵² Også i 1960 sleit selskapet med mangel på råstoff i periodar.⁴⁵³ Begge desse åra stod altså stortrålarane for omlag 40% av råstoffet. Likevel var ikkje dette tilstrekkeleg til å halda produksjonen i gang gjennom heile året. Det skuldast nok like mykje at fangstane var for låge som at dei var for lite spreidd utover året. Uansett er det klart at det ville vore endå vanskelegare å halda drifta i gang gjennom året utan fangstane frå stortrålarane.

⁴⁴⁹ St. meld. nr. 24 (1964-65): 5 og St. meld. nr. 16 (1966-67): 4.

⁴⁵⁰ "Stortrålernes fiske i 1955". I: *Fiskets Gang* 40/1956: 544, "Stortrålernes fiske i 1959". I: *Fiskets Gang* 45/1960: 632 og "Stortrålernes fiske i 1956". I: *Fiskets Gang* 45/1957: 542.

⁴⁵¹ St. meld. nr. 16 (1960-61): 2

⁴⁵² *ibid.*: 1

⁴⁵³ St. meld. nr. 29 (1961-62): 1

4.7 Konklusjon

I løpet av tiårsperioden frå trålarlova vart vedteken, auka talet på stortrålararkonsesjonar frå 13 til 31. Utviklinga må sjåast i samanheng med utbygginga av frysefiletindustrien i Nord-Noreg og behovet denne hadde for jamne tilførselar av råstoff. Tråldriften og denne industrien hadde blitt kopla saman i forarbeida til lova. Slik vart det også i praksis. Findus i Hammerfest skaffa seg til dømes fire stortrålar og vart etter kvart eit viktig senter for tråldriften. Samstundes var Kristiansund framleis ein viktig trålarby, og nærare halvparten av stortrålarane kom frå Møre og Romsdal. Dette var fylket som hadde best føresetnader for stortrålar drift. I trålutvalet vart dei fleste konsesjonane samrøystes anbefalte, men det var også ein del dissensar. Motstanden frå fiskarlagsrepresentantane var mindre enn ein kunne venta. Samstundes var ein del av stortrålarane eigde av aktive fiskarar, anten åleine eller saman med andre. Store endringar i eigedomsstrukturen var det altså ikkje snakk om. Trålinga gjekk føre seg i store delar av Barentshavet. I løpet av 1950-talet la trålarane om til å levera ferskfisk til frysefiletindustrien. Det var også intensjonen bak trålarlova. Samstundes var ekspansjonen i stortrålarflåten eit ledd i overgangen frå kystfiske til havfiske. Stortrålinga var eit forsøk på å frigjera seg frå det tradisjonelle sesongbaserte fisket til fordel for eit heilårsfiske som gav meir kontinuerlege råstofftilførselar. Utviklinga i retninga av eit heilårsdrive havfiske skaut først verkeleg fart på 1960-talet. Likevel leverte stortrålarane relativt store mengder fisk utanom sesongfiskeria på 1950-talet. Mykje tyder på at desse tilførselane av råstoff vart viktige for frysefiletindustrien, som stadig hadde behov for råstoff. I løpet av 1960-talet kom stortrålarane til å bli endå viktigare.

Kapittel 5: Avslutning

Formålet med denne oppgåva har vore å kartlegga og drøfta utviklinga i trålfisket dei første femten åra etter krigen. Avslutningsvis vil eg presentera dei viktigaste funna som er gjort og på den måten gje eit samla svar på det sentrale spørsmålet i oppgåva: *Kva betydde trålfisket for utviklinga i den norske fiskerinæringa dei første femten åra etter krigen?*

I løpet av perioden 1945 til 1960 skjedde store endringar i trålarflåten og i trålfisket. Før krigen var tråling eit fiske for få fartøy. Ved utgangen av 1950-talet framstod derimot trålfisket som ein integrert del av den norske fiskerinæringa. Denne utviklinga fann altså stad dei første femten åra etter krigen. Oppgåva har vist at det var ein stor auke i talet på trålkonsesjonar i denne perioden. Dette var mogleggjort ved to ting: Først at fiskerimyndigheitene opna for tildeling av mellombelse konsesjonar etter krigen, sidan ved at trålarlova av 1951 opna for ei større utbygging av ein trålarflåte. Det var ikkje alle konsesjonane som faktisk vart nytta. Likevel auka fangstane frå trålarane kraftig, om enn med ein tilbakegang på slutten av 1950-talet. Samstundes viste trålarane tilpassingsevne ved å utvida drifta og finna nye fiskeslag å tråla etter. Både innleiingsvis og undervegs i oppgåva har me sett at motstanden mot ei utvida tråldrifft var stor blant fiskarane sine eigne organisasjonar. Det var særleg tilfelle på 1930-talet, men også etter krigen var motstanden absolutt til stades, sjølv om han var noko mindre enn tidlegare. På bakgrunn av denne motstanden synest det merkeleg at den norske trålarflåten trass alt vart så stor mellom 1945 og 1960.

Svaret ligg i korleis trålfisket fekk innpass i den norske den fiskerinæringa. Det skjedde ein markert utbygging av trålarflåten i perioden, men utbygginga skjedde på heimlege premisser. Ei utvikling som i England, der trålfisket vart ei reiarbasert bynæring, var det aldri snakk om i Noreg. Det desentraliserte busetnadsmønsteret i landet spelte truleg inn her. Det var få naturlege senter for trålarar, og fiskeflåten spegla busetnadsmønsteret. Berre i to norske byar vart det oppbygd eit visst miljø med stortrålarar, nemleg i Kristiansund og i Hammerfest. Desse fartøya var stort sett eigde av fiskeindustrien, anten åleine eller saman med fiskarar. Men stortrålarane utgjorde berre ein liten del av trålarflåten. Det store fleirtalet av konsesjonane tilhørte småtrålarar. Desse har vore svært lite omtalte i forskingslitteraturen tidlegare. Gjennom kartlegginga av konsesjonane har eg vist at småtrålarane stort sett var spreidde ut over heile landet. Rett nok var konsentrasjonen av småtrålarar høgare i nokre område enn andre, noko som skuldast at føresetnadene for tråldrifft var betre her. Strukturen i

trålarflåten var såleis i høgste grad desentralisert og ein kan hevda at trålfisket for det meste var ei distriktsnæring. Småtrålarane var i all hovudsak eigde av aktive fiskarar.

For ein stor del inngjekk trålfisket i fiskeri som allereie eksisterte. Det beste eksempelet er vårtorskefisket i Finnmark, der småtrålarane stod for store delar av fangstane. Det var altså snakk om ein ny fangstteknologi som fekk innpass i eit fiske der forholda låg til rette for det. I så måte var fiskarane pragmatiske, ved at dei tok i bruk trål der dei såg at denne reiskapen kunne gje gode fangstar. At ny teknologi fekk innpass i fiskerinæringa var ikkje noko nytt. Snurpenota, som var dominerande i vintersildfisket, vart ikkje teken i bruk før på byrjinga av 1900-talet, og det var først etter krigen denne reiskapstypen vart dominant. På same vis hadde linefisket fått innpass i næringa på 1700- og 1800-talet. Overgangen frå segl til motordrivne fartøy tidleg på 1900-talet og innføringa av ekkoloddet er også døme på ny teknologi fiskarane hadde teke i bruk. Den aukande bruken av trål var dermed ein del av ein tradisjon der fiskarane stadig søkte å modernisera seg og å optimalisera fangstteknikkane. Samstundes heldt dei fram med å nytta andre reiskapar der desse passa betre enn trålnota. Såleis vart trålinga i stor grad drive som ein del av eit kombinasjonsfiske, der ein bytta reiskap fleire gonger i løpet av året. Stortrålarane dreiv i større grad trålfiske året rundt, men oppgåva har vist at også ein del av desse var kombinasjonsfartøy og vart brukt også til anna fiske eller til selfangst. Slik kan ein seia at det var sjølve trålteknologien som fekk innpass i næringa. Trålfiskestrukturen, slik han var kjend frå Storbritannia, fekk derimot ikkje gjennomslag i Noreg.

Forskingsslitteraturen har hatt fokus på motstanden mot å utvida trålfisket, og det har kome fram at mykje av kritikken mot eit utviding gjekk ut på at utanforståande kapital kom til å få innpass i næringa og fortrenga fiskarane som sjølveigarar. Ein var redd for at trålfisket ville føra til endringar i strukturen i næringa. Fiskarane kom til å bli lønnslavar på sjø og land, meinte Jens Steffensen.⁴⁵⁴ Oppgåva mi har vist tydeleg at dette ikkje vart tilfelle. Utvidinga av trålarflåten bidrog ikkje til at eigedomsstrukturen vart undergraven. Rett nok vart ein del stortrålarar eigde av fiskeindustrien, men ofte skjedde dette i samarbeid med aktive fiskarar. Talet på stortrålarar var heller ikkje høgt. Samstundes var utbygginga av stortrålarflåten under streng politisk kontroll. Handsaminga av søknadene i trålutvalet og regjeringa som tildelar av konsesjonar verka som styringsmekanismer. Samstundes vart søknadene grundig fagleg vurdert av Fiskeridirektoratet. Målet om at fiskarane sjølve skulle eiga båt og bruk stod fast,

⁴⁵⁴ Nordgård 1977: 9

sjølv om kapital utanfrå fekk innpass i enkelte tilfelle. Trålarlova av 1951 medførte såleis ikkje noko frislepp. Dette bidrog til å bevare strukturen i næringa. Småtrålarlovsesjonane var under mindre politisk kontroll. Her ser det ut til at det berre var formalitetar som skulle til for å få konsesjon. Men fartøya som var små nok til å bli kategoriserte som småtrålarar utgjorde kjernen av den norske fiskeflåten, og dei var i all hovudsak eigde av aktive fiskarar. Når ein del av desse tok i bruk trålteknologien hadde det såleis ikkje innverknad på strukturen i næringa. Det dreidde seg i staden, som nemnt over, berre om ei innpassing av ein ny fangstmetode i enkelte fiskeri, utan at dette medførte strukturendringar. I det store og heile stod fiskarane framleis som eigarar av båt og bruk.

På visse område bidrog likevel trålarane til å endra fiskerinæringa i perioden. Etter krigen føregjekk det ei modernisering av fiskerinæringa, både i fangstleddet og i foredlingsindustrien. Fisket var meir mekanisert og nye hjelpemiddel vart tekne i bruk. På land var utbygginga av den nye filetindustrien i Nord-Noreg den viktigaste endringa. Noko av bakgrunnen for trålarlova av 1951 var behovet for å skaffa nok råstoff til denne industrien. Etterkvart leverte trålarane mykje av fangstane hit og ein del av dette vart levert utanfor dei tradisjonelle sesongfiskeria. På den måten var trålarane med å sikra driftsgrunnlaget for filetindustrien i oppstartsfasen. Det var likevel først på 1960-talet leveransane av råstoff frå trålarane verkeleg greip om seg. Det skjedde etter at trålfisket vart noko omlagt. Dei første hekktrålarane kom i bruk og viste seg å vera mykje meir effektive enn sidetrålarane. Samstundes fekk også fabrikktrålarane innpass i fisket. Desse utvida fangstområda for trålarane heilt til New Foundland og Labrador. Utvidinga av trålfisket kan òg sjåast på som eit ledd i utviklinga av eit norsk havfiske. Også dette var ei utvikling som først og fremst skaut fart på 1960-talet. I oppgåva har eg vist at trålarane også i perioden 1945 til 1960 dreiv havfiske. Både småtrålarane og stortrålarane fiska i Barentshavet, og også sildetrålinga i Nordsjøen var i høgste grad eit havfiske. Sjølv om ikkje fangstane frå trålinga i Nordsjøen vart så store, var dette fisket likevel med på å leggja grunnlaget for ein vidare ekspansjon i Nordsjøfisket, særleg etter at vintersildfisket svikta. Såleis kan ein seia at trålarane spelte ein viktig rolle i utviklinga av ei fiskerinæring der fangstane i større grad vart tekne i fjerne farvatn. Ein kan heller ikkje sjå vekk i frå dei samla fangstmengdene trålarane leverte. Etterkvart vart desse forholdsviss store, og må ha vore kjærkomne også for anna foredlingsindustri enn filetindustrien.

Fram til 1960 var likevel kystfisket grunnmuren i fiskerinæringa. Mesteparten av dei norske

fangstane vart tekne i kystnære farvatn med små fartøy. Det kan også vera med på å forklara kvifor trålfisket utvikla seg slik det gjorde. Ekspansjonen i trålfisket i andre land, til dømes Storbritannia, var driven av mangel på rike fiskeressursar i nære farvatn. I Noreg er det derimot svært gode fiskemoglegheiter nær kysten. Det gav dei norske fiskarane ein unik posisjon i Europa og gjorde at det ikkje var nødvendig med ei drastisk omlegging til trålfiske. I tillegg til dei årlege innsiga av torsk og sild fanst det også store bestandar av andre fiskeslag langs kysten. Samstundes var trålfisket betinga av botnforholda i sjøen. Utanfor norskekysten var ein god del av havbotnen ueigna til trålfiske. At trålfisket først og fremst var drive i Nordsjøen, Barentshavet og utanfor kysten av Aust-Finnmark, var såleis naturleg, for der var havbotnen godt eigna til tråling.

Tidlegare forskingslitteratur har stort sett fokusert på trållovgevinga og debatten rundt denne. Samanlikna med dette, har oppgåva mi bidrege til å kasta lys over ein del av norsk fiskerihistorie som det tidlegare har vore skrive lite om. Det gjeld både kartlegginga av trålarflåten og kva fiske trålarane dreiv. Mykje av dette har ikkje vore kjent tidlegare. Særleg gjeld det småtrålarane og dei ulike formene for trålfiske desse fartøya dreiv. Samstundes har oppgåva vist at fleire av stortrålarane var eigde av aktive fiskarar. Dei kanskje viktigaste funna er likevel korleis trålfisket fekk innpass i norsk fiskerinæring. Oppgåva har tydeleg vist at det var dei heimlege premissane som sette rammene for utviklinga av trålfisket i Noreg mellom 1945 og 1960. Det gjeld den politiske kontrollen med tildelinga av konsesjonar, særleg for stortrålarane, som motstanden hadde dreidd seg om i debatten om trålarlovene. Det gjeld òg det desentraliserte busetnadsmønsteret langs kysten, som ikkje innbaud til å samla trålarane i større senter. Fiskeflåten spegla samstundes busetnadsmønsteret og var spreidd langs kysten. For det tredje gjeld det dei tradisjonelle strukturane i næringa. Den norske fiskerinæringa var i hovudsak basert på sesongfiskeri i kystnære farvatn med små fartøy. Fiskarane viste likevel vilje til å ta i bruk trålteknologien med desse fartøya der han viste seg å vera effektiv og der botnforholda la til rette for tråling. Dette skjedde stort sett innanfor rammene av allereie eksisterande fiskeri. Trålinga vart dermed også i stor grad drive som sesongfiske. Trålfisket fekk altså innpass i den norske fiskerinæringa ved at det i stor grad tilpassa seg strukturane i næringa, ikkje ved å endra dei, slik tilfellet hadde vore i Storbritannia.

Litteraturliste:

Borgstrøm, Georg. 1968. *Revolusjon i verdens fiskerier*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

Breivik, Michael. 1996. *Fra færing til fabrikkskip. Fisker og reder Michael Breivik forteller*. Ålesund, Norske Fabrikkships Forening.

Christensen, Pål. 1991. "'En havenes forpester – et kjempestinkdyr". Om trålspørsmålet i Norge før 2.verdenskrig." I: *Historisk tidsskrift*. 4/1991: 622-635. Oslo, Universitetsforlaget.

Christensen, Pål. 2003. "Reidar Carlsen. Norges første fiskeriminister." I: Tande, Thorvald jr. red. *Uriaspost ved kongens bord. Norske fiskeriministre 1946-2004*: 21-28. Oslo, Norsk Fiskerinæring A/S.

Dannevig, Hartwig W. og Eynden, Jo van der. 1986. *Skagerrak. Fiskerens historie*. Oslo, Gyldendal Norsk Forlag.

Døssland, Atle og Løseth, Arnljot. 2006. *Havfiskeflåten i Møre og Romsdal og Trøndelag 1860-1960. Mot fjernare farvatn*. Trondheim, Tapir akademisk forlag.

Finnmark Fiskarlag. 1978. *Finnmark Fiskarlag 1928-1978*. Harstad, Finnmark Fiskarlag.

Finstad, Bjørn-Petter. 2005. *Finotro. Statseid fiskeindustri i Finnmark og Nord-Troms - fra plan til avvikling*. Doktoravhandling, Universitetet i Tromsø.

Hallenstvedt, Abraham og Christensen, Pål. 2005. *I kamp om havets verdier. Norges Fiskarlags historie*. Trondheim, Norges Fiskarlag.

Hallenstvedt, Abraham og Dynna, Bjørn. 1976. *Fra skårunge til hovedsmann. Med Norges Fiskarlag gjennom 50 år*. Trondheim, Norges Fiskarlag.

Hamre, Harald. 1996. *Okka by. Egersund 1880-1965*. Egersund, Eigersund kommune.

Hylen, Arvid, Nakken, Odd og Nedreaas, Kjell. 2008. "Northeast Arctic Cod: fisheries, life history, stock fluctuations and management." I: Nakken, Odd. red. *Norwegian Spring-Spawning Herring & Northeast Arctic Cod. 100 Years of Research and Management*. Trondheim, Tapir Academic Press: 83-118.

Iversen, Thor. 1937. "Trålfiskets historie." I: *Årsberetning vedkommende Norges Fiskerier 1937 – Nr. 3*. Bergen, Fiskeridirektøren.

Jacobsen, Alf. R. 1996. *Fra brent jord til Klondyke. Historien om Findus i Hammerfest og norsk fiskeripolitikkens elendighet*. Oslo, Universitetsforlaget.

Jensen, Anders J. 2010. *Kampen om ressursene. Norsk trålfiske gjennom 80 år*. Kristiansund, Stiftelsen Maritim Historie, Nordmøre.

Johansen, Johan. 1972. *Trålfiske og trålerdebatt i 1930-årene*. Hovedoppgåve i historie, Trondheim.

Johansen, Karl Egil. 1982. *Fiskarsoga for Sogn og Fjordane 1860-1980*. Bergen, Universitetsforlaget.

Kolle, Nils. 2012. "Sildefiskeriene." Upublisert manuskript. Kapittel i *Norges fiskeri- og kysthistorie*, band 3.

Kolle, Nils. 2014a. "Strid om veivalg", "Torskefiskeriene utvides", "Fiskeindustrien bygges ut". Upublisert manuskript. Kapittel 14, 15 og 17 i *Norges fiskeri- og kysthistorie*, band 3: 393-415, 417-452 og 493-525. (sidetala gjeld første korrektur.)

Kolle, Nils. 2014b. "Ressurser under press." Upublisert manuskript. Kapittel 19 i *Norges fiskeri- og kysthistorie*, band 3.

Kristiansen, Eivind H. 2000. *Fra fembøring til stortråler. Fiske, fangst og forlis. Menn og skuter*. Alta, Eivind H. Kristiansen.

- Lien, Børre. 1975. *Findus og norsk fiskeripolitikk 1943-1956*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Tromsø.
- Nordgård, Johan. 1977. *Jens Steffensen i norsk fiskeripolitikk etter 1945 med hovedvekt på hans rolle i trålfiske- og notfiskestriden*. Hovedoppgåve i historie, Universitetet i Trondheim.
- Nordstrand, Leiv. 2000. *Fiskeridirektøren melder. Fiskeridirektoratet 1900-1975*. Bergen, Fiskeridirektoratet.
- Robinson, Robb. 1996. *Trawling. The Rise and Fall of the British Trawl Fishery*. Exeter, University of Exeter Press.
- Sagdahl, Bjørn. 1973. *Trålpolitikk og interessekamp. En studie over norsk trålpolitikk 1930-1951*. Hovedoppgåve i statsvitenskap, Universitetet i Oslo.
- Sagdahl, Bjørn. 1980. *Trålere og eiendomsrett. (I) Eiendomsrettsspørsmålet, lovgivning og gjennomføring i tidsrommet 1950-61*. Nordland Distriktshøgskole. Rapport i prosjektet "Teknologi, interesse og politikk".
- Slagstad, Rune. 1998. *De nasjonale strateger*. Oslo, Pax Forlag A/S.
- Svihus, Årstein. 2014. "Silde-Norge og Torske-Norge". Upublisert manuskript. Kapittel 12 i *Norges fiskeri- og kysthistorie*, band 3 [utdrag]: 338-345. (sidetala gjeld første korrektur). Kapitlet er skrive saman med Hovland, Edgar og Haaland, Anders.
- Vollan, Odd. 1956. *Den norske klippfiskhandels historie*. Førde, Øens Forlag.

Kjeldeliste:

Lover:

Trålarlova (1925) *Lov om forbud mot fiske med bunnslepenot (trål), datert 22.mai 1925.*

Trålarlova (1936) *Midlertidig lov av 16.juli 1936 om fiske med bunnslepenot (trål).*

Trålarlova (1939) *Lov av 17.mars 1939 om fiske med bunnslepenot (trål).*

Trålarlova (1951) *Lov av 20.april 1951 om fiske med trål.*

Eigedomslova (1950) *Midlertidig lov av 30.juni 1950 om eiendomsrett til fiskefartøyer m. v.*

Eigedomslova (1956) *Mellombels lov av 29. juni 1956 om eigedomsretten til fiske- og fangstfarkostar.*

Stortingsforhandlingar:

Fiskeridepartementet (1950) *Om lov om fiske med trål.* Ot. prp. nr. 25. (1950). Oslo,

Fiskeridepartementet.

Sjøfarts- og fiskerikomiteen (1951) *Innstilling fra sjøfarts- og fiskerikomiteen om lov om fiske med trål.* Innst. O. I. (1951).

St. meld. nr. 75 (1953) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i årene 1951 og 1952."

St. meld. nr. 105 (1954) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1953."

St. meld. nr. 92 (1955) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1954."

St. meld. nr. 15 (1957) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1955."

St. meld. nr. 17 (1958) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1956."

St. meld. nr. 7 (1959) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1957."

St. meld. nr. 57 (1959-60) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1958."

St. meld. nr. 35 (1960-61) "Tillatelse til å drive fiske med trål m.v. i året 1959."

